



POLITIHØGSKOLEN

**TERRORISME OG POLITISK VALD I
NOREG: SEKS HENDINGAR I LYS AV
TO TERRORISMEDEFINISJONAR**



Øystein Nordstrand

MASTER I POLITIVITENSKAP 2011

Innhold

1	Samandrag.....	6
1.1	Problemstilling og tema for masteroppgåva.....	6
1.2	Forskingsmetode og forskingsetikk.....	6
1.3	Litteraturgjennomgang og diskusjon om definisjonsproblematikken kring samfunnsfenomena terrorisme og politisk vald.....	7
1.4	Omgrepsforståinga av samfunnsfenomenet terrorisme i kapittel 18 i straffelova av 2005, og faktorar som har påverka lovgjevinga.....	7
1.5	Seks hendingar som kan tolkast som politisk vald, eller som liknar politisk vald.....	7
1.6	Konklusjon og funn.....	8
2	Innleiing.....	9
2.1	Problemstilling og tema for studien.....	9
2.2	Avgrensing.....	10
2.3	Litteratur i samband med studien.....	10
2.4	Utforming og opplegg.....	11
2.5	Oversikt over kapitla.....	11
3	Forskingsmetode og forskingsetikk.....	13
3.1	Forskingsmetode.....	13
3.2	Forskingdesign.....	14
3.3	Val av analyseeiningar.....	15
3.4	Datainnsamling.....	16
3.5	Kjelder.....	17
3.5.1	Offisielle kjelder.....	18
3.5.2	Mediekjelder.....	19
3.5.3	Faglitteratur.....	20
3.5.4	Informantintervju.....	20
3.5.5	Andre kjelder.....	21
3.3	Forskingsetikk.....	22
3.3.1	Konsekvensar av å vere med i eit forskingsprosjekt.....	23
3.3.2	Rollekonflikt som forskar og polititenestemann.....	24
3.4	Bakgrunnen til oppgåveskrivaren.....	24
3.5	Oppsummering.....	25
4	Litteraturgjennomgang sett i samanheng med omgrepsfesting av terrorisme og politisk vald.....	27
4.1	Diskusjon kring litteratur om politisk vald.....	27
4.2	Litteratur om forskingmetode og forskingsetikk.....	30
4.3	Generelt om omgrepsforståing.....	30
4.4	Definisjonsproblematikk.....	32

4.5	Fenomenet vald	33
4.6	Omgrepet politisk vald	34
4.7	Terrorisme som gråsonefenomen – ein tankemodell om samfunnsfenomenet terrorisme	36
4.8	Meir om omgrepet terrorisme	38
4.9	Kommunikasjonselementet i omgrepsforståinga av terrorisme	39
4.10	Elementet frykt i omgrepsforståinga av terrorisme	41
4.11	Graden av legitimitet – ein skilnad mellom terrorisme og politisk vald	42
4.12	Oppsummering	42
5	Omgrepsforståinga av fenomenet terrorisme i kapittel 18 i straffelova av 2005, og faktorar som har påverka utforminga av lova	44
5.1	Revisjon av straffelova av 1902	45
5.2	Om å tolke lovføresegner	46
5.3	Internasjonale føringar og ynske om eit breiare internasjonalt samarbeid.....	47
5.3.1	EU's rammevedtak av 13. juni 2002 om bekjemping av terrorisme	49
5.3.2	FNs tryggingråds resolusjon 1373 av 28. september 2001	50
5.3.3	FN-konvensjonen av 9. desember 1999 om bekjemping av finansiering av terrorisme	50
5.3.4	Slutt på den nasjonale råderetten over straffelovgjevinga?	51
5.4	Gjeldande straffelovparagrafar om terror, §§ 147a–c i straffelova av 1902	51
5.5	Om terrorisme i straffelova av 1902 – terrorhandling.....	52
5.5.1	Straffelova § 147a første ledd bokstav a	54
5.5.2	Straffelova § 147a første ledd bokstav b	55
5.5.3	Straffelova § 147a første ledd bokstav c	56
5.6	Kapittel 18 i straffelova av 2005 og ny lovgjeving for bekjemping av terrorisme ..	57
5.7	Viktige skilnader mellom § 147a i straffelova av 1902 og § 131 i straffelova av 2005	58
5.7.1	Terrorrelaterte handlingar	59
5.7.2	Terrorforsett og terrorhensikt	59
5.7.3	Passiv transformasjon og spesialiserte straffeparagrafar – ein del av internasjonal tilpassing i kapittel 18 i straffelova av 2005	61
5.8	Deltaking i terrorgrupper, ulovlege demonstrasjonar og sivil ulydnad.....	62
5.9	Oppsummering	62
6	Nokre hendingar med politisk vald i Noreg i tidsrommet 1998–2011	64
6.1	Sprengladningen mot lokalet til MC-klubben Bandidos i Drammen i 1997.....	65
6.1.1	Sprengladningen mot Bandidos-hovudkvarteret	66
6.1.2	Bindeledd mellom terrorisme og politisk vald på den eine sida og organisert kriminell verksemd på den andre sida	66
6.1.3	Organisert kriminalitet og kriminelle motorsykkelmiljø	67

6.1.4	Var Bandidos-sprenginga ei terrorhandling etter omgrepsforståinga hos Bjørgo og Heradstveit?	68
6.1.5	Politisk handling	69
6.1.6	Ville handlinga kunne reknast som ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005?	71
6.1.7	Oppsummering	71
6.2	Brannen hos pelsdyrfôrprodusenten Jakob Tveit AS i Treungen i 2003	71
6.2.1	Brannen ved pelsdyrfôrkjøkkenet til Jakob Tveit AS	72
6.2.2	Dyrenes FrigjøringsFront	73
6.2.3	Etterforskinga av brannen	73
6.2.4	Var brannen ei terrorhandling etter Bjørgo og Heradstveits definisjon av terrorisme?	74
6.2.5	Var brannen ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005?	76
6.2.6	Var brannen ei form for politisk vald?	76
6.2.7	Oppsummering	76
6.3	Påtenning av ein einebustad i Mathopen i 1997	77
6.3.1	Brannen i einebustaden i Mathopen	77
6.3.2	Kan brannen reknast som ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005?	79
6.3.3	Var brannstiftinga i Mathopen ei terrorhandling etter omgrepsforståinga av terrorisme hos Bjørgo og Heradstveit?	80
6.3.4	Var brannen i Mathopen ei form for politisk vald?	81
6.3.5	Oppsummering	82
6.4	Kapringa av eit Kato Airline-fly i 2004	82
6.4.1	Flykapringar retta mot norsk luftfart	82
6.4.2	Kato Airline-kapringa	84
6.4.3	Kvifor vart det ikkje teke ut tiltale mot Bouteraa etter § 147a i straffelova av 1902?	85
6.4.4	Ville handlinga vorte ramma av lovføresegner i kapittel 18 i straffelova av 2005?	87
6.4.5	Flykapringa vurdert ut frå Bjørgo og Heradstveits definisjon av terrorisme	88
6.4.6	Oppsummering	89
6.5	Skota mot forlagsdirektør William Nygaard i 1993	90
6.5.1	Skota mot William Nygaard	90
6.5.2	Nokre viktige moment frå politietterforskinga av saka	91
6.5.3	Diskusjon om i kva grad hendinga kjem inn under definisjonen til Bjørgo og Heradstveit	92
6.5.4	Rushdie-saka	93
6.5.5	Ville drapsforsøket vorte omfatta av kapittel 18 i straffelova av 2005?	95

6.5.6	Oppsummering	96
6.6	Eksplosjonen i regjeringskvartalet og massakren på Utøya 22.07.2011	97
6.6.1	Eksplosjonen i regjeringskvartalet og massakren på Utøya.....	97
6.6.2	Var eksplosjonen og massakren terrorhandlingar etter omgrepsforståinga hos Bjørge og Heradstveit?.....	97
6.6.3	Bodskap med ein politisk dimensjon	98
6.6.4	Var eksplosjonen i regjeringskvartalet og massakren på Utøya terrorhandlingar etter kapittel 18 i straffelova av 2005?	99
6.6.5	Var Breivik tilrekneleg?	101
6.6.6	Oppsummering	101
7	Diskusjon og funn	103
7.1	Inga eintydig omgrepsforståing av terrorisme og politisk vald.....	103
7.2	Terrorisme er eit gråsonefenomen. Ein komparativ diskusjon av seks hendingar i lys av ein tankemodell om fenomenet terrorisme	103
7.3	Uklare omgrep i kapittel 18 i straffelova av 2005 om terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar	106
7.4	Innføringa av kapittel 18 i straffelova av 2005 i norsk strafferett er grunna i internasjonale føringar og ynske om eit tettare internasjonalt samarbeid også i lovverket.....	107
7.5	Kapittel 18 i straffelova av 2005 er ikkje fullt ut harmonisert med EUs rammevedtak av 13. juni 2002 om definisjonen av terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar	108
7.6	Det er funne få reine terrorhendingar ut frå rammene som problemstillinga set ...	108
7.7	Forslag til undersøkingar	109
7.8	Bruk og tolking av kapittel 18 i straffelova av 2005 i framtida	110
	Litteraturliste	112

1 Samandrag

Tittel på oppgåva: Terrorisme og politisk vald i Noreg: seks hendingar i lys av to terrorismedefinisjonar

Oppgåveskrivar: Øystein Nordstrand

Hovudrettleiar: Tore Bjørgo

Birettleiar: Maren Eline Kleiven

Årstal: 2011

Masteroppgåva vart vurdert i november 2011, og ho ligg no føre med nokre justeringar.

1.1 Problemstilling og tema for masteroppgåva

Studien tek for seg terrorisme og politisk vald i Noreg i tidsrommet 1988 til 2011.

Hovudtemaet er problematikken kring omgrepsforståinga av terrorisme og politisk vald, både i straffelova av 2005 og i forskingslitteratur kring desse samfunnsfenomena, særleg definisjonen av terrorisme til Tore Bjørgo og Daniel Heradstveit (1993, s. 30). Definisjonen i straffelova er ein juridisk definisjon, medan den andre er ein samfunnsvitskapeleg definisjon. Samfunnsfenomenet terrorisme blir diskutert som eit gråsonefenomen med ulike sektorar av former for politisk vald. Det er valt ut seks hendingar der ein drøftar i kva grad dei fell inn under terrorismedefinisjonen i straffelova av 2005 og definisjonen til Bjørgo og Heradstveit. Dette illustrerer at hendingane kan forståast ulikt når dei blir tolka i lys av ei juridisk forståing og ei samfunnsvitskapeleg forståing av samfunnsfenomenet terrorisme. Ein diskuterer også om hendingane som ikkje blir rekna som terrorisme, kjem inn under det breiare omgrepet politisk vald.

Eit forskingsspørsmål er korleis fenomenet terrorisme blir tolka i kapittel 18 i straffelova av 2005, som gjeld terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar. Det blir også peika på nokre faktorar som har vore med og påverka utforminga av definisjonen i straffelova av 2005.

1.2 Forskingsmetode og forskningsetikk

Det er nytta kvalitativ metode i forskingsprosessen i studien. Tolkinga av data har vore viktig under arbeidet.

1.3 Litteraturgjennomgang og diskusjon om definisjonsproblematikken kring samfunnsfenomena terrorisme og politisk vald

I kapittel 4 blir det vist til noko av den viktigaste litteraturen som studien er tufta på. Viktig litteratur har vore Tore Bjørge og Daniel Heradstveits NUPI-arbeidsnotat (1988) og masteroppgåva til John Cristian Vedal (2009).

Ein har teke for seg definisjonsproblematikken rundt samfunnsfenomena terrorisme og politisk vald. Definisjonen til Bjørge og Heradstveit (1993, s. 30) er ei av tolkingsrammene som blir brukt for å illustrere problematikken. Ei anna tolkingsramme er definisjonen av terrorhandling i kapittel 18 i straffelova av 2005.

1.4 Omgrepsforståinga av samfunnsfenomenet terrorisme i kapittel 18 i straffelova av 2005, og faktorar som har påverka lovgjevinga

I straffelova av 2005 er det berre kapittel 16 som gjeld enno. Resten av lova vil truleg bli innført i norsk strafferett seinast i 2015. Grunnen til at kapittel 18 om terrorhendingar og terrorrelaterte hendingar er vedteke, er at Noreg ynskjer eit tettare internasjonalt samarbeid på dette feltet i strafferetten.

Definisjonen av terrorhandling i straffelova av 1902 § 147a er nesten samanfallande med den i straffelova av 2005 § 131. Hovudskilnaden er at det blir stilt høgare krav til subjektiv skuld i lova av 2005, i og med at skuldkravet er terrorhensikt. I lova av 1902 er skuldkravet terrorforsett, ei mindre kvalifisert form for skuld.

1.5 Seks hendingar som kan tolkast som politisk vald, eller som liknar politisk vald

I diskusjonen kring definisjonar og tolkingsrammer av terrorisme og politisk vald er det valt ut seks hendingar som har skjedd i Noreg, og som har eit politisk valdspreg, for å illustrere gråsonene og definisjonsproblematikken når det gjeld terrorisme og politisk vald. Utvalet tek ikkje mål av seg til å vere representativt for den politiske valden i Noreg i den tidsperioden som studien spenner over, men viser litt av mangfaldet og at politisk vald kan ha ulike former.

Hendingane er omtala og diskuterte i lys av forklaringar av den sosiale verkelegheita som Tore Bjørge og Daniel Heradstveit (1993, s. 30) har nytta i sin definisjon av terrorisme, og definisjonen av terrorhandling i kapittel 18 i straffelova av 2005. Studien inneheld forslag

til måtar å tolke hendingane på etter desse to definisjonane. Det blir vurdert om hendingane passar inn i ei tolkingsramme for fenomenet politisk vald.

Dei seks hendingane er:

- Sprengladningen mot Bandidos-hovudkvarteret i 1997
- Brannen ved pelsdyrfôrprodusenten Jakob Tveit AS i 2003
- Brannen i ein einebustad i Mathopen i 1997
- Kapringa av eit Kato Airline-fly i 2004
- Skota mot forlagsdirektør William Nygaard i 1993
- Eksplosjonen i regjeringskvartalet og massakren på Utøya 22.07.2011

1.6 Konklusjon og funn

Terrorisme og politisk vald er gråsonefenomen. Difor finst det svært mange definisjonar av fenomenet terrorisme mellom forskarar. Vanskane med å finne ei god omgrepsforståing viser seg også i kapittel 18 i straffelova av 2005, som gjeld terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar. Motivet for å innføre kapittel 18 er at Noreg ynskjer eit tettare internasjonal samarbeid i kampen mot terrorisme. Omgrepsforståingar er farga av referanserammene til den som definerer, og motivet for å definere. Kapittel 18 er eit forsøk på å kome fram til ein meir lik felles definisjon på det internasjonale planet, særleg innanfor EU.

Definisjonen av terrorhandling i straffelova av 2005 § 131 gjev rom for mange alternative tolkingar av korleis ein skal forstå ei slik handling. Lovforarbeida er heller ikkje til stor hjelp når ein prøver å finne ein klar definisjon av dette omgrepet. Lite rettspraksis i bruk av straffelova av 1902 §§ 147a–c gjer at ein har lite referansar frå tidlegare tolking å støtte seg til når det gjeld omgrepet terrorhandling.

Politisk vald er eit vidare omgrep enn terrorisme, slik det blir tolka i denne studien. Noreg har hatt svært få reine terrorhandlingar i den perioden som temaet spenner over. Det store fleirtalet av hendingar kan tolkast som andre former for politisk vald ut frå avgrensingane i problemstillinga i studien.

2 Innleiing

2.1 Problemstilling og tema for studien

Studien tek for seg samfunnsfenomena terrorisme og politisk vald i Noreg i tidsrommet 1988 til 2011, sett i lys av definisjonen av terrorisme til Tore Bjørge og Daniel Heradstveit (1993, s. 30) og definisjonen av terrorhandling i kapittel 18 i straffelova av 2005. Studien byggjer til dels på eit arbeidsnotat i to delar, som Daniel Heradstveit og Tore Bjørge gav ut i 1988 i regi av NUPI: *Politisk vald og terrorisme i Norge*. Den eine delen er ein diskusjon rundt terrorisme som politisk strategi. Denne delen vart seinare utvida til boka *Politisk terrorisme*, som forfattarane gav ut i 1993. Den andre delen er ei oversikt over hendingar som er knytt til terrorisme og politisk vald i Noreg fram til 1988. Denne masteroppgåva er ikkje ei rein vidareføring av arbeidsnotatet, men femner som arbeidsnotatet frå 1988 nokså breitt i diskusjonen om ulike former for politisk vald. Arbeidsnotatet og boka har vore utgangspunkt for mykje av omgrepdiskusjonen av terrorisme og politisk vald i studien.

Hovudtemaet i studien er problematikken kring omgrepsforståinga av terrorisme og politisk vald – både i straffelova av 2005 og i forskingslitteratur om desse samfunnsfenomena. Det blir peika på at tolkingsrammene er sosiale konstruksjonar, og at omgrepsforståinga av terrorisme kan ha eit anna føremål for ein dommar enn for ein samfunnsvitar. Tore Bjørge beskriv terrorisme som eit gråsonefenomen med ein kolsvart kjerne der forskarane stort sett er samde om innhaldet. Der fenomenet tonar ut i grått, er det sterk usemje om avgrensingane. I denne studien blir samfunnsfenomenet politisk vald tolka slik at det femner vidare enn terrorisme. Også for politisk vald er det uklare grenser mot andre samfunnsfenomen.

I samband med diskusjonen kring definisjonar og tolkingsrammer for terrorisme og politisk vald blir det trekt fram fleire hendingar som har skjedd i Noreg, og som i studien er tolka som politisk vald eller som eit fenomen som minner om det. Seks av hendingane er omtala og diskuterte i lys av definisjonen av terrorisme til Bjørge og Heradstveit (1993, s. 30) og definisjonen av terrorhandling i kapittel 18 i straffelova av 2005. For nokre av hendingane blir det også vurdert om dei passar inn i ei tolkingsramme for fenomenet politisk vald.

I studien er det diskutert korleis fenomenet terrorisme er tolka i kapittel 18 i straffelova av 2005, som gjeld terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar. Dette kapittelet har ikkje teke til å gjelde enno, og mykje tyder på at det ikkje vil bli innført i norsk strafferett

før tidlegast i 2015, om ikkje internasjonale avtalar set krav om ei framskoten iverksetjing.¹ Nokre av hovudfaktorane som har påverka definisjonen av terrorisme i kapittel 18, er også omtala.

2.2 Avgrensing

Studien avgrensar seg til tidsperioden 1988–2011. Den geografiske avgrensinga er Fastlands-Noreg og det tilstøytande sjøterritoriet. Studien er ugradert og nyttar opplysningar frå opne kjelder.

Politisk vald eller politisk motivert vald er som nemnt eit vidare fenomen enn terrorisme, slik det er tolka i studien. På grunnlag av søk i mediekjelder verkar det som om omgrepet politisk vald er langt mindre brukt enn omgrepet terrorisme. Det er ein av grunnane til at det er fokusert relativt mykje på dette fenomenet i studien, og ikkje berre på rein terrorisme.

Dei seks hendingane som det er gjort greie for og diskutert i kapittel 6, illustrerer litt av mangfaldet i det som kan tolkast som politisk vald. Utvalet viser noko av den politiske valden som ein under arbeidet med studien har funne i Noreg i tidsperioden 1988–2011. Det må understrekast at utvalet ikkje tek mål av seg til å vere representativt for den politiske valden her i landet, med dei avgrensingane problemstillinga set – i den grad dei kan tolkast som politisk vald.

Sjølv om mange former for politisk vald har eit internasjonalt preg, er dette samfunnsfenomenet farga av lokale forhold i Noreg. Dette gjer at ein i studien har sett mykje til norsk forskning på norske former for politisk vald. Terrorisme og politisk vald som samfunnsfenomen speglar samfunnet dei har oppstått i og verkar i. Difor er det nyttig å studere norske hendingar i referanserammene til Bjørgo og Heradstveit og kapittel 18 i straffelova av 2005. Men samtidig må ein sjå utover landegrensene for å kunne tolke mange av valdsfenomena.

2.3 Litteratur i samband med studien

Studien byggjer på litteratur som handlar om fenomenet terrorisme og politisk vald. Det er lagt mykje vekt på å finne forskning kring vald og personar som i ulik grad har vore inspirerte av ei form for høgreekstrem ideologi. Men også andre former for politisk vald er diskuterte i litteraturgjennomgangen.

¹ Tor-Geir Myhrer, professor ved Politihøgskolen. Telefonsamtale 12.07.2011.

Om ein ser bort frå arbeidsnotatet til Bjørgo og Heradstveit, er det ved søk etter relevant forskingslitteratur ikkje funne noko verk som har ei liknande problemstilling som denne studien. John Christian Vedal er kanskje den som kjem nærast i masteroppgåva si, når han tek for seg skuldkravet i norsk terrorlovgeving. Men han skriv ut frå ståstaden til ein jurist.

Litteraturutvalet er grundigare gjennomgått i kapittel 4.

2.4 Utforming og opplegg

Studien er ei sveineprøve i forskning, og forskingsmetode og forskningsetikk har vore viktige berebjelkar i arbeidet. Det er brukt kvalitativ forskingsmetode. Korleis datamaterialet har vore tolka, både av informantane og oppgåveskrivaren, har vore eit viktig element i arbeidsprosessen. Mykje arbeid er lagt i omtalen av dei seks hendingane sidan dei illustrerer korleis temaet har kome til syne i det verkelege livet.

Det er gjennomført 19 semistrukturerte intervju. Utvalet av informantar har vore nokså breitt, frå politifolk til journalistar. Nokre informantar har vorte intervjuet for å kartleggje hendingar innanfor politisk vald. I andre høve har straffelova av 2005 vore hovudtemaet i intervjuet.

Mediekjelder vart nytta særleg i starten av arbeidet for å kartleggje og analysere hendingar med politisk vald. Det var eit fleksibelt opplegg som gjorde det mogleg å justere kursen og framgangsmåten, avhengig av datamaterialet som vart funne og analysen av det. Til dømes vart det lagt mykje meir arbeid i dokumentanalyse av lovforarbeid og internasjonale avtalar og konvensjonar enn det ein hadde rekna med i utgangspunktet.

2.5 Oversikt over kapitla

- Kapittel 1 inneheld eit samandrag av oppgåva.
- Kapittel 2 inneheld ei innleiing til studien, mellom anna problemstilling og tema, og utforming og opplegg.
- Kapittel 3 handlar om forskingsmetode og forskningsetikk om studien byggjer på.
- Kapittel 4 tek for seg noko av den viktigaste litteraturen som studien er tufta på. Her er det også ein diskusjon av omgrepsforståinga av terrorisme og politisk vald og nokre faktorar som gjer at desse samfunnsfenomena er vanskelege å avgrense.
- Kapittel 5 tek for seg omgrepsforståinga i kapittel 18 i straffelova av 2005 av terrorhandlingar og handlingar som er relaterte til terror, og faktorar som har vore med på å forme forståinga. Det er også ein kort omtale av sosiale konstruksjonar i lys av

definisjonane av terrorisme og politisk vald og definisjonen av terrorhandling i straffelova av 2005.

- Kapittel 6 tek for seg seks hendingar og diskuterer om dei kan tolkast inn under definisjonen av terrorisme til Bjørge og Heradstveit (1993, s. 30) og definisjonen av terrorhandling i kapittel 18 i straffelova av 2005. Det blir spurt om nokre av hendingane er andre former for politisk vald.
- Kapittel 7 inneheld avslutninga og konklusjonen på oppgåva. Det peikar på nokre av dei viktigaste funna som er gjorde, og gjev ei oppsummering. Kapitlet har forslag til forskningstema som kan byggje vidare på denne studien.

3 Forskingsmetode og forskningsetikk

I dette kapitlet går ein nærare inn på metodikken som er nytta under arbeidet med oppgåva, viser kvifor nettopp denne metodiske tilnærminga er vald. Det blir peika på nokre moment når det gjeld utvalet av forskingsobjekt som er nytta for å kunne svare på problemstillinga i studien. Ein diskuterer også metodar for datainnsamling og viser til nokre forskningsetiske prinsipp som har vore viktige i arbeidet.

3.1 Forskingsmetode

Knut Halvorsen definerer metode som læra om dei verktøya ein kan nytte seg av for å samle inn informasjon. Metode er ein systematisk måte å undersøkje verkelegheita på. Det er læra om å samle inn, organisere, gjennomarbeide, analysere og tolke sosiale fakta. Arbeidet skal gjerast slik at andre skal kunne kikke forskaren i korta (Halvorsen, 2003, s. 12–13).

Kvantitative metodar er forskingsmetodar som nyttar seg av tal og det som er målbart (kvantifiserbart). Kvantitative tilnærmingar hentar mange av prosedyrane sine frå naturvitskapleg metode (Johannessen et al., 2009, s. 36). I studien har ein derimot valt å bruke kvalitativ metode, som baserer seg meir på nærleik mellom forskaren og informanten enn kvantitativ metode gjer. Ein av grunnane til dette metodevalet er at mykje av problemstillinga handlar om *tolking* av samfunnsfenomena terrorisme og politisk vald.

En viktig målsetting med kvalitative tilnærminger er å oppnå en forståelse av sosiale fenomener. Fortolkning har derfor særlig stor betydning i kvalitativ forskning. Viktige metodiske utfordringer er knyttet til hvordan forskeren analyserer og fortolker de sosiale fenomenene som studeres. (Thagaard, 2009, s. 11)

Eit viktig element ved kvalitativ metode er det fleksible forskingsopplegget. Flexibiliteten som pregar kvalitative studiar, gjer at undersøkingsopplegget kan bli endra undervegs. Forskaren kan dermed arbeide parallelt med dei ulike delane av studien i prosessen. Slik blir det ein gjensidig påverknad mellom utforming av problemstilling, innsamling av data, analyse og tolking (Thagaard, 2009, s. 30–31).

Det finst fleire databasar som registrerer hendingar som ligg innanfor gråsonene for politisk vald – særleg med trykk på det som blir kalla terrorisme i den enkelte databasen. Eit døme er databasen til Memorial Institute for Prevention of Terrorism (MIPT).

Tore Bjørge har laga ein database som tek for seg 226 hendingar med politisk vald i tidsrommet 1967–1991, og som har vore eit verktøy i kartlegginga av hendingar i denne

studien. Ved søk i mediekjelder er det funne ein god del fleire, i alt 290 hendingar som framstår som former for politisk motivert vald etter den avgrensinga som problemstillinga set. Nokre av dei har ein gått djupare inn i.

Jan Oskar Engene har samla data som inneheld informasjon om terrorrelaterte hendingar i vesteuropeiske land. Tidsrommet for hendingane spenner frå 1950 til 1995 (Engene, 1998, s. 132). Det er lite materiale frå Skandinavia å finne i basen, og berre få hendingar frå skandinaviske land er registrerte: ei hending i Noreg, ei i Sverige og tre i Danmark. Engene legg til at terskelen for å bli registrert i databasen er nokså høg.²

Som det vil bli diskutert i kapittel 4, som mellom anna handlar om omgrepa terrorisme og politisk vald, er det ein vesentleg skilnad på korleis fenomena blir tolka. Denne usikkerheita ser ut til å finnast internasjonalt, både i akademiske miljø og i organisasjonar som arbeider for å motverke fenomena. Det er ein av grunnane til at den kvalitative metoden er vald her i framstillinga. Terrorisme og politisk vald er vanskelege, abstrakte og diffuse omgrep og får ulik tyding alt etter korleis tolkingsrammene rundt dei er. Det fører til at beskrivingar om utvikling og frekvens av terrorisme og politisk vald, særleg på internasjonalt nivå, har tvilsam verdi. Skulle studien ha nytta kvantitativ metode for å systematisere hendingar som vart rekna som aktuelle, ville ein i stor grad sjølv måtte finne og kategorisere hendingar etter den omgrepsforståinga som ein legg til grunn. Det ville bli eit altfor omfattande arbeid i ei masteroppgåve.

I kvalitativ forskning er det forskaren som er det viktigaste verktøyet (Fangen, 2001, s. 64). Forskaren samlar inn materialet basert på si eiga oppfatning av kva som er viktig, og tolkar dette ut frå dei perspektiva som han eller ho synest er best eigna. Dette set store krav til vurderingsevna og gjer at kravet til etterprøvbarheit vil kunne vere vanskeleg å oppfylle.

3.2 Forskingsdesign

Valet av forskingsdesign står sentralt i alle analysar sidan det vil verke styrende for dei resultatane ein kjem fram til. I oppgåva har ein måtta avvege forskingsdesignet mot det som er ideelt, og det som har vore praktisk mogleg å gjennomføre.

Tid har vore ein viktig avgrensande faktor for valet av design sidan ein har hatt full jobb ved sida av studiet og arbeidet med oppgåva. Samtidig har det å ha arbeidd som patruljepolitimestemann i denne perioden vore viktig for refleksjon og tolking av datamaterialet. Studiet har gjort at ein meir medviten om former for politisk vald som ein har

² Jan Oskar Engene, førsteamanuensis i samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen. E-postkorrespondanse 29.09.2011.

kome borti i samband med patruljetenesta. Døme på det er arbeid mot ungdomsgjengar som har nynazistiske trekk, og som har utført valdshandlingar og skadeverk i politidistriktet. Diskusjonar med kollegaer har også vore ei viktig inspirasjonskjelde for refleksjonen, og dette ville ein ha mista om ein hadde vore heiltidsstudent.

Ein annan viktig avgrensande faktor har vore kostnaden ved gjennomføringa av studiet. Eit stipend frå Hordaland politidistrikt har kome vel med. Men midlane har vore avgrensa, og av den grunn har ein har måtta velje ein metode for innsamling og tolking av data som kostar lite. Eit typisk døme på det er telefonintervju for å spare reiseutgifter. Det meste av det økonomiske tilskotet har gått med til litteratur og til å dekkje reise og opphald i samband med førelesingar og rettleiing ved Politihøgskulen. Studien har som mal eit intensivt framfor eit ekstensivt forskingsdesign, i og med at ein har sett grundigare på nokre få utvalde hendingar framfor å berre omtale mange.

3.3 Val av analyseiningar

Før innsamlinga av data til ein studie må det vurderast kva for analyseiningar som skal granskast i relasjon til problemstillinga. Forskaren bør ha tankar om kva slags informasjon om einingane som skal vere ein del av studien, og kvifor denne informasjonen er viktig. Med andre ord må ein gjere eit utval av einingar. For å kunne studere einingane må ein kunne identifisere dei på ein eintydig måte (Grønmo, 2004, s. 79). I denne oppgåva er dei mest sentrale analyseiningane seks hendingar av politisk vald i Noreg i nyare tid.

Nett det å finne dei aktuelle hendingane har vore krevjande. Som nemnt har ein ikkje funne noka fullstendig oversikt over det som kan reknast som politisk vald i Noreg etter 1988, i alle fall ikkje hendingar som er registrerte i opne kjelder. Mykje av grunnen til det kan vere at det er vanskeleg å definere omgrepet politisk vald.

I oppgåva er det ikkje teke med intervju med respondentar som sjølve direkte eller indirekte har gjort eller medverka til hendingar som kan reknast som politisk vald. Donatella Della Porta seier om kjelder som handlar om politisk vald: «In order to build a more balanced accounts of events and circumstances, official sources have to be combined with other sources, in particular with material from ininside the radical organisation» (Porta, 1995, s. 19). Hovudgrunnen til at studien manglar førstehandsdata frå informantar som sjølve har stått for politisk vald eller på annan måte har vore medskuldige i slike hendingar, er at det forskningsetisk er problematisk å hente inn slik informasjon, sidan oppgåveskrivaren då ville kunne få ei uheldig dobbelrolle som polititenestemann og forskar. Det ville kunne utløyse tenesteplikt til å gje informasjonen vidare til politiet og påtalemakta for å oppklare eller

hindre alvorlege lovbrøt. Andre grunnar er at det kan vere vanskeleg å få tilgang til respondentar som høyrer til i eit miljø som nyttar seg av politisk vald. Kravet til openheit i forskinga ville også gjere det etisk tvilsamt dersom oppgaveskrivaren ikkje hadde opplyst slike informantar om at han var polititeneestemann. Alternativt måtte ein ha prøvd å kome i kontakt med respondentar som var deradikaliserte og ikkje lenger vedkjende seg denne typen ideologi.

3.4 Datainnsamling

Ein stor fordel med ei kvalitativ tilnærming i metodebruken er at arbeidet med oppgåva har større moglegheit for å bli fleksibelt og såleis kan fange opp informasjon som ein ikkje ville funne i eit meir stringent opplegg. På denne måten har ein ikkje låst seg fast til ein bestemt datainnsamlingsmåte på førehand, men har kunna vurdere metodebruken etter kvart som arbeidet har teke form. Fleksibilitet har vore viktig i ein eksplorerande studie som denne, der vegen til ein viss grad er vorten til etter kvart. Det har vore nødvendig med noko fleksibilitet for å finne fram til relevante data. Som døme kan det nemnast at eit spørsmål som dei fleste informantane fekk, var om dei hadde forslag til andre kjelder som kunne vere til hjelp for forskaren for å finne svar på problemstillinga.

Når det gjeld kvalitativ metode, er det viktig å peike på at forskaren til ein viss grad skaper data på bakgrunn av den forståinga han eller ho har av samfunnet (Thagaard, 2009, s. 47). Det vi reknar som data, er prega av måten forskaren forstår det han eller ho har tilgang til av observasjonar, utsegner, tekst eller visuelle uttrykksformer. Eit forskingsprosjekt vil difor aldri kunne gje ein nøytral konklusjon. Så lenge det er menneske som forskar, vil forskingsprosessen alltid vere farga av korleis forskaren oppfattar verkelegheita, og det som har forma og formar denne oppfatninga.

Eit problem med kvantifisering av hendingar som gjeld terrorisme og politisk vald, er at det er uklart kva desse fenomenane omfattar. Studien tek då heller ikkje mål av seg til å gje ei uttømmende oversikt over registrerte hendingar innanfor politisk vald. Det ville vere altfor tidkrevjande i eit masterstudium.

Omgrepsklarleiken rundt terrorisme og politisk vald gjer at det er vanskeleg å klassifisere opplysningane i kvantitative storleikar. Gråsoner og grensetilfelle i hendingane som er diskuterte i studien, gjer det utfordrande å dele inn i kategoriar for ulike former for politisk vald. Ein risikerer då anten å lage ei for grov inndeling som utelèt viktige nyansar ved hendingane, eller å lage ei så fin inndeling at ei eventuell oversikt ville bli altfor omfattande eller pulverisert (Bjørge & Heradstveit 1988, s. 94).

Det er oppgaveskrivarens pragmatiske vurdering etter ein kvalitativ analyse av det funne datamaterialet som har vore avgjerande for valet av hendingar som blir diskuterte. Utvalet er difor ikkje representativt i statistisk forstand. Det ville elles vere ei svært vanskeleg oppgåve å lage kategoriar for ei kvantitativ framstilling av datamaterialet. Faren ville vere at det vart altfor mange kategoriar, eller at arbeidet ville gje for store og ikkje-seiande kategoriar i framstillinga til at dette ville ha nokon verdi. I alle fall ville det krevje svært mykje ressursar. I staden er det teke sikte på å vise eit mangfald og variasjonar av hendingar som kan reknast som politisk vald ut frå eit pragmatisk utval, og sjå dei i lys av nokre omgrepsforståingar av terrorisme og politisk vald.

3.5 Kjelder

Studien er basert på eit strategisk utval i og med at ein har valt kjelder som har eigenskapar eller kvalifikasjonar som ein har rekna som sentrale i forhold til problemstillinga og det teoretiske perspektivet i undersøkinga (Thagaard, 2009, s. 55). Eit strategisk utval set store krav til at forskaren er særleg medviten på kvifor han plukkar ut nett dette utvalet, og kvifor han vel bort andre potensielle kjelder. Utvalet er altså ikkje tilfeldig, men valt ut frå relevans. Forskaren må også vere medviten om samansetjinga av utvalet under tolkingsprosessen, i relasjon til resultatet av forskinga. Utvalet i studien er sett saman for å kunne svare best mogleg på problemstillinga ut frå dei rammene som var til rådvelde i studiet. Når ein nyttar eit tilgjengeutval, inneber det at ein må basere seg på ein seleksjonsmåte som sikrar eit utval av personar som er villige til å stille opp. Utvalet er då samtidig strategisk (Thagaard, 2009, s. 56).

Opgåveskrivaren sitt yrke som polititenestemann har gjort at tilgangen til kjelder innanfor polisiære verksemdar har vore lettare enn om han var ein utanforståande. Trass i at studien er basert på ugraderte opplysningar, har nok rolla som polititenestemann, og i mange tilfelle som kollega, vore tillitsskapande for å få tilgang til politikjelder. Mange politifolk er redde for at dei kan kome i skade for å bryte teieplikta, sjølv om det i utgangspunktet blir spurt etter opplysningar som ikkje lenger er underlagde teieplikt. Ei rolle som kollega kan verke roande for intervjusituasjonen og kanskje gjere at ein får vite ting ein ikkje ville fått vite elles. Det kan gje tilgang til opplysningar som er under teieplikt fordi intervjuobjektet reknar med at forskaren har nok dømmekraft til å ikkje misbruke opplysningane.

Ein vanleg metode for å finne tilgjengelege informantar er det som blir kalla snøballmetoden. Måten det skjer på, er at ein kontaktar personar som har dei eigenskapane eller kvalifikasjonane som er relevante for problemstillinga og det teoretiske perspektivet i

undersøkinga. Så ber ein personane om å gje opp namn på andre med tilsvarende eigenskapar (Thagaard, 2009, s. 56). Ved mange av informantintervjua, særleg i startfasen av prosjektet, vart informantane spurde om dei visste om andre aktuelle kjelder. Ofte kom det då fram eitt eller fleire namn på personar som informanten kjende. Kjennskap har difor vore ein viktig døropnar for å få tilgjenge til kjelder, og det har letta stort i arbeidet.

Fleire av informantane som studien byggjer på, har sitt yrke innanfor offentlege verksemdar som har eller har hatt til oppgåve å førebyggje og/eller etterforske terrorisme og politisk vald. I hovudsak er det informantar innanfor politiet og påtalemakta. Andre er forskarar med ein spesiell kompetanse som er rekna som relevant for studien. Nokre av informantane har sjølve vorte ramma av politisk vald. Ikkje overraskande er det ingen som har uttrykt seg positivt til bruk av vald som politisk verkemiddel.

Studien manglar altså data frå informantintervju der intervjuobjektet godtek bruk av politisk vald. Dette har ein lagt vekt på å vege opp for ved å finne kjelder som er farga av personar som godtek illegitim vald som politisk verkemiddel, mellom anna internettsider. Somme aktørar eller organisasjonar som utøver politisk vald, vil gje eit bilete av valden som oftast er meir positivt enn til dømes politikjelder. Det skeive i utvalet av informantar har ein prøvd å ta omsyn til i tolkinga av datamaterialet, og dette har sett store krav til oppgåveskrivaren. Som elles i forskingsprosessen ved kvalitative studiar har innsamling og tolking av data i stor grad overlappa kvarandre.

3.5.1 Offisielle kjelder

Ein fordel med å bruke offisielle kjelder er at ein då sparar både tid og pengar fordi dei er forholdsvis lett tilgjengelege. Offisielle kjelder, som politi og rettsvesen, har makt og midlar til å etterforske aktørar som nyttar politisk vald, og kan gjere det mogleg å gje eit meir komplett bilete av slike aktørar (Porta, 1995, s. 18). Offisielle kjelder gjev ofte ei meir utfyllande beskriving enn mediekjelder. Norges offentlige utredninger (NOU), dommar, internasjonalt avtaleverk og forarbeid til lover har vore viktige kjelder både i diskusjonen rundt enkelthendingar og i søk etter omgrepsforståingar av terrorisme i den nye kapittel 18 i straffelova av 2005.

Porta (1995, s. 18–19) peikar på eit viktig problem når det gjeld bruk av offisielle kjelder. Han viser til Howard Beckers observasjon av politiregister, og hevdar at slike kjelder fortel meir om institusjonane som produserer dei, enn om kriminelle. Offisielle kjelder gjev meir informasjon om den kriminelle sida ved organisasjonane og medlemene deira, i forhold til omtalen av kriminalitet i straffeparagrafane. Det gjer at ein ikkje får med annan

informasjon, til dømes organisasjonsaspektet og andre eigenskapar ved enkeltindivid, som kan ha noko å seie for ei meir heilskapleg forståing av den politiske valden.

3.5.2 Mediekjelder

Mediekjelder er eit brukbart verktøy for den første kartlegginga av aktuelle hendingar, det vil seie for å finne både kjende og mindre mediepotente hendingar. I stor grad er det nytta opne mediekjelder i studien. Sidan ein har basert seg på ugraderte data, har media vore svært nyttige for å finne utfyllande opplysningar om dei hendingane som diskusjonen i studien byggjer på.

Nyheitsmedia er avhengige av å selje, og nyheitene får difor ofte eit sensasjonspreg som gjer at innhaldet i oppslaga ikkje alltid er til å lite på. Slike kjelder krev dermed grundigare kryssjekking med andre og meir pålitelege kjelder, til dømes ekspertinformantar. Ein må også ta med i vurderinga av nyheitsstoffet at mange mediekjelder ikkje er politisk nøytrale, og at det politiske grunnsynet kan farge stoffet.

Ein stor fordel med mediekjelder er at dei er lett tilgjengelege. Ulempa er at det er eit svært stort datamateriale å søkje gjennom, og at ein er avhengig av å finne dei rette søkjeorda når ein nyttar internettsøk. Slike søk har vore tidkrevjande. Omgrepsuklarleiken i det akademiske miljøet om ulike former for politisk vald speglar seg av i media og omgrepsbruken der, og kan skape forvirring for den som søkjer etter opplysningar.

Søkjesystemet til Retriever, *Atekst*, har vore særleg viktig i arbeidet med å finne fram til hendingar i mediekjelder i starten av studien. Dette er ein søkbar elektronisk database som dagleg blir oppdatert. Han inneheld redaksjonelt stoff frå 47 sentrale norske medium. Nokre av mediekjeldene går heilt tilbake til 1984, men det gjeld berre dei færraste. Med *Atekst* har ein spart mykje tid i arbeidet med studien, og det har letta kartlegginga. Den største utfordringa med dette søkjesystemet har vore å velje gode søkjeord for å finne hendingar. I og med at ein ikkje har hatt høve til å drive systematisk datainnsamling over lang tid, har det vore heilt vesentleg å finne fram til funksjonelle søkjeord. Problemet kan samanliknast med uklarleiken rundt definisjonen av terrorisme og politisk vald og kva for nemning ein set på desse omgrepa. Ved søk over eit så langt tidsrom som oppgåva spenner over, har det vore interessant å registrere kva ord nyheitsmedia har brukt om politiske valdshandlingar gjennom åra, ettersom omgrepsforståinga ser ut til å ha endra seg over tid.

Ei anna avgrensing som gjeld *Atekst*, er at ikkje alle mediekjelder er med i søkjesystemet. Særleg gjeld det ein del mindre lokalaviser. Dessutan søkjer systemet berre i trykte medium, og altså ikkje i etermedium.

3.5.3 Faglitteratur

Faglitteraturen som er nytta i oppgåva, er eit pragmatisk utval av bøker og tidsskrift som oppgaveskrivaren meiner har relevans. Mykje av dette omtalar former for *politisk vald* i Noreg. Innanfor *terrorisme* er det rikeleg litteratur å finne, i alle fall av utanlandske forskarar.

Sidan ein masterstudie skal gje eit «forskarsertifikat», omfattar ein forholdsvis stor del av den sjølvvalde litteraturen forskingsmetodikk og etikk. Tanken er at oppgaveskrivaren skal reflektere over spelereglane i forskinga som ein del av læringsprosessen. Det kunne elles ført til at forskingsmetodikk og etikk vart tona ned til fordel for faglitteratur som handla om terrorisme og politisk vald.

Litteraturen om terrorisme og politisk vald som studien byggjer på, er skriven av «den utdanna eliten», det vil seie høgt utdanna forskarar og fagfolk som har desse fenomena som arbeidsfelt. Det har ikkje lykkast å finne aktuell forskingsbasert litteratur som er skriven av personar som sjølve har vore eller er delaktige i bruk av terrorisme eller politisk vald. Slik sett set dette særlege krav til den tolkinga studien byggjer på, på same måten som ved val av informantar.

Kapittel 4 gjer nærare greie for den viktigaste litteraturen som studien byggjer på.

3.5.4 Informantintervju

Måten ein har funne fram til informantane på, er prega av at studien til ein viss grad har fått si form undervegs i arbeidet. Informantintervjua har i mange tilfelle vore eit resultat av tilgjenge og tilrådingar gjennom andre informantar og dørøpnarar (snøballmetoden).

Eit viktig føremål med intervjua har vore å få oversikt over hendingar som kan knytast til terrorisme og politisk vald i Noreg. Eit anna føremål har vore å få informasjon om enkelthendingar som ein har sett grundigare på i djupneintervju. Eit tredje føremål har vore å skaffe tilgjenge til andre respondentar eller data.

Fleire av intervjua er gjennomførte som semistrukturerte intervju, som har gjeve respondenten godt høve til å kome med kunnskap som ein med eit meir strukturert intervju kanskje ville ha gått glipp av. Semistrukturerte informantintervju gjev nærleik til respondentane og fleksibilitet i spørsmålsstillingane, noko som ikkje er like lett å oppnå med strukturerte intervju. Det gjeld særleg i byrjinga av eit prosjekt, når malen for studien ikkje er heilt fasttømra.

Kor mange intervju ein skal gjennomføre, og kor djupt ein skal gå når ein hentar inn data, kan vere vanskeleg å avgjere. Somme forskarar meiner at forskaren bør gjennomføre

intervju heilt til han eller ho ikkje lenger får ny informasjon (Johannessen et al. 2009, s. 106). I denne studien har tidsskjemaet gjort det umogleg å nå ein slik grenseverdi. Men ein meiner at hendingane er godt nok opplyste til at ein har kunna svare på problemstillinga.

Intervjusituasjonen i feltarbeid har ein del likskapstrekk med måten moderne avhøyr i politiet skjer på. Hovudføremålet med både politiavhøyr og informantintervju er å skaffe informasjon om noko. I studien går ein ikkje djupt inn på forholdet mellom avhøyrsteknikk og intervjuteknikk, men peikar på at det er både samanhengar og skilnader.

I eit politiavhøyr er det fasar der etterforskarer er særleg oppteken av å drive aktiv lytting. Dette vil seie at respondenten får god tid til å tenkje igjennom svaret, og at ein ikkje avbryt eller fyller pausar med snakk. Etterforskarer viser også at han eller ho er interessert og engasjert i det den avhøyrde fortel. Tove Thagaard (2009, s. 97) kallar dette i ein forskingsmessig intervjusituasjon «å representere en lyttende holdning».

Politiavhøyr i ei straffesak og informantintervju i eit forskingsprosjekt er metodar som blir nytta til ulike føremål. Difor er det skilnader mellom dei. Den tydelegaste skilnaden er kanskje at ein må rekne med at relasjonen til etterforskarer er prega av statusen som den avhøyrde har i ei etterforsking, til dømes om personen som blir avhøyrd, er mistenkt i ei straffesak og ikkje har interesse av å fortelje sanninga.

Ottar Hellevik ([2008], s. 106) peikar på at føremålet med politietterforskinga er å slå fast om ein person er skuldig i lovbrøt eller ikkje. Han seier at dette svarar til den grunnleggjande operasjonen i forskning, som er å klassifisere enkelttilfelle. Når skuldspørsmålet i ei straffesak er avgjort, er klassifiseringa berre første steget i forskingsprosessen.

Ein viktig skilnad mellom forskning og etterforsking er at forskinga ikkje berre søker å finne fram til sanninga om kvart lovbrøt som partikulært enkelttilfelle. Forskinga tek også sikte på å kome fram til overførbare, generaliserbare og universelle konklusjonar. I etterforsking som handlar om strafferettsleg skuld, må tvilen kome tiltalte til gode i tvilstilfelle. I forskning, derimot, vil tvilstilfelle bli fordelte som negative og positive funn, alt etter kva som er mest sannsynleg i saka det gjeld (Sætre, 2007, s. 15).

3.5.5 Andre kjelder

Internettportalar har vore ei lett tilgjengeleg kjelde. Mange organisasjonar som nyttar seg av politisk vald som verkemiddel, har behov for å marknadsføre seg. Til dømes har dyrefrigjeringsorganisasjonen Dyrenes FrigjøringsFront ei eiga nettside (Dyrenes FrigjøringsFront, 2010). Der omtalar dei aksjonar som personar med tilhøyrsløse til gruppa har

utført, og gjev detaljerte oppskrifter for korleis ein skal utføre sabotasjeaksjonar mot til dømes pelsdyrgardar.

Kartlegginga som er gjord i samband med studien, byggjer som nemnt noko på ein Excel-database som Tore Bjørgo har. Der har han kartlagt mange hendingar som er eller som minner om former for politisk motivert vald. Databasen omfattar perioden 1965 til 1991. Denne studien har kartlagt politisk motivert vald frå 1991 til 2011 i opne kjelder.

Ein del av bakgrunnsopplysningane som har vore nyttige, stammar frå Tore Bjørgos arkiv på NUPI. Det inneheld ei mengd avisutklipp om handlingar innanfor politisk vald som er knytte til Noreg, frå 1980-talet og fram til byrjinga av 1990-talet. Mykje av samlinga handlar om vald utført av personar og grupper som er inspirerte av ein høgrekkestrem ideologi. Det er naturleg sidan det var denne forma for politisk vald som i størst grad prega Noreg i dette tidsrommet.

3.3 *Forskingsetikk*

Normer for vitskapleg heiderleg framferd («vitenskapelig redelighet») er definerte og presiserte i ei innstilling frå Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsfag og humaniora (NESH, 2006). Studien er tufta på denne innstillinga, mellom anna dei tre sentrale etiske grunnprinsippa nedanfor.

Ei norm som skal gjelde for seriøs forsking, er kravet om *konfidensialitet*. Forskaren må handtere informasjonen slik at forskinga ikkje skader enkeltpersonar som det blir forska på. Det at ein skjermar personar, kan kome i konflikt med kravet til at forskinga skal kunne etterprøvast. Dersom prinsippa om konfidensialitet og etterprøvbarheit står mot kvarandre, er personvernet det viktigaste (NESH, 2006, s. 18).

For å tilfredsstillere kravet til *informert samtykke* vart alle intervjuobjekta spurde på førehand, og det vart sagt klart frå at deltaking i intervjuet var frivillig. Alle fekk forklart kva deltaking i forskingsprosjektet innebar. Ein var også nøye med å ikkje utsetje informantane for mykje press for å delta, og aksepterte at dersom det ikkje kom svar etter førespurnad nummer to, kunne det vere eit teikn på at personen ikkje var interessert i å vere med.

Sidan forskingsopplegget kan endrast undervegs, kan ikkje samtykket frå informanten baserast på fullstendig informasjon (Thagaard, 2009, s. 26). Eit fleksibelt forskingsdesign er vanleg i mange kvalitative studiar. Kva for spørsmål ein ynskjer å stille, og kvar ein vil ha fokuset, forandrar seg etter kvart som studien får tilgang til meir informasjon. Slik sett er det problematisk å gje deltakarane eit klart inntrykk av kva dei kan vente at vil bli framstilt i

studien, og noko fullt ut informert samtykke er det difor svært vanskeleg å oppnå. I arbeidet med studien har ein vore innstilt på at problemstillinga ville kunne bli endra.

Eit av problema med eit kvalitativt forskingsopplegg er at det er vanskeleg å oppfylle det forskningsetiske kravet til *etterprøvbarheit* av resultatet av studien. Etterprøvbarheit inneber at forskaren skal leggje best mogleg til rette for at forskingsresultatet skal kunne kontrollerast i ettertid. «Samfunnsvitskapane (somme av dei meir enn andre) vil ikkje fullt ut kunne tilfredstille alle dei positivistiske kriterium for vitskaplighet, slik som kravet til generalisering og falsifiserbarheit. Samfunnsvitskap er difor først og fremst *ein tolkande disiplin*» (Heradstveit & Bjørge, 1992, s. 60). Forskarens evne og vilje til å reflektere over om opplegget følgjer forskningsetiske prinsipp, er difor særleg viktig i studiar der ein nyttar kvalitativ metode.

I denne masteroppgåva er viktige data baserte på informantintervju. Graden av struktur spenner vidt i intervju. Nokre intervju er svært opne, medan andre inneheld fleire faste spørsmål. For alle intervju er det utarbeidd ein intervjuguide, og det er skriva resymé av alle intervju. Både intervjuguidane og resymea er lagra i tråd med NESH sine retningslinjer for å oppfylle noko av kravet til etterprøvbarheit.

Sjølv om det alltid vart skriva resymé av intervju, er det – som for all anna tolking av data – oppgåveskrivaren som til slutt vurderer kva for opplysningar som skal brukast vidare i oppgåva. I dette ligg det også at det er fare for at ein ikkje får med viktig informasjon. Både ved innsamlinga og ved analysen av datamaterialet er forskarens subjektive tolking med på å avgjere kva som blir konklusjonen. Det er difor ikkje sikkert at ein annan forskar ville kome til det same resultatet, sjølv om han nytta dei same kjeldene, sidan tolkingsprosessen er ein så viktig del av arbeidet. Dette svekkjer kravet til etterprøvbarheit og set krav til forskarens kvalifikasjonar og pålitelegheit.

3.3.1 Konsekvensar av å vere med i eit forskingsprosjekt

Intervju av informantar i offentlege institusjonar, til dømes i politiet, var klarerte med overordna, etter at informanten sjølv hadde akseptert. Det vart presisert overfor informanten at masteroppgåva ikkje skulle graderast, og at ein baserte seg på informasjon som var allment tilgjengeleg, som i media.

Å etablere eit tillitsforhold var viktig, ikkje minst for informantar som var tilsette i politiet. Politiet er ein etat som stiller strenge krav til at dei tilsette held teieplikta si når det gjeld informasjon dei får tilgang til i arbeidet. Brot på teieplikta er knytt til straffansvar og/eller andre negative konsekvensar for karrieren. Det gjer sjølvstundt at mange

polititenestemenn og -kvinner er redde for å bryte formelle og uformelle normer for teieplikta. I samband med studien var dette ein barriere som i ein del tilfelle var tung å overvinne. Fleire politifolk som fekk spørsmål om å la seg intervju, var seine med å svare eller vart oppfatta som litt avmålte. Oppgåveskrivarens eiga rolle som polititenestemann tok nok brodden av ein del av utryggleiken etter kvart. Her var det viktig å følgje prinsippet om å ikkje utsetje informanten for unødig press.

3.3.2 Rollekonflikt som forskar og polititenestemann

I rolla som både polititenestemann og forskar vil det kunne oppstå rollekonfliktar. Det kan godt tenkjast situasjonar der ein under datainnsamlinga risikerer å finne informasjon som ein som polititenestemann har tenesteplikt til å informere vidare om i politietaten, til dømes for å hindre eller oppklare alvorlege lovbrøt. I samband med oppdaging eller førebygging av alvorlege lovbrøt ville tenesteplikta kunne stride mot det forskningsetiske prinsippet om konfidensialitet.

Vidare kan det vere grunn til å tru at politirolla gjer det vanskeleg å få innpass i miljø som støttar politiske valdshandlingar, og at ein dermed ikkje får kontakt med ein del aktuelle informantar. Openheit om eiga rolle er eit viktig prinsipp innanfor forskinga. Det å ikkje opplyse til ein informant i slike miljø at ein også er polititenestemann, ville vere uetisk. For å unngå denne rollekonflikten har ein valt å ikkje søkje kontakt med informantar i miljø som støttar politisk vald.

3.4 *Bakgrunnen til oppgåveskrivaren*

Når eit forskingsprosjekt er basert på kvalitativ metode, set det særskilde krav til forskaren. I arbeidsprosessen vil forskarens tolking av den informasjonen han finn, vere avgjerande for kva som blir konklusjonen i arbeidet. Måten tolkinga skjer på, er difor avhengig av bakgrunnen til forskaren, kva verkelegheitsoppfatning han legg til grunn, og kva for «briller» han går med.

Mange hendingar innanfor den politiske valden som er omtala i studien, har ein karakter som gjer det vanskeleg å gjennomføre verdinøytral forskning. Kanskje har det heller ikkje vore ynskjeleg på grunn av det moralske elementet. Oppgåveskrivaren har eit verdisyn der han i få tilfelle ser for seg å kunne akseptere noka form for illegitim politisk vald som politisk verkemiddel i Noreg, sjølv om det skal vere stort spelerom for politiske ytringar. Dette vil kunne setje ein del av hendingane i eit noko meir negativt lys. Eit fordømande utgangspunkt vil kunne vere eit hinder for den openheita overfor problemstillinga som krevst i

studien. Uansett kor medviten ein er om sine egne haldningar, normer og verdiar, vil tolkinga av data om dei ulike hendingane likevel til sjuande og sist vere farga av dei referanserammene ein har.

Oppgåveskrivaren har ikkje tidlegare studert på masternivå. Difor er erfaring innanfor samfunnsvitskapleg forskning eit nytt område, og det same gjeld spelereglane for forskingsmetodikk. Samtidig vil ein forskaraspirant kanskje kunne sjå samfunnsfenomen med friske augo, og slik sett tolke verkelegheita annleis enn det ein erfaren forskar vil gjere.

Ovanfor er det peika på likskapstrekk og skilnader mellom eit politiavhøyr og eit informantintervju med forskingsføremål. I samband med studien har erfaring i avhøyrsteknikk vore viktig i intervjusituasjonen, så lenge ein også var medviten om desse skilnadene.

Politiyrket gjev sosial kompetanse som har vore nyttig i arbeidet med å hente inn informasjon frå ulike typar menneske. Men yrket kan også vere ein barriere i forskingsprosessen dersom ein vel og tolkar informasjon ut frå rolla som polititenestemann. Faren er at ein ser verda med politiblikket og mistar andre måtar å tolke omgjevnadene på. Trass i desse ulempene har yrkesbakgrunnen til oppgåveskrivaren vore meir til fordel enn til ulempe i prosjektet.

Innhenting og tolking av data er avhengig av forskarens føreforståing av eit fenomen (Johannessen et al., 2009, s. 44). Oppgåveskrivaren har i liten grad arbeidd med politisk valdsproblematikk i yrket sitt, men har ei teoretisk forståing av fenomenet. Arbeidserfaring om fenomenet vil kunne gje viktig ballast i tolkingsprosessen i studien. Men med lite arbeidserfaring kan det vere lettare å sjå situasjonar med friske augo, og med ein avstand til problemstillinga som ein elles truleg ikkje ville hatt.

3.5 Oppsummering

I studien er det nytta kvalitativ metode. Viktige element ved denne metoden er nærleik mellom forskar og informant, eit fleksibelt undersøkingsopplegg og tolking. Tolkinga er avhengig av forskarens egne referanserammer kring den delen av verkelegheita han ynskjer å undersøkje. Kravet til etterprøvbarheit i forskingsmetoden er vanskeleg å oppfylle sidan forskarens eiga tolking under forskingsprosessen er avgjerande for kva som blir resultatet av forskinga.

Forskningsdesignet i studien har vore avgrensa først og fremst av tid og økonomi. Dei mest sentrale analyseiningane har vore seks hendingar som ein har tolka i lys av definisjonar av terrorisme og politisk vald. Søk i mediekjelder, informantintervju og samtalar har vore viktige verktøy for å finne fram til hendingane og andre data. Utvalet av hendingane som det

er vist til, tek ikkje mål av seg til å vere representativt i statistisk forstand for den politiske valden som har skjedd innanfor ramma av problemstillinga. Utvalet må ikkje sjåast på som anna enn døme på nokre former for politisk vald som er plukka ut for å kaste lys over problemstillinga. Dei viser eit breitt bilete av ulike former for politisk vald.

Det er nytta fleire typar kjelder, mellom anna offisielle kjelder, mediekjelder og faglitteratur. Informantintervju har vore viktig for å kunne kaste lys over problemstillinga. Der er både likskapstrekk og ulikskapar mellom forskingsintervju og politiavhøyr. For å finne fram til kjelder og ikkje minst informantar, har snøballmetoden vore nyttig.

Studien er tufta på normer for vitenskapleg heiderleg framferd ut frå innstillinga til Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH, 2006). Viktige prinsipp som det er peika på i denne innstillinga når det gjeld forskningsetikk, er konfidensialitet, informert samtykke og krav til etterprøvarheit.

Oppgåveskrivaren har prøvt å vere medviten på ein eventuell rollekonflikt som forskar og polititenestemann. Bakgrunnen og referanserammene til oppgåveskrivaren har vore ein viktig faktor i tolkingsprosessen i studien.

4 Litteraturgjennomgang sett i samanheng med omgrepsfesting av terrorisme og politisk vald

Dette kapittelet tek for seg faglitteratur om former for terrorisme og politisk vald som ein av grunnsteinane som studien er tufta på. Forskingsmetodikk og forskningsetikk er verktøy i ein masterstudie, og det blir diskutert litteratur innanfor dette feltet. Ein har valt å veve litteraturgjennomgangen saman med omgrepsfestinga av terrorisme og politisk vald. Det er naturleg fordi i mykje av omtalen av litteraturen må ein nødvendigvis kome inn på omgrepsfestinga av desse samfunnsfenomena.

Litteraturgjennomgangen i ei masteroppgåve går eigentleg ut på å grunngje arbeidet ein gjer, ved å definere eit område som andre forskarar har oversett (Everett og Furseth, 2008, s. 99). Samtidig set ein oppgåva inn i ein større samanheng ved å etablere eit teoretisk rammeverk. Dette skal vise at ein kan gjere seg nytte av litteraturen til å utvikle si eiga tenking.

Ifølgje Karl Popper er vitskapen kumulativ. I hans perspektiv byggjer forskning vidare på kunnskap som alt finst, for å bruke det til å korrigere og forbetre teoriane. Det vil seie at ved å byggje på resultat frå eksisterande forskning vil ein stadig kunne utvikle djupare innsikt i eit tema. Ein må vite om det er andre som har arbeidd med den same problemstillinga for å kunne vurdere om spørsmålet vil kunne gje ny innsikt, og dermed forsvare at studien har nokon verdi. Difor er det viktig å kartleggje kva som er skrive eller ikkje skrive om temaet. Med andre ord må ein sjå kva litteratur som alt finst om dette temaet. Ein viktig del av eit masterstudium er altså å vise at ein har sett seg inn i litteratur som handlar om problemstillinga.

4.1 Diskusjon kring litteratur om politisk vald

Litteraturutvalet skal seie noko om problemstillinga i oppgåva, og problemstillinga avgjer kva for teoretiske tilnærmingar som er relevante.

Om litteratur innanfor terrorisme heiter det i *Political Terrorism* (Schmid & Jongman, 2008, preface xiii):

Academic researchers from many fields – political science, law, history, sociology, criminology, psychology, communication, and military studies – have entered the field. Together these authors have spilled almost as much ink as the actors of terrorism have spilled blood.

Som det går fram av sitatet framanfor, er terrorisme eit fenomen som fengjer mange. Noko av grunnen er at terroristar krev merksemd for å få fram ein bodskap, og dei spelar på media som kommunikasjonskanal med ein strategi som ofte er veileigna til å få merksemd. Det finst eit breitt utval av forskning med ulik vinkling på fenomenet terrorisme og mykje forskingslitteratur om det vidare omgrepet politisk vald. Difor er litteraturmengda svært stor, og det har vore ei vanskeleg oppgåve å finne fram til den litteraturen som er best eigna til å kaste lys over problemstillinga.

Studien tek for seg terrorisme og politisk vald i Fastlands-Noreg og tilstøytande sjøterritorium i perioden 1988 til 2011. Som alle andre samfunnsfenomen er desse fenomena farga av forhold i samfunnet der valden har oppstått og verkar. Til dømes er aksjonar som den britiske delen av dyrevernsorganisasjonen Animal Liberation Front (ALF) set i verk, langt meir valdelege enn aksjonane til tilhengjarar av den norske greina, Dyrenes FrigjøringsFront (DFF), som helst har nytta seg av handlingar som er skadeverk. Sagt på ein annan måte: DFF i Noreg er ikkje det same som den opphavlege organisasjonen ALF i Storbritannia. Tilsvarande gjeld for mange andre former for politisk vald. Kyrkjebrannar som er påtende av personar med tilknytning til musikkmiljøet Black Metal, kan forståast som ei form for politisk vald som har sine røter i Noreg.

I første omgang har ein søkt etter relevant forskning på terrorisme og politisk vald som har oppstått eller verkar i Noreg, ut frå dei rammene som problemstillinga avgrensar. Det er difor ikkje unaturleg at mykje av litteraturen som studien byggjer på, er skriven av nordmenn. Tanken er at dette litteraturvalet betre vil kunne spegle og seie noko om norske forhold enn om ein trekkjer inn litteratur som handlar om politisk vald i utlandet. Men det finst former for terrorisme og politisk vald som i stadig større grad er transnasjonale, og difor er det viktig også å søkje kunnskap utover landegrensene når ein vil finne svar på problemstillinga. Sjølv om omgrepsforståinga av terrorisme som er nytta i studien, er henta frå dei norske forskarane Tore Bjørgo og Daniel Heradstveit, har ein i diskusjonen om omgrepsfestinga av terrorisme og politisk vald også sett til utanlandsk forskning.

Dei fleste tilfella av «heimeavla» politisk vald, er det nynazistar og andre høgreekstremistar som har utført (Bjørgo & Heradstveit, 1988, s. 94). Denne påstanden skriv seg frå 1988, men også i den perioden som studien omfattar, har ein stor del av den politisk motiverte valden vore utført av grupper eller personar som er påverka av høgreekstrem politisk ideologi. Dette er grunnen til at mykje av den forskingsbaserte litteraturen som diskuterer høgreekstrem politisk vald, er tyngre vektlagd i studien enn litteratur som omfattar andre former for politisk vald med utgangspunkt i norske forhold.

Sidan høgreekstrem vald har vore nokså omfattande i Noreg i nyare tid, er det ikkje overraskande det finst mykje forskingslitteratur om fenomenet. Mellom anna har Katrine Fangen (2001) følgt ei gruppe unge nynazistar og sett på mellommenneskelege mekanismar i desse miljøa. Det gjeld til dømes korleis medlemer tolkar sin eigen aktivitet i nynazistmiljøet, og korleis dei oppfattar omgjevnadene. Fangen har henta inn store delar av datagrunnlaget sitt gjennom djupneintervju og observasjon av medlemer i miljøet. Arbeidet hennar gjev innsikt i kvifor folk blir trekte mot dette miljøet, kva som gjer at dei blir verande, og kva som gjer at somme forlèt miljøet. Like eins kastar ho lys over radikaliseringsprosessar som resulterer i bruk av vald.

Når det gjeld val av problemstilling og tema for studien, er det sett ein del til eit arbeidsnotat frå Norsk Utenrikspolitisk Institutt frå 1988 av Tore Bjørgo og Daniel Heradstveit. Notatet omtalar hendingar knytte til terrorisme og politisk vald i Noreg i nyare tid og fram til 1988. Bjørgo og Heradstveit skriv om problemstillinga i forordet til arbeidsnotatet at siktemålet deira er å samle og systematisere kunnskap om fenomenet terrorisme og å vurdere i kva grad Noreg står i fare for å vere mål eller arena for terroraksjonar i politiske valdshandlingar. Forfattarane gjer eit forsøk på å samle dei viktigaste tilfella som har vore av terrorisme og politisk vald i forhold til Noreg. Dei diskuterer terrorisme og politisk vald som omgrep og ser på desse fenomena som ein politisk strategi. Vidare omgrepsfestar og klassifiserer dei former for politisk vald. Til slutt diskuterer dei trusselen mot Noreg og peikar på ei mogleg utvikling av terrorisme og politisk vald i tida framover i landet. Forfattarane set opp ei oversikt over handlingar som er baserte på ugraderte og allment tilgjengelege opplysningar, men dei hevdar ikkje at oversikta er uttømmende for tidsperioden (Bjørgo & Heradstveit, 1988).

Denne studien er ikkje ei vidareføring av arbeidsnotatet til Bjørgo og Heradstveit, men det er nokre tydelege likskapstrekk ved dei to arbeida. Det mest openberre er at begge tek for seg hendingar med terrorisme og politisk vald i Noreg. Bjørgo og Heradstveit omtalar hendingar i nyare tid fram til 1988, medan studien tek stafettpinnen derifrå og fram til i dag. Ein viktig skilnad er at studien diskuterer færre hendingar, men går noko meir i djupna på kvar hending. I tillegg blir det diskutert omgrepsforståinga i kapittel 18 i straffelova av 2005 om terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar.

John Christian Vedal har gjeve masteroppgåva si tittelen *Skyldkravet i norsk terrorlovgivning* (Vedal, 2009). Hovudtemaet i oppgåva er kravet til skuld, som må vere oppfylt for at ein person kan dømmast etter straffelova av 1902 §§ 147a–c eller kapittel 18 i straffelova av 2005. Desse lovføresegnene gjeld terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar.

Sjølv om oppgåva er retta mot skuldkravet i «terrorlovgevinga», skriv Vedal mykje om korleis lovføresegnene kan tolkast. Han er også inne på ein del av det internasjonale avtaleverket som har påverka definisjonen av terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar i norsk lov.

Eit viktig spørsmål er kva omgrepsforståing av terrorisme som ligg grunn for kapittel 18 i straffelova av 2005. Dette er diskutert i kapittel 5 her i studien. Vedals oppgåve går mellom anna detaljert inn på korleis definisjonen i straffelova av 2005 § 131 er omtala i lovforarbeida, og er difor ein viktig byggjestein for masteroppgåva.

4.2 *Litteratur om forskingsmetode og forskningsetikk*

Ein sentral del av litteraturen handlar om forskingsmetode og forskningsetikk. Det er føremålet og problemstillinga som er avgjerande for kva framgangsmåte som skal brukast i gjennomføringa av ein studie (Johannessen et al., 2009, baksida). Denne studien byggjer til dels på Robert K. Yin si bok *Case Study Research* (2009). Yin diskuterer case study-metoden og kva som skil denne metoden frå andre sosialvitskapelege forskingsmetodar. Boka hans har vore viktig i det casebaserte arbeidet med dei seks hendingane som er diskuterte i kapittel 6. Ein sentral del av diskusjonen tek for seg forståing av samfunnsfenomena terrorisme og politisk vald.

Tore Bjørge og Tor-Geir Myhrer har laga ein forskningsetisk rettleiar som særleg skal vere til støtte for masterstudentane ved Politihøgskolen (Bjørge & Myhrer, 2007). Rettleiaren tek mellom anna opp forskningsetiske problemstillingar som kan oppstå når det blir forska på polisierare fagområde som i stor grad blir utførte av personar som har ei politistilling. Fleire av problemstillingane som rettleiaren peikar på, har vore aktuelle i arbeidet med dette mastergradsarbeidet, ikkje minst tilgangen til opplysningar som kjem inn under teieplikta, og som ein ikkje har hatt høve til å bruke i ei ugradert oppgåve (Bjørge & Myhrer, 2007, s. 2).

I *Forskningsetikk i forskerhverdag. Vurderingar og praksis* (1997) problematiserer og drøftar Bente Gullveig Alver og Ørjan Øyen fleire etiske utfordringar som kan oppstå under forskingsprosessen. Både denne boka og *Forskningsetisk veileder for Politihøgskolen* (Bjørge & Myhrer, 2007) har vore viktige vegvisarar for at studien vart gjennomført på ein etisk forsvarleg måte.

4.3 *Generelt om omgrepsforståing*

Forståing av eit samfunnsfenomen byggjer på korleis den som ser på fenomenet, vel å tolke det. Som nemnt er tolking viktig i eit arbeid som har ei kvalitativ tilnærming til metodebruken

(Thagaard, 2009, s. 11). Dette er ein av grunnane til at diskusjonen rundt tolkinga av omgrepa terrorisme og politisk vald har fått så stor plass i studien. Dermed er det slett ikkje sagt at den forståinga av omgrepa terrorisme og politisk vald som er vald, er den rette, men det gjev lesaren ein referanse når desse omgrepa blir nytta vidare i oppgåva.

Eit omgrep viser til tydinga av eit språkleg uttrykk, og avgrensar språklege fenomen frå kvarandre (Johannessen et al., 2009, s. 51). Det er ei mental førestelling om noko som er bunde til eit ord eller eit uttrykk. Eit omgrep er nemning på ein bestemt type fenomen (Grønmo, 2004, s. 249). Ein forskar må difor prøve å definere, presisere og avgrense omgrepet for å få ei forståing av eit sosialt fenomen. Samfunnsfenomena terrorisme og politisk vald har mange nyansar som gjer dei til gråsonefenomen og er vanskelege å avgrense. Dette rører ved eit allment problem innanfor vitskapen. Bjørgo og Heradstveit (1993, s. 12) spør seg om korleis ein kan vere sikker på at det ein har målt eller drøfta, kjem inn under omgrepet når ein ikkje kan definere omgrepet på ein relativt presis måte. Svaret er at det kan ein ikkje vere sikker på. Bjørgo nemner eit døme på omgrepsuklarleik kring *høgrekestremisme*. Han seier at når forskarar likevel vel å nytte seg av dette omgrepet, er det både fordi dei manglar eit betre alternativ, og fordi det av og til kan vere føremålstenleg å ha ein liten merkelapp som samanfattar relaterte fenomen, for å fokusere på både likskapar og skilnader mellom fenomen (Bjørgo, 1995b, s. 2).

Eit anna døme på gråsoner rundt eit samfunnsfenomen er *vald*. Vald har eit variert utval av føremål og kan ha mange tydingar om ein samanliknar kulturar rundt om i verda (Riches, 1986, preface). Konteksten som omgrepet blir brukt i, vil difor kunne vere med og endre forståinga, og dette gjer det vanskeleg å samanlikne fenomen som må seiast å vere globale.

Referansar og haldepunkt er viktige hjelpemiddel som gjer det lettare å forstå omgjevnadene. Det forenkler tolkingsprosessen sidan vi kan dra nytte av informasjon frå tidlegare erfaringar for å forstå ny informasjon. Forståinga vil difor vere farga mellom anna av samfunnsforholda der den som tolkar, kjem frå. Tid er ein annan faktor som kan gjere at forståinga vil kunne endre seg. Vi tolkar samfunnsfenomen ut frå referanserammene våre, som igjen skaper forståinga. Dei ulike definisjonane av fenomenet blir farga av motivet for å definere. Kven har bruk for definisjonen, kva skal han brukast til, og kvifor må ein definere?

Generelt kan vi seie at ein definisjon gjev meaning til eit ord eller uttrykk ved hjelp av andre ord eller uttrykk. I arbeidet med å redusere språkleg uklarheit og tvitydigheit er definisjonar ein viktig reiskap (Fjelland, 1999, s. 61). Somme meiner at ein ikkje skal drive omfattande leiting etter meininga eller essensen av eit ord. Karl Popper hevdar at dette fører

til endelause og meningslause debattar om meininga av ord. Han vedgår likevel at definisjonar som instrumentelle verktøy i nokre høve vil kunne ha ein verdi (Engene, 1998, s. 24).

Ein samfunnsvitar kan kanskje leve godt med ein definisjon med fleire gråsoner enn til dømes ein strafferettsjurist i ei straffesak kan. Men det er gode grunnar for å strekkje seg etter så klare definisjonar som råd. Vage og vide definisjonar kan vere problematisk til dømes når det gjeld legalitetsprinsippet i norsk lov. Dette er ein konstitusjonell rettsregel som krev heimel i lov for at det offentlege skal kunne gjennomføre vedtak (Nordenhaug & Engene, 2008, s. 39). Det er i strid med denne rettsregelen dersom innbyggjarane i ein stat ikkje kan forstå kva for handlingar som er straffbare. Omgrepsforståinga som ligg til grunn i norsk straffelovgjeving for å hindre terrorisme, er det sett nærare på i kapittel 5 i studien.

Det kan også tenkjast at det finst aktørar, til dømes politikarar, som har interesse av at terrorisme og politisk vald ikkje blir definerte med for skarpe skilje. Engene (1998, s. 27) peikar på at politiske motstandarar kan stemplast som terroristar for at ein sjølv skal oppnå ein politisk gevinst ved å sverte andre. Ei forenkla førestelling om eit fenomen kan prege mottiltaka som blir sette i verk, og gje rom for lite gjennomtenkte løysingar på eit meir komplekst problem. Ein strikt definisjon vil kunne avgrense moglegheita for subjektiv tolking og såleis minske den politiske handlefridommen (Engene, 1998).

I arbeidet med studien har det vore nyttig med ei viss omgrepsavklaring av fenomenena. Ein måtte då bestemme seg for den beskrivinga som ein meinte låg tettast opp til den verkelegheita ein opplever. På lik line med andre som vel definisjonar av terrorisme og politisk vald, er valet som er gjort her, prega av oppgåveskrivarens bakgrunn og hans tolking av fenomenena og omgjevnadene.

4.4 Definisjonsproblematikk

«The presence or absence of organized crime here and anywhere else depends upon how you define it», seier ein amerikansk polititenestemann om organisert kriminalitet i *The American Mafia* (Larsson & Myklebust, 2004, s. 7). Sjølv om polititenestemannen refererer til organisert kriminalitet, er definisjonsproblematikken slående lik det som er funne i studien. Ein djuptloddande diskusjon av fenomenena terrorisme og politisk vald ville ta for mykje plass, og ville fortrenge problemstillinga. I staden har ein nøydd seg med til ein viss grad å omgrepsfeste terrorisme og politisk vald og peike på og diskutere nokre av faktorane som gjer omgrepa uklare. Eit spørsmål er korleis fenomenet terrorisme blir forstått i den nye kapittel 18 i straffelova av 2005, som omfattar terrorhandlingar. Ein av grunnane til at terrorisme blir

diskutert meir utfyllande enn andre former for politisk vald, er at mykje av studien dreiar seg om omgrepsforståinga i kapittel 18 i straffelova av 2005.

Svært mykje av faglitteraturen som handlar om terrorisme og politisk vald, byrjar med ein diskusjon rundt definisjonen av omgrepa. Trass i ein felles kjerne i dei fleste definisjonane (t.d. terrorisme ved å spreie frykt for å påverke andre enn offera) finst det moment som er vesentleg ulike (t.d. i kva grad ein stat kan drive terrorhandlingar). Omgrepet terrorisme er politisert og ber med seg ei moralsk fordømming (Bjørge & Heradstveit, 1993, s. 12). Det rår ei viss omgrepsforvirring i samfunnsdebatten, og ei omgrepsavklaring er nødvendig.

At ein må vite kva ein skal sjå etter for å finne det, høyrst gjerne ut som ei sjølvsgd utsegn. Men dette gjeld ikkje minst når ein leitar etter hendingar som kan reknast til gråsonene innanfor terrorisme og politisk vald. Mange hendingar kan framstå slik at dei ved første augekast ser ut til å kome inn under desse fenomena. Ved nærare undersøking har det vist seg at ei avgrensing ved hjelp av ein definisjon har vore eit viktig verktøy i tolkinga av dei mange hendingane ein har sett på.

4.5 Fenomenet vald

Det eit tolkingsspørsmål kva som skal reknast som vald – eller ikkje. I mange tilfelle er det kulturelle forhold som avgjer spørsmålet. Vald blir i mange samfunn assosiert med noko negativt, og ordet blir ofte brukt om ei uynskt handling, ei ikkje-legitim handling.

I utgangspunktet er det staten Noreg som har monopol på all bruk av vald her i landet, om ein ser bort frå valdshandlingar som er utførte slik at det gjev grunn til straff-fritak, som naudverje eller naudrett. Når politiet bruker skarpe og retta skot mot menneske i ein naudrettsituasjon, er det døme på statleg valdsbruk på det mest ekstreme i fredstid. Det er eit viktig poeng at denne valdsbruken er legitim.

Som nemnt er tid ein av mange referansar som gjer at eit fenomen kan forståast ulikt, til dømes om ei handling er legitim eller ikkje. For ikkje så mange åra sidan var det også i Noreg ikkje sjeldan at borna fekk ein øyrefik som straff, og det vart rekna som ein vanleg måte å oppdra dei på. Sjølv om den fysiske maktbruken ikkje var stor, tenkte nok dei fleste foreldre seg om også på den tida. I dag blir fysisk straff ramma mellom anna av kapittel 22 i straffelova av 1902, som handlar om brotsverk mot liv, lekam og helse. Foreldre som straffar borna fysisk, risikerer at politiet og barnevernet blir involvert.

Det kunne ha vore praktisk å kome fram til ein enkel definisjon av vald som har hovudelement av fysisk maktbruk. Riches (1986, s. 4) gjev eit døme på det han meiner er ein overforenkla definisjon av vald: «the intentional redendering of physical hurt on another

human being». Denne definisjonen samsvarar nokså godt med måten vald blir omtala på i straffelova kapittel 22. Så enkelt er det likevel ikkje. Som mange andre samfunnsfenomen ser ein, når ein byrjar å reflektere over det, at fenomenet vald er langt meir komplekst enn det ein kanskje trudde.

Parkin (Riches, 1986, s. 205) diskuterer forholdet mellom vald som fysisk øydelegging og vald som ikkje-fysisk krenking. Han hevdar at i vestlege samfunn blir vald som fysisk øydelegging rekna som meir krenkjande enn vald som er ikkje-fysisk krenkjande og støytande. Han bruker som døme at det å bryte seg inn i bilen til ein person ofte blir vurdert som meir krenkjande enn det å frekt forstyrre ein person i bøn eller medan han studerer eit kunstverk. Ei slik vekting av desse formene for vald er slett ikkje så klar i eit afrikansk samfunn. Ein kan trekkje parallellar til Muhammed-teikningane som vart publiserte i Jyllandsposten, og dette perspektivet kan vere ein av grunnane til dei sterke reaksjonane hos nokre grupper av muslimar.

Når Bjørgo diskuterer konseptet vald i boka *Racist and Right-Wing Violence in Skandinavia*, slår han fast at vald er noko meir enn ei fysisk handling (Bjørgo, 1997, s. 17). Han legg ein mental dimensjon til det fysiske aspektet ved den politiske valden (s. 20). Frykt er eit viktig verktøy i bruk av terrorisme. Om ein legg til dette, får ein straks ei langt meir kompleks forståing av omgrepet politisk vald.

Éin ting er korleis norsk lov tolkar valdsbruk, noko anna er korleis omgrepet blir forstått i daglegtalet. Då vil ein i mange høve tenkje på former for skadeverk og sabotasjehandlingar som er utførte på ein brutal måte, som ei form for valdsbruk.

4.6 Omgrepet politisk vald

I forskarverda er politisk vald eit svært vidt omgrep. Fenomenet kan romme alt frå krig til tagging av politiske slagord. Ein viktig lærdom som søka i faglitteraturen har gjeve, er at det ikkje finst noka fullstendig felles forståing av politisk vald, og at det difor truleg heller ikkje vil bli ein global definisjon av fenomenet i næraste framtid. Dette er eit funn som ein kunne vente, sett i lys av diskusjon framanfor rundt omgrepsproblematikken. Meir overraskande er det at ein i arbeidet med studien har funne lite som minner om definisjonar av politisk vald. I staden nyttar forskingslitteraturen uttrykk som er ein kombinasjon av omgrepa terrorisme og politisk vald, til dømes *politisk terrorisme* og *terroristisk vald*. Omgrepet politisk vald kjem i skuggen av det meir mediepotente omgrepet terrorisme, og dette er ein av grunnane til at det finst få definisjonar. Omgrepet politisk vald er langt mindre nytta enn omgrepet terrorisme, både i forskarverda og i media.

David Riches (1986, s. 3) nyttar i artikkelen «The Phenomenon of Violence» ordet *politisk* i den mest generelle tydinga, som «referring to that component of social life in which people seek influence or control over the actions of other». Ut frå denne beskrivinga er det ein politisk dimensjon i alle sosiale forhold, og omgrepet er då tolka svært vidt.

Også Engene ser politisk vald som eit vidare fenomen enn terrorisme:³

Politisk vold er et langt vidare fenomen enn terrorisme og omfatter dermed også langt mer, langt flere former, typer eller sammenhenger der vold benyttes for å oppnå et politisk formål. Graden av organisering og institusjonalisering kan variere betydelig. Begrepet benyttes om vold i alt fra politiske protestaksjoner, over opptøyer, til terrorisme, opprør, revolusjon, statskupp og krig. Noen vil argumentere for å begrense politisk vold til tilfeller av irregulær voldsbruk, i betydningen ulovlig eller ukonstitusjonell og dermed utelukke tilfeller av statlig voldsbruk. Skillet vold/(tvangs-)makt kommer inn her.

Tor-Geir Myhrer har inntrykk av at politisk vald som omgrep blir tolka meir utvida enn valdsomgrepet i straffelova.⁴ Til dømes blir ulike former for sabotasjehandlingar og skadeverk ofte rekna som former for politisk vald. Valdsbrota som er omtala i straffelova av 1902 kapittel 22, om brotsverk mot liv, lekam og helse, er generelt meir integritetsinngripande enn slik mykje av den politiske valden kan tolkast.

Hague og Harrop (2001, s. 120) har denne definisjonen av politisk vald: «Political violence consists of ‘those physically injurious acts directed at persons or property which are intended to further or oppose governmental decisions and public policies’.» Definisjonen legg vekt på den politiske dimensjonen og at valden kan rette seg mot både personar og gjenstandar. Studien byggjer på denne definisjonen av politisk vald.

Alle dei 19 informantane som vart intervjuja, vart spurde kva dei la i omgrepet politisk vald. Dei hadde på førehand fått tilsendt intervjuguiden og var førebudde på spørsmålet. To av dei hadde ikkje lese intervjuguiden før intervjuet. Som venta var svara nokså ulike. Samtidig var nokre element i svara overraskande like. Jamt over inneheldt dei fleste forklaringane deira fleire element, som bruk av frykt, tvang og truslar for å tvinge igjennom eller få merksemd om ei politisk endring. Dette er viktige kjerneelement i svært mange terrorismedefinisjonar, men treng ikkje nødvendigvis vere med i alle former for politisk vald, slik fenomenet blir tolka i studien.

³Jan Oskar Engene, førsteamanuensis i samanliknande politikk, Universitetet i Bergen. E-post 22.11.2010.

⁴Tor-Geir Myhrer. Intervju 22.04.2010.

4.7 *Terrorisme som gråsonefenomen – ein tankemodell om samfunnsfenomenet terrorisme*

«Terrorism [...] is one of the most used but least commonly understood words in the English language» (Engene, 1998, s. 25). Denne påstanden samsvarar godt med det inntrykket av fenomenet terrorisme ein har fått gjennom arbeidet med studien.

Bjørgo hevdar at fenomenet terrorisme ikkje kan beskrivast som ein klart avgrensa sirkel som er svart inni og kvit utanfor, men snarare som eit fenomen som har ein kolsvart kjerne og tonar ut i grått og over mot kvitt. Det er stort sett semje om sjølve kjernen av det som er terrorisme, men sterk usemje om avgrensingane der fenomenet tonar ut i grått. Når ulike definisjonar prøver å avgrense fenomenet terrorisme, kan det sjåast på som ein gummistrikk som dei som definerer, prøver å plassere litt ulikt, eller å trekkje og dra strikken i ulike retningar for å definere noko som innanfor og noko anna som utanfor det som skal kallast terrorisme. Ulike definisjonar vil trekkje ulike sirklar rundt kjernefenomenet, og desse sirklane er berre delvis overlappende.⁵ Bjørgo kallar dette ein tankemodell over fenomenet terrorisme. Tankemodellen er eit forsøk på å beskrive eit fenomen som ikkje er naturgjeve, men heller må forståast som ein sosial konstruksjon. Modellen vil bli brukt i ein komparativ diskusjon i det siste kapittelet i studien i lys av seks hendingar.

Nokre element går igjen i mange definisjonar av terrorisme, til dømes at frykt blir brukt som verkemiddel saman med ein kommunikasjonsstrategi, eller at valden er meint å gje ein effekt på andre enn dei som direkte blir utsette for valden. Det er når ein nærmar seg ytterkanten av omgrepsforståinga, at uklarheita blir større og forskarane ikkje lenger er så samde i avgrensinga (Bjørgo & Heradstveit, 1993, s. 11). Døme på grenser er når hendingar nærmar seg andre former for politisk vald, kriminalitet, skadeverk, sabotasjehandlingar, krig og geriljakrig. Terrorisme er altså eit fenomen med gråsoner som flyt over i andre former for vald og øydelegging (Romarheim, 2005, s. 1). Mellom forskarar er det også aukande semje om at det ikkje finst nokon enkelt «terrorisme», men fleire ulike «terrorismar» (Bjørgo, 2005, s. 2), altså at det er ulike typar terrorisme som manifesterer seg ulikt i framtoning og form.

Ein kan få fram fleire nyansar ved fenomenet terrorisme ved å dele den sosialt konstruerte gråsonesirkelen inn sektorar, omtrent som blautkakeestykke. Sektorane inneheld ulike former for meir eller mindre terrorismeliknande vald. Til nærare ein kjem kjernen i sirkelen, til meir ligg hendinga i sektorane innanfor viktige kjerneelement som terrorismeforskarar kan samle seg om. Nokre av definisjonane dreg sirkelen langt ut frå

⁵ Tore Bjørgo. Professor. Samtale 20.09.2011.

kjernen i somme sektorar, men held seg nærmare kjernen i andre. Men det er uklare skiljelinjer mellom sektorane, og dei flyt gjerne over i kvarandre.⁶

Nedanfor er det teke med nokre døme på sektorar, men oversikta er langt frå uttømmande. Nokre sektorar tonar ut i grått fordi det er usikkert om det dreiar seg om eit politisk motiv, til dømes kriminalitet der motivet bak ei valdshandling primært er økonomisk vinning og ikkje politisk. Motiviet kan også vere ei blanding av økonomiske og politiske motiv. Det er ikkje uvanleg at terroristar har utført profittmotivert kriminalitet for å kunne finansiere terrorverksemd med politisk føremål. På den andre sida har også terrorverksemd vorte utført med eit økonomisk motiv bak. Det er påvist ein aukande trend med kopling mellom terrorisme og anna kriminell verksemd (Bjørøgo, 1995a, s. 10). Ei slik samanblanding av sektorar kan gjere det vanskeleg å avgjere om ei hending som ser ut som ei terrorhandling, er ideologisk eller profittmotivert, og dermed eit element i definisjonsproblematikken. Det manglande politiske motivet kan også kome av spesielle trekk ved aktøren, til dømes at ei handling som elles har eit terroristisk preg, er utført av ein person med avvikande verkelegheitsoppfatning eller psykose.

Nokre hendingar ligg i ein sektor der det ikkje er tvil om at det ligg eit politisk motiv bak handlinga, men det handlar meir om sabotasje og vald mot ting, og fryktelementet er svakare. Dette er nokså typisk for mange av skadeverka som er utførte av radikale dyre- eller miljøvernrsørsler i Noreg. Ein gråsonesektor kan med andre ord innehalde vald mot gjenstandar eller skadeverk med eit politisk motiv.

Ein annan sektor gjeld vald mot menneske. Fryktelementet blir større jo meir den fysiske valden er retta direkte mot ein person eller har potensial for å skade nokon. Men det er heller ikkje vanskeleg å viske ut grensene i denne dimensjonen. Dersom ei brannbombe blir brukt mot ein innvandrarbutikk, er handlinga då retta mot bygningen eller mot personar? Målet kan vere å ramme butikken, men effekten kan òg bli frykt hos folk. Om det budde nokon i bygningen, forsterkar det frykteelementet og fører hendinga lenger inn mot kjernen i sirkelen.

Det finst også sektorar som forskarane er svært usamde om. Eit døme er om statlege aktørar kan vere moglege terroristar og utføre såkalla statsterrorisme. I nokre sektorar er terrorisme avgrensa til valdshandlingar med eit politisk motiv, medan andre inkluderer terrorisme som er gjord med kriminell hensikt, til dømes for å oppnå økonomisk vinning.

⁶ Tore Bjørøgo. Samtale 20.09.2011.

I somme sektorar er fenomenet avgrensa til å gjelde berre angrep på sivile, medan andre inkluderer militære og politimål i fredstid (Bjørge, 2005, s. 2).

4.8 *Meir om omgrepet terrorisme*

Usemja rundt fenomenet terrorisme dreiar seg ofte om beskrivinga av fenomenet, og ikkje i like stor grad kva som er årsaka til fenomenet (Engene, 1998, s. 19). Terrorisme og politisk vald har kanskje meir enn mange andre samfunnsfenomen fleire normative, politiske og ideologiske implikasjonar i seg. Spørsmålet om korleis terrorisme skal definerast, er difor sterkt politisert. Ordet blir stort sett nytta av dei som er vitne til eller er offer for terrorisme, ikkje av dei som utfører sjølve handlinga. Ein rund definisjon opnar for misbruk av ordet terrorisme, og vil til dømes kunne utnyttast til å svekkje politiske motstandarar (Engene, 1998, s. 42). Andre som burde reknast som terroristar, slepp kanskje dette stempelen fordi dei har støtte frå den rette parten eller får sympati for saka dei kjempar for (Nordenhaug & Engene, 2008, s. 14). Terrorisme er altså eit omgrep som vekker sterke negative assosiasjonar. På grunn av at det er uklart, kan det vere freistande å bruke omgrepet utover det det er tilnærma konsensus om. Nordenhaug og Engene (2008, s. 15) nemner som døme dataterrorisme og narkoterrorisme.

Bjørge og Heradstveit stiller spørsmålet om ein kan forkaste terrorismeomgrepet og berre tale om politisk vald. Dei konkluderer likevel med at omgrepet terrorisme bør behaldast fordi det kan knytast til ei spesiell form for politisk vald (Bjørge og Heradstveit, s. 8). Eit argument som støttar denne konklusjonen, er at det truleg finst politiske aktørar som har interesse av at fenomenet ikkje blir definert med for skarpe skilje. Ein strikt definisjon ville kunne avgrense moglegheita for subjektiv tolking og dermed avgrense handlefridommen til verksemdar.

Ein djuptgåande diskusjon der ein set ulike definisjonar opp mot kvarandre, ville ha vore for omfattande i studien. I staden viser ein til to definisjonar som har mykje av dei same elementa i seg. Den eine er formulert av Nordenhaug og Engene (2008, s. 15), som kallar terrorisme valdsbruk som med overlegg rammar sivile for å skape ein effekt på andre. Den andre definisjonen er det Bjørge og Heradstveit (1993, s. 30) som har kome fram til:

Terrorisme er systematisk bruk av vald og øydelegging – eller trugsmål om dette – med sikte på å skape ein tilstand av frykt, få oppmerksomhet om ei sak, presse nokon til å gi etter for visse krav, og å oppnå ein verknad òg på andre enn det direkte offeret eller målet for valdshandlinga.

Begge disse definisjonane framhevar vald for å påverke andre enn den som er det direkte offeret, men Bjørgo og Heradstveit har med eit viktig element: bruken av frykt (sjå nedanfor). Ulikskapen elles gjeld detaljnivået i definisjonane. Ein lang definisjon kan bli lite brukarvennleg og uoversiktleg, medan ein kortare kan bli for generell. Når omgrepet terrorisme er brukt seinare i studien, er det definisjonen til Bjørgo og Heradstveit som ligg til grunn.

Definisjonen til Bjørgo og Heradstveit har nokre svakheiter. Til dømes kan han tolkast slik at alle vilkåra i definisjonen må vere oppfylte for at ein skal kunne kalle ei handling terrorisme. Det første og det siste vilkåret («med sikte på å skape ein tilstand av frykt» og «å oppnå ein verknad òg på andre enn det direkte offeret eller målet for valdshandlinga») må vere med, medan dei to andre («få oppmerksomhet om ei sak» og «presse nokon til å gi etter for visse krav») kan reknast som døme på alternative strategiar som ikkje nødvendigvis må vere til stades for at ei handling skal kallast terrorisme.⁷

Det er påfallande at Noreg opererer med to legaldefinisjonar av terrorhandling. Definisjonen i straffelova er grundigare diskutert i kapittel 5 i studien. Sikkerhetslova § 3 nr. 5 definerer terrorhandlingar som «ulovlig bruk av, eller trussel om bruk av, makt eller vold mot personer eller eiendom, i et forsøk på å legge press på landets myndigheter eller befolkning eller samfunnet for øvrig for å oppnå politiske, religiøse eller ideologiske mål» (Sikkerhetsloven, 1998). På nettsida til Politiets sikkerhetstjeneste står det at denne definisjonen gjeld for sikkerhetslova, men at han ikkje treng vere juridisk dekkjande i alle samanhengar.

Når det gjeld definisjonsproblematikken kring omgrepet terrorisme, konkluderer Jan Oskar Engene i doktoravhandlinga si med at det er konsensus i forskarmiljøa om at ein framleis vil måtte leite etter kva essensen i terrorisme er (Engene 1998).

4.9 *Kommunikasjonselementet i omgrepsforståinga av terrorisme*

«Politikk handlar for ein stor del om å *etablere mening*» (Heradstveit & Bjørgo, 1992, s. 11). For å etablere mening må det formidlast ein bodskap til andre ettersom politisk påverknad berre skjer gjennom kommunikasjon. Engene (1998, s. 56) hevdar at terrorisme er definert som ei form for kommunikasjon som er basert på bruken av vald. Også i Bjørgo og Heradstveits definisjon er kommunikasjon eit nøkkelement (Bjørgo & Heradstveit, 1993, s. 32). Terroristar formidlar ein politisk bodskap for å vinne oppslutning om saka dei kjempar for. Det er dette dei tidlege russiske terroristane kalla propaganda gjennom handling (Bjørgo,

⁷ Tore Bjørgo. Samtale 20.09.2011.

1995a, s. 13). Kommunikasjonselementet som strategi har då også ein sentral plass i mange definisjonar av omgrepet terrorisme i faglitteraturen.

Terrorisme kan tolkast som ei valdeleg handling som er planlagd spesielt for å skaffe merksemd, og gjennom den publisiteten dette gjev, kommunisere ein bodskap (Hoffman, 2006, s. 173). Dersom valdshandlingane blir slegne stort opp i media, kan jamvel mindre aksjonar få verknad langt utover det handlinga skulle tilseie (Bjørøgo, 1995a, s. 12). Terroristen vel offer på grunnlag av kommunikasjonspotensialet som offeret har (Bjørøgo, 1995a, s. 14). Mange terrorhandlingar er skreddarsydde for å gje store medieoppslag sidan dei spelar på skremsel og dramatikk. Media har fått kritikk for å gå terroristane sitt ærend. Ein kan trekkje samanlikningar til dei mange kyrkjebrannane, dei fleste på 1990-talet, utan at ein i studien vil hevde at dette var terrorhandlingar. Bergens Tidende fekk mykje kritikk for måten avisa dekte mange av kyrkjebrannane på, og kritikarane påstod at dette fungerte som reklame og inspirasjon til fleire kyrkjebrennarar.

Men det finst også døme på det motsette. Bjørøgo (1995a, s. 21) nemner nokre vestlege land der styresmaktene har oppnådd å samarbeide med media. Det kan vere avtalar som gjer at terroristar ikkje får den dekninga og PR-en dei ynskjer. Journalisten Pål Refsdal vart kidnappa av Taliban i Afghanistan, det vart kravt løysepengar hausten 2009. Rett nok var ikkje dette ei terrorhending, men det er eit døme på at styresmaktene i Noreg klarte å stagge mediedekninga av den svært mediepotente saka, sidan oppslag ville kunne skade forhandlingane. Det er sjeldan at styresmaktene greier å hindre nyheitsoppslag i så dramatiske saker. Mange spør seg om det var fordi Refsdal sjølv var journalist, at samarbeidet mellom styresmaktene og media fungerte så godt.

Terrorisme er ein svært upåliteleg kommunikasjonsstrategi. Ei terrorhandling kan skape sterke, men ofte heilt ukontrollerte effektar. I den grad valdshandlinga kommuniserer ein bodskap, vil det som regel bli oppfatta heilt ulikt av ulike mottakargrupper (Bjørøgo, 1995a, s. 15). Valdshandlingar kan ofte setjast inn i fleire alternative meiningsrammer, og terroristar kan difor ikkje vere sikre på at bodskapen blir tolka slik meininga var. Problemet med å analysere ikkje-språkleg kommunikasjon er at ein ikkje kan rekne med å finne ei eintydig og bestemt tyding (Bjørøgo & Heradstveit, 1993, s. 34).

Fleire former for politisk vald kan kanskje ikkje tolkast som terrorhandlingar, men har likevel eit kraftig ekspressivt element i seg, til dømes sabotasjehandlingar som Dyrenes FrigjøringsFront driv mot pelsdyrindustrien. Det kommunikative aspektet om dyrevern, som organisasjonen oppnår ved å få mediemerksmd, kan nesten sidestilla med det å øydeleggje drifta av ein pelsdyrgard.

Terroristisk vald kan slå tilbake på terroristen. I studien blir ikkje DFF rekna som ein terrororganisasjon, men rørsla har stått bak mange aksjonar som kan tolkast som politisk vald. Mykje av omtalen som organisasjonen har fått i media, er negativ, sjølv om mange nok kan ha forståing for saka. Dei siste åra har DFF i stor grad gått bort frå skadeverk og heller nytta media som medspelarar for å setje fokus på dårleg dyrehold. I skrivande stund er dei ikkje langt unna å få igjennom eit lovforslag i Stortinget mot pelsdyroppdrett.

4.10 Elementet frykt i omgrepsforståinga av terrorisme

Frykt er eit nøkkelmoment i fenomenet terrorisme og går igjen i dei aller fleste terrorismedefinisjonane som det er sett på i studien. Bruken av frykt må vere meint som eit middel for å oppnå ein påverknad på andre enn offera, og som skal gje ein politisk gevinst, for at handlinga skal reknast som ei terrorhandling etter definisjonen til Bjørgo og Heradstveit.⁸ Terrorist er ein som prøver å skremme folk til å gjere det han eller ho ynskjer. Noko som skil terrorisme frå andre former for vald, er den planlagde bruken av tvang og skremsel (Bjørgo & Heradstveit, 1993, s. 18). Det å nytte seg av strategiar som er eigna til å skremme, er eit viktig element i terrorismen.

Evna til å spreie frykt heng nøye saman med kommunikasjonselementet og samspelet med media, som det er vist til framanfor. Dersom terroristane ikkje får mediemerksemd, er det vanskeleg for dei å nå målet om å spreie frykt. Mangelen på kommunikasjonskanal gjer også at evna til å påverke andre enn den som blir utsett for det fysiske angrepet, blir redusert.

For den politisk motiverte terroristen er siktemålet å skape eit klima av frykt i ei vidare målgruppe enn dei direkte offera for valdshandlinga. Den politiske leiarskapen i landet angrepet er retta mot, er kanskje det vanlegaste målet for slike valdshandlingar. Meininga er å få leiarskapen til å endre fordelinga av gode og byrder.

Terroristar går gjerne til angrep på ein uskuldig tredjepart eller ein person som er i staden for den dei eigentleg ynskjer å påverke. Tanken er at ei uroa befolkning skal påverke regjeringa si til å endre politisk retning (Romarheim, 2005, s. 3). Terroristar kan altså spele på frykt for å oppnå ein effekt på andre enn dei direkte offera for handlinga, i ein grad som skil terrorisme frå andre former for politisk vald.

⁸ Tore Bjørgo. Samtale 20.09.2011.

4.11 Graden av legitimitet – ein skilnad mellom terrorisme og politisk vald

Bjørge og Heradstveit (1993, s. 16) peikar på at det er generell semje i forskarmiljøa om at terrorisme er ei spesiell form for politisk vald, snarare enn eit synonym for det. Ein forenkla måte å forklare skilnaden mellom fenomena terrorisme og politisk vald på er å seie at terrorisme er ei form for politisk vald, men at ikkje all politisk vald er terrorisme.

Graden av legitimitet illustrerer eit skilje mellom terrorisme og andre former for politisk vald. Dei fleste definisjonane ser på terrorisme som ein illegitim metode, utan omsyn til politiske mål (Bjørge, 2005, s. 2). Terrorisme som politisk strategi er stort sett ikkje legitimt for andre enn terroristen og ei avgrensa mengd støttespelarar. Former for politisk vald kan derimot vere legitim bruk av makt. Ein krig som er i tråd med Genèvekonvensjonen og prinsippa for krigens folkerett, er ei legitim politisk valdshandling. Norsk militær deltaking i Libya, Afghanistan og Kosovo er døme på at Noreg som nasjonalstat nyttar legitim politisk vald som det har vore relativt brei aksept for.

4.12 Oppsummering

I studien har ein valt å sjå litteraturgjennomgangen i samanheng med omgrepsfestinga av terrorisme og politisk vald fordi dette er vove inn i kvarandre.

Ifølgje Karl Popper er det viktig å byggje forskning på kunnskap som alt finst, for stadig å kunne utvikle djupare innsikt. Mykje av denne kunnskapen finst i forskingslitteratur. Under arbeidet har ein ikkje funne forskning med den same problemstillinga som studien, men det er vist til litteratur som har noko av det same temaet. Viktige byggjesteinar har vore NUPI-arbeidsnotatet til Heradstveit og Bjørge (1988) og masteroppgåva til Vedal (2009).

Ein stor del av litteraturen som det er lagt vekt på i studien, handlar om forskingsmetode og forskingsetikk. Særleg sentrale har Johannessen et al. (2009) og Thagaard (2009) vore. Yin (2009) har vore aktuell i samband med diskusjonen av hendingar i kapittel 6. *Forskningsetisk veileder for Politihøgskolen* er brukt som rettesnor for forskingsetikken. Også Alver og Øyen (1997) har vore sentral for å avklare etiske problem i forskingsprosessen. Mykje av forskingslitteraturen er sett i samanheng med omgrepsfesting av terrorisme og politisk vald. Det gjeld ikkje minst Riches (1986), Bjørge (1997) og Engene (1998).

Terrorisme og politisk vald er gråsonefenomen. I studien er det lagt mykje arbeid i omgrepsavklaring av fenomena. Terrorisme kan forklarast som ein sirkel med ein kolsvart kjerne. Til lenger ein kjem bort frå kjernen og ut i gråsonene, til vanskelegare er fenomenet å

avgrense. Det er ingen skarpe skilje i sirkelen ut mot andre former politisk vald eller kriminalitet. Sirkelen kan vidare delast inn i sektorar etter kva form terroren tek.

Ein har funne langt fleire definisjonar av samfunnsfenomenet terrorisme enn av fenomenet politisk vald. Politisk vald er i studien tolka som eit langt vidare fenomen enn terrorisme, sjølv om begge har ein politisk dimensjon. Det at i det norsk lov finst to legaldefinisjonar av terrorhandling, er illustrerande for ei viss omgrepsforvirring i lovverket.

Ein av skilnadene mellom terrorisme og politisk vald er at politisk vald i somme tilfelle kan vere legitimt. Det kan ikkje ei terrorhandling vere.

5 Omgrepsforståinga av fenomenet terrorisme i kapittel 18 i straffelova av 2005, og faktorar som har påverka utforminga av lova

I dette kapittelet blir det søkt etter omgrepsforståinga som ligg til grunn for fenomenet terrorisme i kapittel 18 i straffelova av 2005. Kapittel 4 i studien inneheld ein generell diskusjon om omgrepsforståing av terrorisme og politisk vald. Ein har ikkje prøvd å gje djupe juridiske analysar av lovføresegnene, men vil mellom anna ta for seg den juridiske definisjonen av terrorhandling. Ein grundig diskusjon av kva som har vore med og forma omgrepsforståinga av terrorisme i den nye straffelova, vil vere altfor omfattande, og ein må nøye med å sjå på nokre av dei faktorane som peikar seg mest ut. Det vil kunne gje ein peikepinn på kva omgrepsforståing lovgjevaren har lagt til grunn for kapittel 18. Nokre av dei viktigaste internasjonale føringane som Noreg har slutta seg til, blir også diskuterte. Noreg har ynskt eit tettare internasjonalt samarbeid, og dette har vore med og forma kapittel 18. I tillegg er det teke med nokre former for politisk vald som ikkje blir ramma av lovføresegnene. Vidare blir det sondert litt rundt skuldkravet i kapittel 18 i straffelova av 2005 og dagens «terrorlovgjeving».

Det må poengterast at dette ikkje er ein jusstudie, og at lovverket og forarbeida blir vurderte ut frå at oppgåveskrivaren ikkje har juridisk embetseksamen. Å arbeide med omgrepsforståingar i kapittel 18 i straffelova av 2005 kan nok likevel vere nyttig, sjølv om det ikkje skjer gjennom augo til ein jurist. Generelt har lovgjevaren vore flinkare enn i eldre straffeføresegner til å formulere lovteksten slik at føresegnene er meir forståelege for personar utan særlege juridiske kvalifikasjonar. Slik sett vil ein lekmanns gjennomgang av lovverket kunne ha verdi når det gjeld å finne omgrepsforståinga der av terrorisme.

Angrepa på USA 11. september 2001 var av ein karakter som ein knapt har sett tidlegare i internasjonal terrorisme. Sterke bilete i internasjonale medium av fly som flaug rett inn i Pentagon og World Trade Center, skremde ei heil verd. Desse hendingane førte til ein sterk motreaksjon frå det internasjonale samfunnet og gav både internasjonal politikk og internasjonal lov ein ny dimensjon (Husabø & Bruce, 2009, s. 1). Ein av motreaksjonane mot terrorisme har vore bruk av lovmessige verktøy i samband med handel, innvandring, finansar og straffeprosess. «Underlying all these legal measures is a consensus that the seriousness of terrorism and its consequences makes it a crime against which the community has a right and an obligation to protect itself» (Husabø & Bruce, 2009, s. 1). Dette har også prega utforminga av kapittel 18 i straffelova av 2005.

Men kapittel 18 er ikkje berre eit resultat av internasjonale føringar etter 11. september. Kapittelet må sjåast i lys av revisjonen av heile den norske straffelova, som har vore ein lang og omfattande prosess.

5.1 *Revisjon av straffelova av 1902*

Tanken om ein fullstendig gjennomgang og revisjon av straffelova av 1902 var eitt av fleire forslag i St.meld. nr. 104 (1977–78) *Kriminalmeldingen*. Stortinget forstod at dette arbeidet ville vere svært omfattande og tidkrevjande. Difor vart det oppretta ein kommisjon som skulle gjennomgå straffelovgjevinga. Han vart kalla straffelovskommisjonen og fekk tilslutning i Stortinget ved ein kongeleg resolusjon 26.09.1980 (Myhrer, 2008, s. 97).

I Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) (s. 33–34) er det peika på fleire grunnar til at reforma av straffelova vart sett i gang. Den gamle straffelova av 1902 hadde ein struktur og ei språkdrakt som var gammaldags og tungvinn og gjorde det nødvendig med endringar. Eit mål var difor at føresegnene skulle bli lettare å forstå for folk flest. I straffelova av 1902 fanst det også ein del lovføresegner som høvde for andre tider og samfunnsforhold enn slik det er i dag, og ein del av arbeidet med revisjonen av straffelova var å ta ut slike føresegner. Odelstingsproposisjonen peikar på at det trengst nye straffereaksjonar, til dømes er det eit auka behov for å kunne leggje beslag på utbyte av kriminell verksemd gjennom inndraging. Det er også behov for å samordne strafferammene og vurdere straffverdien av eksisterande straffeparagrafar.

I skrivande stund er statusen for den nye straffelova at ho vart vedteken i Stortinget i 2005, men pr. oktober 2011 er det berre kapittel 16, «Folkemord, forbrytelse mot menneskeheten og krigsforbrytelse», som har teke til å gjelde. Tor-Geir Myhrer er professor ved Politihøgskolen og har vore førstestatsadvokat. Han har tidlegare arbeidd som lovrådsgjevar i Justis- og politidepartementet, og var med i arbeidet med utforminga av den nye straffelova av 2005. Han trur at resten av straffelova av 2005 vil tre i kraft tidlegast i 2015.⁹ Om ikkje internasjonale avtalar krev framskoten iverksetjing av kapittel 18, kan ein ikkje rekne med at dette kapittelet vil tre i kraft før tidlegast i 2015. Då har det gått 35 år sidan arbeidet med å revidere straffelova tok til.

Ifølgje Myhrer er ein av grunnane til at det går så lang tid før lova kan ta til å gjelde, svikt når det gjeld administrasjonen av lovverktøyet. Materiell- og datatenesta i politietaten har ikkje klar eit datasystem som inneheld kodane for dei nye lovføresegnene.¹⁰ Politiet er ikkje den einaste etaten som enno ikkje er godt nok førebudd på å administrere den nye

⁹ Tor-Geir Myhrer. Samtale 12.07.2011.

¹⁰ Tor-Geir Myhrer. Intervju 22.04.2010.

straffelova. Lagdommar Jan Erik Erstad ved Gulating lagmannsrett gjer merksam på at i fleire straffeparagrafar i straffelova av 2005 er strafferammene auka.¹¹ Dette viser at lovgjevarens ynske om eit høgare straffenivå gjev føringar for strengare straffeutmåling i domstolane. Straffeparagrafar med høgare strafferamme vil auke moglegheita for å anke ei sak, og det vil gjere domsprosessen meir omstendeleg og ressurskrevjande. Eit generelt høgare straffenivå i straffelova av 2005 vil også setje større krav til utvida soningskapasitet i fengsla.

5.2 Om å tolke lovføresegner

Når ein skal tolke ei lovføresegn, er det ikkje nok å berre lese lovteksten og teksten i lovforskrifta. Rettspraksis, det vil seie tidlegare avgjerder når domstolane har brukt denne lovføresegna, er ein av referansane for tolking.

Gjeldande norsk straffeføresegn som er meint å ramme terrorisme, §§ 147a–c i straffelova av 1902, har vore prøvd i domstolane av påtalemakta ved eit fåtal hendingar. Ei av dei var då Arfan Bhatti vart tiltala etter denne lovføresegna. Natta til 17. september 2006 vart det skote mot ein synagoge i Oslo, og det som ein meinte var planlegging av eit terrorattentat mot anten den amerikanske ambassaden, den israelske ambassaden eller synagogen, var hovudfokuset i rettssaka. Saman med to andre personar vart Bhatti tiltala etter terrorlova for å ha utført ei terrorhandling og for å vere i terrorforbund. Oslo tingrett poengterte at terskelen for å bli dømd etter «terrorparagrafen» skulle vere høg. To vilkår måtte vere oppfylte: Det måtte vere ei konkret avtale som var endeleg og alvorleg meint, og handlinga måtte vere gjord med terrorforsett, til dømes for å skape alvorleg frykt mellom folk. Tingretten meinte at Bhatti stod bak skytinga mot synagogen, men at det ikkje hadde vore ei terrorhandling. Punktet i tiltalen som galdt terrorisme, vart ikkje anka av statsadvokaten.

Slike hendingar skaper rettspraksis og er førande avgjerder for domstolane i liknande saker seinare. Rettspraksisen får konsekvensar for kva tid påtalemakta vurderer at ei sak seinare kan fremjast for domstolen og ha sjanse til å få ei domsavgjerd som er nokolunde i tråd med straffpåstanden som aktor legg fram i saka. Med andre ord er rettspraksisen ein viktig referanse i tolkinga av terrorisme, målt opp mot norsk lov. Enno er det ingen som er dømd etter straffeparagrafane 147a–c.

Til sjuande og sist er det eit tolkingsspørsmål korleis ein skal forstå ei lovføresegn. Viktige tolkar i denne samanhengen er norske domstolar. Domstolane si tolking av straffelova av 1902 §§ 147a–c i rettssaka mot Arfan Bhatti gjev viktige referanserammer for bruk av

¹¹ Jan Erik Erstad, lagdommar ved Gulating lagmannsrett. Samtale 21.06.2010.

desse «terrorparagrafane» i komande rettssaker, og rettspraksis vil difor vere ei kjelde for omgrepsforståinga.

For å kunne vite om ein har funne den tolkinga som lovgjevaren har lagt til grunn for lovføresegna, må ein også sjå etter andre forhold som har vore med på å påverke utforminga av lova. Forarbeida til ei lov kan vere viktige kjelder når domstolen skal vurdere om ei handling blir ramma av lovteksten i ein straffeparagraf. Mykje av forarbeida til kapittel 18 finst i odelstingsproposisjonar, og fleire av proposisjonane viser at internasjonale føringar har påverka innhaldet i kapittelet.

5.3 Internasjonale føringar og ynske om eit breiare internasjonalt samarbeid

I Ot.prp. nr. 61 (2001–2002) blir det hevda at angrepet mot USA 11. september 2001 var det mest alvorlege som nokon gong har vore gjennomført av terroristar (s. 5). Men same kor stort angrepet er i historisk samanheng, er dette ein milestolpe også for Noreg i kampen mot terrorisme. Det gjeld både breidda i tiltaka som norske styresmakter set i verk, og endringar i tiltaka, ikkje minst lovgjevinga. Hendinga vart rekna som eit direkte angrep på USA, Noregs næraste allierte etter Atlanterhavspakta. Det har fått konsekvensar for Noreg etter artikkel nr. 5 i pakta, som handlar om solidariske forsvarsforpliktingar for NATO-landa.

Tidlegare hadde Noregs trusselbilette i samband med faren for terrorhandlingar stort sett vore sett ut frå lokale forhold. Det gav eit lågt trusselnivå. Etter angrepet blir trusselbiletet sett i eit globalt perspektiv. Dette perspektivet kjem også fram i den norske lovgjevinga, mellom anna i kapittel 18 i straffelova av 2005. Justis- og politidepartementet understrekar likevel at det ikkje er trusselen om terrorhandlingar her i landet som er ei viktig årsak til behovet for å endre lovgjevinga, og at internasjonale forpliktingar er hovudårsaka til endringane. Men det er kanskje rettare å seie at oppfatninga om ein auka trussel mot Noregs næraste allierte har ført til internasjonale forpliktingar for Noreg.

Fram til 22.07.2011, då terroristen Anders Behring Breivik utførte ein massakre på Utøya og detonerte ein sprengladning i regjeringskvartalet, har Noreg vore spart for alvorlege terrorangrep som har ført til tap av mange menneskeliv i nyare tid. Men vi treng ikkje sjå særleg langt for å finne ein heilt annan historikk sett i lys av terrorisme. Nordenhaug og Engene (2008, s. 145) peikar på at i fleire europeiske land stammar lovverket mot terrorisme frå tida før 11. september 2001. Det gjeld særleg land som frå 1970- og 1980-talet hadde problem med intern terrorisme. Frankrike, Spania, Italia og Tyskland har lenge hatt eit eige lovverk som rammar terrorisme. Desse landa opplevde terrorhandlingar utførte av

separatistiske terroristar og høgre- og venstresradikale grupperingar, og det har forma dei rettslege verktøya som landa har nytta for å bekjempe fenomenet.

Omgrepsforståinga i kapittel 18 i straffelova av 2005 byggjer på den same som ligg til grunn for gjeldande §§ 147a–c i straffelova av 1902, og ein må difor sjå på arbeidet som ligg bak desse lovheimlane, når ein prøver å forstå den nye «terrorlovgjevinga». Ot.prp. nr. 61 (2001–2002) høyrer med til forarbeida til straffelova av 1902 for §§ 147a–c. Sidan terrorismen er internasjonal, må kampen mot terrorisme skje på tvers av nasjonale grenser. Det må etablerast lovheimlar som gjer det mogleg å ramme bakmenn og støttespelarar i terrornettverka der dei er. Proposisjonen legg særleg vekt på at det er viktig å kutte pengestraumane som finansierer terrorhandlingane, og som terrornettverka er avhengige av (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), s. 2).

Noreg har mange internasjonale forpliktingar og er bunden av vel 20 konvensjonar som er med på å forme straffelova. Kapittel 8.1 i Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) slår fast at lovendingane i kapittel 18 i straffelova av 2005 stort sett er grunna i at dei er nødvendige for å oppfylle dei folkerettslege forpliktingane våre. FN-konvensjonen av 9. desember 1999, om bekjemping av finansiering av terrorisme, og FNs tryggingråds resolusjon 1373 av 29. september 2001, er implementerte i §§ 147a–c i straffelova av 1902 i norsk rett, som mellom anna set krav til tiltak for å hindre terrorfinansiering.

Om internasjonale føringar og samarbeid heiter det i Ot.prp. nr. 8 (2007–2008):

Utviklingen gjer at de norske lovgiverne ved vedtakelsen av en ny straffelov ikke utelukkende kan bygge på nasjonale rettspolitiske vurderinger av hvilke handlinger som er straffverdige. På enkelte områder gjer de internasjonale forpliktelsene nå seg så sterkt gjeldende at det kun er mindre valg som er overlatt til de nasjonale lovgiverne. (s. 27)

Terrorhandlingar er en utpreget global kriminalitet, og en effektiv bekjemping av den krever et godt utviklet og velfungerende internasjonalt samarbeid. (s. 154)

Desse utsegnene viser at vilje til eit tettare samarbeid med EU har vore viktig for regjeringa i starten av dette hundreåret: «Norge [er] ikke rettslig bundet av EUs initiativer, men det er naturlig å følge opp en politikk Norge har sluttet opp om, jf. den felles holdningen» (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), s. 27). St.meld. nr. 23 (2005–2006) *Om gjennomføring av europapolitikken* viser at samarbeidstanken held fram: «Norge må aktivt og på et tidlig tidspunkt forholde seg til videreutviklingen av det justis- og innenrikspolitiske samarbeidet i Europa, med sikte på bred deltakelse i dette samarbeidet» (s. 25).

Mykje av det regjeringa gjer i forhold til terrorisme, ber preg av å vere symbolpolitikk. Det vil seie at regjeringa framstår som meir målretta når det gjeld politikk som inneber å ta avgjerder for å markere noko politisk som ikkje nødvendigvis kan knytast til konkrete effektar av desse avgjerdene (Nordenhaug og Engene, 2008, s. 55). Føremålet er i stor grad å skremme terroristar frå å utføre terrorhandlingar, vise solidaritet med andre land som er ramma av terrorisme, eller demonstrere handlekraft overfor eiga befolkning. Dette er også eit av føremåla med innføringa av kapittel 18.

Internasjonale forpliktingar har altså ført til ei mengd konkrete endringar i Noregs kamp mot terrorisme. Til dømes gav terrorfinansieringskonvensjonen og resolusjon 1373 i Tryggingrådet grunnlag for å innføre ein eigen straffeparagraf mot finansiering av terrorisme og ein eigen paragraf om bandlegging av midlar med tilknytning til terrorverksemd (Nordenhaug og Engene, 2008, s. 144).

5.3.1 EUs rammevedtak av 13. juni 2002 om bekjemping av terrorisme

Når ein prøver å finne ut kva omgrepsforståing som ligg til grunn for terrorisme i straffelova av 2005, er det nødvendig å sjå på nokre internasjonale føringar som har vore med og påverka forståinga. I studien har ein måtta nøye seg med å kaste eit raskt blick på nokre av dei viktigaste. Mykje av inspirasjonen til kapittel 18 i straffelova av 2005 er henta frå EUs rammevedtak av 13. juni 2002 om bekjemping av terrorisme.¹² Dette avsnittet går nærare inn på dette vedtaket og omgrepsforståinga som vedtaket reflekterer.

Ideen om eit EU-rammevedtak for bekjemping av terrorisme vart lansert 5. september 2001 og var difor ikkje eit direkte resultat av angrepa nokre dagar seinare, 11. september. Det er likevel ikkje tvil om at angrepa gav fortgang i prosessen i arbeidet (Husabø & Bruce, 2009, s. 55). Rammevedtaket gjev ein definisjon av kva som skal reknast som ei terrorhandling. I vedtaket finn ein igjen det kvalifiserte kravet til forsett – terrorhensikt – som også straffelova av 2005 legg til grunn i sin definisjon av terrorisme:

Ifølge rammebeslutningen artikkel 1 (1) skal visse handlinger anses som terrorhandlinger dersom de er begått forsettlig og ytterligere to vilkår er oppfylt: Handlingen må etter sin art eller sammenheng kunne skade en stat eller en mellomstatlig organisasjon alvorlig, og den må være begått med terrorhensikt. I kravet om terrorhensikt ligger det at handlingen må være begått «med det formål alvorligt at intimidere en befolkning, eller uretmæssigt at tvinge offentlige myndigheder eller en international organisation til at foretage eller til at undlate at foretage en handling, eller alvorligt at destabilisere eller ødelægge et lands eller en international organisations grundlæggende politiske, forfatningsmæssige, økonomiske eller samfundsmæssige strukturer». (Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), kap. 8.3.3)

¹² Gjermund Mathisen, politijurist. Intervju 09.06.2010.

Proposisjonen ramsar opp fleire handlingar som skal reknast som terrorhandlingar når tilhøva er slik som det er nemnt framanfor. EUs rammevedtak krev at visse handlingar som er omtala der, skal reknast som terrorhandlingar i den nasjonale lovgjevinga i det enkelte medlemslandet. Det er eit viktig poeng at rammevedtaket ikkje er ein del av Schengen-regelverket, og difor heller ikkje bindande for Noreg. Noreg har likevel valt å ta opp i seg mykje av det som står i vedtaket, for å vidareutvikle det justis- og innanrikspolitiske samarbeidet i Europa.

I motsetning til FNs tryggingråds resolusjon 1373 av 28. september 2001 er ikkje EUs rammevedtak av 13. juni 2002 avgrensa til å handle om internasjonal terrorisme, og ein må rekne at det også omfattar terrorhandlingar som har skjedd i ein enkelt stat (Husabø & Bruce, 2009, s. 56).

5.3.2 FNs tryggingsråds resolusjon 1373 av 28. september 2001

Tryggingsrådet i FN vedtok 28. september 2001 resolusjon 1373. Vedtaket er heimla i kapittel VII i FN-pakta og er dermed folkerettsleg bindande. Punkt 1 i resolusjonen set krav til at alle medlemsstatar skal førebyggje og bekjempe terrorhandlingar (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), avsnitt 5.2).

Resolusjon 1373 gjev ikkje ein klar definisjon eller ei omgrepsforklaring av *internasjonal terrorisme* (Husabø & Bruce, (2009, s. 18). Faktisk er dette omgrepet nytta berre i forordet til resolusjonen. Det er underleg sidan Tryggingsrådet har gjeve så sterke føringar for at terrorisme skal bekjempast, og ei klar forståing av kva det inneber, er av avgjerande betydning. Norske personar og føretak er derimot ikkje utan vidare bundne av vedtak i FNs organ. Noreg måtte gjennomføre resolusjonane i norsk rett for å oppfylle forplikningane etter FN-pakta (Nordenhaug & Engene, 2009, s. 82).

5.3.3 FN-konvensjonen av 9. desember 1999 om bekjemping av finansiering av terrorisme

Medan andre terrorismekonvensjonar ofte rettar seg direkte mot utføringa av ulike terrorhandlingar, tek FNs terrorfinansieringskonvensjon sikte på å bekjempe finansieringa av slike handlingar (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), s. 16). Konvensjonen gjev mellom anna pålegg om at Norge skal gjere det straffbart å finansiere ei terrorhandling, og krev tiltak for å identifisere og eventuelt bandleggje midlar som er sette av for å finansiere slike handlingar. Vidare blir det kravt at Noreg skal straffeforfølgje personar som er mistenkte for å ha gjort terrorhandlingar som konvensjonen rammar, eller utlevere dei mistenkte etter førespurnad.

Noreg overoppfyller til dels forpliktingane sine når det gjeld FN's terrorfinansieringskonvensjon. Straffelova § 147 reknar i tillegg angrep på infrastruktur og livsviktige funksjonar i samfunnet som terrorhandlingar, ikkje berre angrep på menneske. Dette står ikkje i konvensjonen (Vedal, 2009, s. 15).

1. oktober 2001 underteikna Noreg konvensjonen (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002) s. 5). Dette har lagt vesentlege føringar på utforminga av kapittel 18 i straffelova av 2005 og §§ 147a–c i straffelova av 1902.

5.3.4 Slutt på den nasjonale råderetten over straffelovgjevinga?

Eit av dei sentrale poenga med ratifikasjon av internasjonale traktatar og konvensjonar er at dei bandlegg utforming og tolking av nasjonale reglar. Det gjer at lovgjevaren må syte for at nasjonale reglar ikkje strir mot reglane i konvensjonen. Ved å godta internasjonale konvensjonar blir det lagt til rette for harmonisering av nasjonale reglar (Vedal, 2009, s. 14–15).

Straffelova har tradisjonelt vore ei lov som Noreg har ynskt å ha kontroll over sjølv. Myhrer kallar råderett over eiga straffelovgjeving «arvesølvet», og poengterer at dette er lovgjeving som mange nasjonalstatar ynskjer å ha kontroll over.¹³ Internasjonale forpliktingar og føringar gjer at Noreg etter kvart har innsett at ein må lempe litt på den nasjonale råderetten til fordel for eit tettare internasjonalt samarbeid.

5.4 *Gjeldande straffelovparagrafar om terror, §§ 147a–c i straffelova av 1902*

Straffelova av 1902 inneheld straffeføresegner som rammar terrorhandlingar, §§ 147a–b. Desse føresegnene vart gjevne ved lov av 28. juni 2002 nr. 54, og var eit resultat av Noregs ynske om å oppfylle FN-konvensjonen av 9. september 1999 om bekjemping av finansiering av terrorisme og FN's tryggingråds resolusjon 1373 av 28. september 2001, som kom i kjølvatnet av terrorangrepa på USA 11. september 2001 (Vedal, 2009, s. 6). Justis- og politidepartementet føreslo likevel fleire lovendingar for at Noreg skulle kunne oppfylle nye internasjonale forpliktingar som ledd i det internasjonale samarbeidet for å bekjempe terrorisme (Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), kap. 8.1). I 2008 vart difor § 147c, som rammar oppfordring, rekruttering og opplæring til terrorhandling, innført i lovverket. Finansiering av terrorhandlingar blir ramma av § 147b. Studien går ikkje djupt inn i diskusjonen rundt

¹³ Tor-Geir Myhrer. Intervju 22.04.2010.

straffelova §§ 147 b og c, men legg vekt på å diskutere definisjonen av terrorhandling, som står i straffelova § 147a.

Sidan Noreg hadde forplikta seg til å innføre egne straffeføresegner mot finansiering av terrorhandlingar, såg ein også eit behov for å definere terrorhandlingar i straffelova. I forarbeidet til lovføresegnene vart det spurt om ein også her i landet burde innføre egne straffeparagrafar retta mot terrorhandlingar (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), s. 26). Før lovføresegnene i §§ 147a–c vart vedtekne, var ikkje omgrepet terrorisme definert eller nytta i straffelovgjevinga i Noreg. Tidlegare fanst det difor ingen straffeføresegner som retta seg direkte mot terrorisme. Terrorhandlingar var normalt også straffbare tidlegare, men vart ramma av meir generelle føresegner i straffelova, til dømes føresegner om drap, lekamsskading, truslar, tap av fridom, flykapring, brannstifting, sprenging og forgifting av drikkevatn.

5.5 Om terrorisme i straffelova av 1902 – terrorhandling

§ 147a i straffelova av 1902, som står i kapittel 14 om allmennfarlege brotsverk, er det næraste vi kjem definisjonen av terrorisme i norsk straffelov. Sjølve ordet *terrorisme* er ikkje brukt i lovføresegna. I staden definerer lovgjevaren kva som er meint med ordet *terrorhandling*. Medverknad til terrorhandling blir også ramma av føresegna.

§ 147a. En straffbar handling som nevnt i §§ 148, 151 a, 151 b første ledd jf. tredje ledd, 152 annet ledd, 152 a annet ledd, 152 b, 153 første til tredje ledd, 153 a, 154, 223 annet ledd, 224, 225 første eller annet ledd, 231 jf. 232, eller 233 anses som en terrorhandling og straffes med fengsel inntil 21 år når handlingen er begått med det forsett

- a) Å forstyrre alvorlig en funksjon av grunnleggende betydning i samfunnet, som for eksempel lovgivende, utøvende eller dømmende myndighet, energiforsyning, sikker forsyning av mat eller vann, bank- og pengevesen eller helseberedskap og smittevern,
- b) å skape alvorlig frykt i en befolkning, eller
- c) urettmessig å tvinge offentlige myndigheter eller en mellomstatlig organisasjon til å gjøre, tåle eller unnlate noe av vesentlig betydning for landet eller organisasjonen, eller for et annet land eller en annen mellomstatlig organisasjon.

Straffen kan ikke settes under minstestrafen som er bestemt i straffebudene som er nevnt i første punktum.

Med fengsel inntil 12 år straffes den som med slikt forsett som nevnt i første ledd, truer med å begå en straffbar handling som nevnt i første ledd, under slike omstendigheter at trusselen er egnet til å

fremkalle alvorlig frykt. Får trusselen en følge som nevnt i første ledd bokstavene a, b eller c, kan fengsel inntil 21 år idømmes. Medvirkning straffes på samme måte.

Med fengsel inntil 12 år straffes den som planlegger eller forbereder en terrorhandling som nevnt i første ledd, ved å inngå forbund med noen om å begå en slik handling.

Kort oppsummert omfattar altså § 147a terrorhandlingar og truslar om å gjere ei terrorhandling. Paragrafen rammar også forsøk på å utføre terrorhandlingar og det å inngå forbund med nokon om å gjere ei terrorhandling. Det er interessant at det langt på veg er straff-fritt for ein terrorist som opererer åleine, å *førebu* ei terrorhandling, fordi han ikkje har inngått forbund med nokon. Om Anders Behring Breivik hadde vorte pågripen før han hadde montert sprengladninga si, ville han ha fått minimal straff, målt etter straffelova § 147a, siste ledd.

§ 147a nemner ei mengd handlingar i andre paragrafar i straffelova, og slår fast at desse handlingane skal straffast som terrorhandlingar (og ikkje som det ein gjerne kallar alminneleg kriminalitet), dersom dei er gjorde med ei kvalifisert form for skuld, seinare kalla terrorforsett. Den juridiske definisjonen av terrorhandlingar står i § 147a andre ledd. Det er berre brot på nokre av dei mest alvorlege straffeparagrafane som blir rekna som terrorhandlingar i lovføresegna. Ifølgje Ot.prp. nr. 61 (2001–2002) utvidar ikkje lovføresegna området for det som er straffbart. Alle handlingar som kan utgjere ei terrorhandling, har alt strenge strafferammer (s. 92).

Vedal (2009, s. 18) peikar på at grovt skadeverk ikkje kjem inn under straffelova § 147a. Lovgjevaren har ikkje funne det naturleg å knyte terrorisme til bestemte handlingar, sjølv om dei kan føre til stor materiell skade. Det gjer at mange sabotasjeprega handlingar fell utanfor lovføresegna.

Grov lekamsskading etter straffelova § 231 kjem inn under opprekninga av lovbrota i § 147a første ledd berre dersom det har skjedd under særleg skjerpande forhold. Slik sett legg lovgjevaren lista relativt høgt for graden av lekamskrenkjande åtferd. Det kan tenkjast at ein har ynskt å vere forsiktig med rekne valdelege demonstrasjonar som terrorisme. Samtidig forsvinn ein viktig del i sektoren vald mot ting i Bjørgos tankemodell av terrorisme i og med at skadeverk er utelate. Ein kan spørje seg om lovgjevaren har reflektert grundig nok ved å oversjå skremseffekten av skadeverk med potensial for tap av menneskeliv. Skadeverk mot minoritetsgrupper, som eldspåsetjing av innvandarbutikkar eller homsebarar, skjer ofte for å skremme nokon. I prinsippet er dette vald mot ting, men motivet er ofte å setje ei minoritetsgruppe i ein tilstand av frykt. Det er typisk for framandfiendtleg vald at han rettar

seg mot gjenstandar eller bygningar, men føremålet er heilt klart å skremme. Brenning av krossar er ei lite destruktiv handling, men har eit stort potensial for å skape frykt.

Utgreiinga til det såkalla Lund-utvalet, NOU 2003: 18 *Rikets sikkerhet. Straffelovkommisjonens delutredning VIII*, peika på at Noreg, i likskap med mange andre land, har vedteke nye inngripande forholdsreglar av ulik karakter i all hast, og at denne lovgjevingsverksemda går lenger enn til å gjennomføre internasjonale forpliktingar (Nordenhaug og Engene, 2008, s. 119). Også Vedal (2009, s. 13) hevdar at § 147a i straffelova ber preg av å ha vore vedteken i ein rask lovgjevingsprosess, som eit resultat av behovet for å følgje opp internasjonale forpliktingar i tida like etter terrorangrepa mot USA 11. september 2001.

Nedanfor blir innhaldet i straffelova § 147a første ledd bokstavane a–c diskutert nærare. Diskusjonen kring dette byggjer mykje på dei same momenta som Vedal (2009, s. 26–41) har brukt i sin diskusjon kring temaet. Proposisjonen det er vist til med sidetal, er Ot.prp. nr. 61 (2001–2002) *Om lov om endringer i straffeloven og straffeprosessloven mv.*

5.5.1 Straffelova § 147a første ledd bokstav a

«å forstyrre alvorlig»

Kva lovgjevaren meiner med «å forstyrre alvorlig», er i høgste grad eit tolkingsspørsmål. Her må ein sjå til lovforarbeida. I Ot.prp. nr. 61 (2001–2002) står det:

Den sentrale avgrensningen ligger i at funksjonen som forstyrres må være av grunnleggende betydning i samfunnet, og i at forsettet må omfatte det å forstyrre denne funksjonen alvorlig. Kriteriet «alvorlig» stiller strenge krav både til varigheten, omfanget og virkningen av forstyrrelsene. Ved vurderingen må en rekke momenter trekkes inn; hvor stort område som rammes av forstyrrelsen, hvor mange mennesker som blir berørt, hvor store økonomiske konsekvenser handlingen har, hvor varig virkningene er, og hvor vital den grunnleggende funksjonen som forstyrres er. Mindre forstyrrelser er ikke tilstrekkelig. (s. 93)

«grunnleggende betydning»

Føresegna rammar angrep som uroar funksjonar som er svært viktige for samfunnet. Lovteksten peikar på fleire slike funksjonar, som Stortinget, regjeringa, domstolane, energiforsyninga, sikker forsyning av mat og vatn, bank- og pengevesen, helseberedskap og smittevern. Teksten bruker orda «for eksempel», og det viser at opprekninga ikkje er uttømmende. Mykje av tolkinga for kva som kan reknast som funksjonar av grunnleggjande betydning, er overlate til domstolane.

5.5.2 Straffelova § 147a første ledd bokstav b

«å skape alvorlig frykt»

Departementet understrekar at det skal mykje til for at vilkåra i § 147 bokstav b er oppfylte. Det gjeld særleg uttrykket «alvorlig frykt». Om «alvorlig frykt» heiter det i Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), at ved vurderinga av om vilkåra er oppfylte, har det noko å seie om handlingane skjer fleire stader, kor stort farepotensialet er, og kva slags objekt handlingane rettar seg mot (s. 93). Proposisjonen seier ikkje noko om kva form for frykt lovføresegna viser til. Er det frykt for tap av liv og helse, eller kan det også vere frykt for økonomisk tap, materiell skade eller anna som har ein symbolsk verdi?

Proposisjonen gjev døme på forhold som kan gjere at sjølv om handlingane er avgrensa til eit mindre geografisk område, kan dei oppfylle kravet til alvorleg frykt. Det kan gjelde utfall mot styresmaktene eller mot nasjonale symbol. Odelstingsproposisjonen forklarar ikkje kva det er meint med nasjonale symbol. Men ein må til dømes kunne rekne med at brann i ei stavkyrkje er utfall mot eit nasjonalt symbol. Fryktomgrepet er eit viktig element i straffelova § 147a, og det er med i mange andre definisjonar av terrorisme.

«en befolkning»

Vedal (2009, s. 34) trekkjer fram problemet med kva som skal reknast som ei befolkning, og kven dette ordet gjeld. Han spør seg om det er statsgrenser, geografisk område, kultur, etnisk bakgrunn eller religion som definerer «en befolkning».

Lovforarbeida i Ot.prp. nr. 61 (2001–2002) seier litt om dette:

I uttrykket «en befolkning» ligger det at så vel en befolkning i et annet land som i Norge er vernet, og dessuten at vilkåret kan være oppfylt selv om det ikke dreier seg om hele befolkningen i et land, men bare befolkningen i en bestemt region. Også en etnisk minoritet kan utgjøre en «en befolkning» i et land eller på tvers av landegrensene, slik som for eksempel den samiske befolkningen. (s. 93)

Lovføresegna avgrensar ikkje mot den norske befolkninga, og det skulle tyde at terrorhandlingar i utlandet også blir ramma av føresegna. Kulturell, etnisk eller religiøs tilhørslse kan også reknast som ei form for «befolkning». Det sentrale er at dei som utgjør befolkninga, må ha ein felles kultur eller eit samlande livssyn, noko som er identifiserande for kvart enkelt av individa (Vedal, 2009, s. 35). Lovforarbeida er ikkje særleg utfyllande på korleis omgrepet befolkning kan tolkast. Ein finn ikkje svar på det i Ot.prp. nr. 61 (2001–2002).

5.5.3 Straffelova § 147a første ledd bokstav c

«offentlige myndigheter»

Lovføresegna rammar ikkje berre terrorhandlingar mot offentlege styresmakter, men vernar også anna verksemd som dekkjer vitale samfunnsbehov. Som døme blir det vist til terroristar som utfører aksjonar som rammar kraftselskap eller sentral leverandørar av nødvendige medisinar (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), s. 46). Definisjonen er difor ikkje avgrensa til å gjelde berre offentlege styresmakter. Føresegna rammar også den som forsettleg vil øydeleggje til dømes flyplassar eller sentrale kraftliner, slik at det går sterkt ut over eit grunnleggjande samfunnsbehov (jf. «forstyrre alvorlig»).

«mellomstatlig organisasjon»

Om korleis uttrykket «mellomstatlig organisasjon» skal tolkast, heiter det i Ot.prp. nr. 61 (2001–2002):

Uttrykket mellomstatlig organisasjon skal forstås slik at det omfatter internasjonale organisasjoner med stater som medlemmer. Ved den nærmere vurderingen av om en organisasjon er mellomstatlig, skal det tas utgangspunkt i hvordan dette begrepet forstås i folkeretten. Slike organisasjoner kan bli utsatt for trusler eller tvang på samme måte som stater, og har behov for samme vern. Frivillige organisasjoner faller utenfor. Også slike organisasjoner har behov for strafferettslig beskyttelse, men det behovet bør dekkes gjennom de alminnelige bestemmelsene i straffeloven. (s. 94)

«tvinge (...) til å gjøre, tåle eller unnlate noe»

Spørsmålet ein her må stille, er kva det ligg i å tvinge nokon. Om dette seier Vedal (2009, s. 39):

En alminnelig forståelse av ordlyden tilsier at handlingen er gjort i den hensikt å påvirke en avgjørelsesprosess med ulovlige – og som oftest voldelige – midler. «Å tvinge» henspeler typisk til en situasjon hvor et subjekt gjør noe som det ellers ikke ville gjort, og viktigst av alt; mot sin egen vilje.

«av vesentlig betydning»

Vedal spør kva som skal til for at tvangen som offentlege styresmakter eller mellomstatlege organisasjonar blir utsette for, kan reknast som av vesentleg betydning. Er det då eit krav at verksemda til styresmaktene eller organisasjonen blir endra eller stansar (Vedal, 2009, s. 40)? Dette seier ikkje lovteksten eller forarbeida i Ot.prp. nr. 61 (2001–2002) noko om.

5.6 *Kapittel 18 i straffelova av 2005 og ny lovgjeving for bekjemping av terrorisme*

Gjermund Mathisen var tilsett i Justis- og politidepartementet og var med i utvalet som utforma kapittel 18 i det nye straffelova av 2005. Han var juridisk rådgjevar ved Efta-domstolen i Luxemburg då han vart intervjuet i samband med studien. Også Mathisen seier klart at kapittelet er forma for å oppfylle internasjonale forplikningar, og at grunnen har mindre å gjere med ein auka terrortrussel i Noreg.¹⁴ Internasjonale forplikningar er primærkjelder for inspirasjon til utforminga av dei norske føresegnene om terrorhandlingar. Desse forplikningane er difor viktige i tolkinga av omgrepforståinga som ligg til grunn for kapittel 18 i straffelova av 2005.

Straffelovgjevinga er eit kulturprodukt. Ho speglar på eit visst tidspunkt kva for interesser og verdiar som vart rekna som så viktige at angrep på dei bør kriminaliserast, og kva åtferd som trugar desse verdiane (Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), s. 33).

§ 147a i straffelova av 1902 inneheld som nemnt ikkje ordet *terrorisme*, men ordet *terrorhandling* er brukt. Lova nøyer seg med å gjere enkelte handlingar som er utførte med spesielt forsett, det som er kalla terrorhandlingar, straffbare. Slike handlingar kan straffast med fengsel i inntil 21 år når handlinga er gjord med forsett. Føresegner som rettar seg mot terrorhandlingar, finst særleg i § 147a og § 147b, men departementet føreslår fleire lovendingar for å gjennomføre dei nye internasjonale forplikningane som Noreg har, som eit ledd i det internasjonale samarbeidet for å bekjempe terrorisme. Straffelova av 2005 byggjer på norske og felleseuropeiske rettsprinsipp. Departementet meiner at alt i alt fører dette berre til ei beskjedne nykriminalisering. Dei fleste handlingane ville også vorte ramma av straffelova av 1902. Men forslaget inneheld meir spesialiserte straffeføresegner som gjer at straffansvaret for terrorhandlingar, og ikkje minst terrorrelaterte handlingar, blir meir synlege (Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), kap. 8.1).

Vedal diskuterer § 147a i straffelova av 1902 i mastergradstudien sin. Han meiner at det er ein fare med denne føresegna at ho er vid og gjev stort rom for tolking. Som døme på det nemner han at om Noreg blir ramma av eit omfattande terrorangrep, kan det skje det han kallar rettsleg panikk. Han peikar på at utforminga av § 131 i straffelova av 2005 langt på veg er den same som dagens straffelov § 147a første ledd (Vedal, 2009, s. 14).

«Terrorparagrafane» 147a og 147b i straffelova av 1902 har fått nye paragrafnummer (131–135) og blir vidareførte med få viktige justeringar. Eit heilt kapittel i straffelova av 2005 gjeld

¹⁴ Gjermund Mathisen. Intervju 09.06.2010.

terrorhandlingar og annan terrorrelatert aktivitet, medan straffelova av 1902 er delt opp i tre paragrafar om terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar. Fleire av paragrafane i kapittel 18 i straffelova av 2005 er ei opprekninga av former for lovbrøt som saman med terrorhensikt skal reknast som terrorhandlingar.

Noreg ynskjer å nærme seg EUs rammevedtak av 13. juni 2002 artikkel 1(1) om bekjemping av terrorisme. Straffelova av 2005 § 131 første ledd listar ikkje opp fleire former for grovt skadeverk, som dermed heller ikkje blir rekna som terrorhandlingar. Lovgjevaren har ikkje vilja rekne demonstrantar som valdar skade, som terroristar. Dette er eit lite brot med EUs rammevedtak, og norsk lov er difor ikkje fullstendig harmonisert med rammevedtaket på det punktet (Vedal, 2009, s. 44–45). Det verkar fornuftig sidan demonstrantar tradisjonelt ikkje har vore rekna som terroristar i norsk forstand, sjølv om valdelege opptøyar har ført til vesentleg økonomisk tap og personskade. Dersom det norske lovverket var fullstendig harmonisert med EUs rammevedtak, ville det vere fare for at til dømes ungdommane som demonstrerte med valdeleg midlar mot Israel i opptøyane i Oslo i 2009, ville vorte rekna som terroristar. Det same gjeld mange av dei valdeleg demonstrasjonane som Blitz-miljøet har stått for på 1980- og 1990-talet.

5.7 Viktige skilnader mellom § 147a i straffelova av 1902 og § 131 i straffelova av 2005

Påstanden om at kapittel 18 i straffelova av 2005 hovudsakleg har karakter av justering av gjeldande reglar, kan diskutertast. I studien blir det kort peika på nokre av skilnadene som ein meiner det er mellom den gamle og den nye lovføresegna når det gjeld kampen mot terrorisme. Dette er nødvendig som ein del av diskusjonen kring omgrepsforståinga av terrorisme. Dette er nødvendig som ein del av diskusjonen kring omgrepsforståinga av terrorisme. Ein skilnad mellom dei gamle og dei nye «terrorparagrafane» er knytt til graden av forsett.¹⁵ Sjølve definisjonane av terrorhandling i lovføresegnene i straffelova av 1902 og straffelova av 2005 er det mykje likt, men nokre viktige skilnader finst. I avsnitta nedanfor vil ein gå nærare inn på nokre slike punkt.

I den nye straffelova av 2005 § 131 er utforminga av føresegna langt på veg den same som i § 147a første ledd i gjeldande straffelov. Dei andre ledda har fått tildelt kvar sin paragraf, medrekna truslar, medverknad og forbund (Vedal, 2009, s. 14). Truslar, medverknad og forbund står i §§ 133, 134 og 137 i straffelova av 2005.

¹⁵Gjermund Mathisen. Intervju 09.06.2010.

5.7.1 Terrorrelaterte handlingar

Straffelova av 1902 § 147a definerer terrorhandling i norsk strafferett. Justis- og politidepartementet gjekk inn for at definisjonen skulle først vidare i § 131 i straffelova av 2005 (Vedal, 2009, s. 16). Det er interessant å merke seg at då Vedal skreiv masteroppgåva si i 2009, var det ingen konsensus internasjonalt om korleis terrorhandling skulle definerast i internasjonalt tilpassa lovverk. Dette samsvarar godt med den uklarleiken om omgrepsforståinga som ein har funne om terrorisme og politisk vald, og som er diskutert i kapittel 4 i studien.

Justis- og politidepartementet gjev ein definisjon av terrorrelaterte handlingar: «Med terrorelaterte handlinger siktes det til handlinger som har en tilknytning til selve terrorhandlingen, men som det ikke er naturlig å karakterisere som terrorhandling i seg selv» (Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), kap. 8.1). Ei terrorrelatert handling er dermed meir indirekte knytt til sjølve terrorhandlinga, gjerne i form av førebuing. I proposisjonen heiter det vidare at EUs rammevedtak gjer at statane ikkje berre må kriminalisere handlingane som er lista opp i artikkel 1, men at desse handlingane uttrykkjeleg må omtalast som terrorhandlingar i den nasjonale lovgjevinga. Dette er eit døme på at ein ynskjer ei felles omgrepsforståing av slike handlingar.

Det er altså viktig å kome fram til ei omgrepsforståing av terrorrelaterte handlingar, som er så konkret som råd når det gjeld kva for handlingar som skal inngå. Då blir det mindre rom for skjønnsmessige vurderingar.¹⁶ Ulempa er at opplistinga i artikkel 1 i EUs rammevedtak ikkje inneheld andre handlingar som kanskje burde reknast som handlingar gjorde med terrorføremål. Det bind handlefridommen til den enkelte staten med omsyn til kva som skal reknast som terrorhandlingar, og harmonisering av strafferammene.

5.7.2 Terrorforsett og terrorhensikt

Utgangspunktet for å kunne straffast etter norsk strafferett er at det er vist tilstrekkeleg grad av skuld i forhold til det objektive gjerningsinnhaldet i ein straffeparagraf (Andenæs, 2004, s. 208). Skuld blir i juridiske termar omtala som forsett. Kort sagt kan ein seie at graden av forsett handlar om i kva grad handlinga vart gjort med vitende og vilje. Graden av forsett er ein viktig skilnad mellom § 147a i straffelova av 1902 og § 131 i straffelova av 2005. I § 147a i straffelova av 1902 er kravet til skuld vanleg forsett. I § 131 i straffelova av 2005 har ein valt å heve kravet til skuld ved å krevje ei endå meir kvalifisert form for skuld. Ein har kalla

¹⁶ Tor-Geir Myhrer. Intervju 22.04.2010.

det terrorhensikt. Dette skuldkravet finn ein også igjen i EUs rammevedtak, og det er ein del av dei internasjonale tilpassingane i norsk strafferett.

Ifølgje departementet skal altså visse særleg alvorlege straffbare handlingar reknast som terrorhandlingar dersom dei er utførte med eit bestemt føremål, det departementet kallar terrorhensikt:

Departementet går i hovedsak inn for å videreføre definisjonen av terrorhandlingar i straffeloven 1902 § 147a. Departementet foreslår imidlertid å snevre inn definisjonen noe ved å erstatte dagens terrorforsett med terrorhensikt. (...) Terrorhensikten gjenspeiler at målet med terrorhandlingar er å skape kaos, frykt eller å påvirke avgjørelser. (Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), kap. 8.1)

Lovgjevaren ynskjer med dette å setje eit endå sterkare fokus på motivet for terrorhandlingar. Det må kome fram kva som er drivkrafta hos gjerningsmannen for å gjere ei terrorhandling, og kva som er tankane bak handlinga. Sinnstilstanden avgjer om det dreiar seg om ei terrorhandling eller eit «alminneleg» drap (Vedal, 2009, s. 8). Kva konsekvensar gjerningsmannen har ynskt å provosere fram, er avgjerande. Det er ikkje krav om at konsekvensane faktisk har hendt (Vedal, 2009, s. 45).

Straffansvaret i straffelova av 2005 blir altså meir subjektivt retta fordi innstillinga hos gjerningsmannen er meir avgjerande enn før. Det å skulle vurdere gjerningsmannens tankar med ei terrorhandling gjer at det bevismessig vil vere endå meir krevjande å få nokon dømd etter den nye lovføresegna enn etter § 147a i den gamle straffelova. Eit resultat av det meir kvalifiserte forsettet i straffelova av 2005 § 131 er at det skal meir til for å dømme ein person for brot på den nye terrorlovgevinga enn etter den lova som gjeld i dag. Faren for ei terrorhandling som kan føre til tap av menneskeliv, vil kunne tvinge politiet til å arrestere ein person før ein har kunna byggje opp ei straffesak med sterke nok bevis til at det held i ein rettssal, målt opp mot kapittel 18 i straffelova av 2005. Det vil kunne føre til at påtalemakta ikkje kan leggje fram godt nok underbygde saker for domstolane.

Det er interessant å merke seg at Dommerforeningen i høyringsfråsegna si hevda at skuldkravet burde vere at gjerningsmannen hadde vist hensikt og ikkje forsett, som er skuldkravet i 147a (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), s. 46). Ved vurderinga av kva som skulle vere skuldkravet i denne paragrafen, meinte departementet at det skulle vere forsett og ikkje

hensikt. Men i den nye «terrorlovgjevinga» av 2005 er det likevel hensikt som har vorte skuldkravet.

Etter straffelova av 2005 § 132 kan ein person straffast med i fengsel i inntil 30 år for grove terrorhandlingar. Det heng tett saman med at 2005-lova har eit sterkare krav til subjektiv skuld i forsettet om terrorhensikt. Hensikta må spegle av ei målretta og medviten handling, og at terrorhandlinga er grov. Slik er forsettet terrorhensikt meir straffverdig enn eit alminneleg forsett (Vedal, 2009, s. 61).

5.7.3 Passiv transformasjon og spesialiserte straffeparagrafar – ein del av internasjonal tilpassing i kapittel 18 i straffelova av 2005

Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), kapittel 3.4, peikar på at det i mange tilfelle har vore mogleg å gjennomføre internasjonale forpliktingar til å ta i bruk straff i det eksisterande lovverket, sidan vilkåra alt har vore oppfylte i meir generelle straffeparagrafar. Passiv transformasjon blir dette kalla i jusspråket. Passiv transformasjon gjev langt større rom for tolking når det skal vurderast om ei handling er brot på ein straffeparagraf. Straffeparagrafar med passiv transformasjon er så generelt forma at dei kan fange opp handlingar som ein kanskje ikkje hadde tenkt på då dei vart innførte. Med andre ord har passiv transformasjon gjort det mogleg å ratifisere konvensjonar utan å endre det nasjonale lovverket.

Kapittel 3.4 i proposisjonen peikar på ein annan fordel med passiv transformasjon, at ikkje all ny kriminaliseringsforplikting resulterer i nye straffeparagrafar: «En mer utstrakt bruk av spesialiserte straffebestemmelser gjør det lettere å bevare bevisstheten om hvilke bestemmelser som tjener til å gjennomføre forskjellige konvensjonsforpliktelser.» Det gjer sitt til at straffelovgjevinga blir ikkje så omfattande, men meir oversiktleg og mindre fragmentarisk. Ei ulempe med passiv transformasjon er at det kan vere vanskelegare å halde oversikt over kva for internasjonale forpliktingar ei generell straffeføresegn oppfyller i norsk rett.

Ei viktig årsak til meir spesialiserte straffeparagrafar i straffelova av 2005 er altså at dette gjer det lettare for kontrollerande overvakingorgan å sjå til at Noreg følgjer opp internasjonale føringar, og at landet verkeleg har implementert desse føringane i den nasjonale lovgjevinga. Spesialiserte paragrafar er også med på å avgrense kva som kan tolkast som terrorhandlingar.

5.8 *Deltaking i terrorgrupper, ulovlege demonstrasjonar og sivil ulydnad*

Departementet ser det ikkje som nødvendig å kriminalisere deltaking i terrorgrupper:

Behovet for en særlig regel om deltaking i terrorgrupper melder seg først når en person ikke kan knyttes til deltakelse i eller planlegging av terrorhandlinger. Det er imidlertid da det er størst prinsipielle betenkeligheter og praktiske håndhevingsproblem forbundet med et straffansvar. (Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), s. 195)

Denne diskusjonen har ein også hatt tidlegare i Noreg når det gjeld forslag om å kriminalisere nokre motorsykkelmiljø der ein viktig del av aktiviteten i miljøet er å gjere lovstridige handlingar. Fokuset har då særleg vore på globale nettverk innanfor organisasjonar som somme meiner er organiserte kriminelle, til dømes Hells Angels og Bandidos. Motførestellingane mot å kriminalisere deltaking i desse organisasjonane er stort sett dei same som Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) peikar på.

Departementet har valt å ikkje ta med ulovlege demonstrasjonar og sivil ulydnad i definisjonen av terrorisme, jamvel om eit av måla med ei terrorhandling ofte er å uttrykkje ei meining for å kunne påverke. Slike aksjonar fell utanom straffelova § 147a så sant deltakarane ikkje samtidig utfører ei eller fleire av dei særleg alvorlege straffbare handlingane som er nemnde i terrorismedefinisjonen i paragrafen (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), s. 45). Det verkar som om ein i departementet har vore svært medviten om at lovføresegna skal omfatte ulovlege demonstrasjonar og sivil ulydnad, og har vore redd for å binde ytringsfridommen.

5.9 *Oppsummering*

Dette kapittelet viser at bakgrunnen for innføringa av paragrafar som skal ramme terrorisme etter §§ 147a–c i straffelova av 1902 og kapittel 18 i straffelova av 2005, i stor grad er internasjonale føringar og ynske om eit tettare samarbeid. Det er ikkje ein auka terrortrussel mot Noreg som ligg bak, men eit ynske om tettare internasjonalt samarbeid i bekjempinga av terrorisme.

Når Noreg sluttar seg til internasjonale traktatar og konvensjonar, inneber det krav til det nasjonale lovverket. Dei meir spesialiserte lovføresegnene har fleire andre funksjonar enn det å ramme former for straffbare handlingar. Dei er også vegvisarar for kva straffereaksjonar og tiltak det er venta at Noreg set i verk for å motverke dei ulike formene for terrorisme som det er vist til i kapittel 18 i straffelova av 2005. Når konkrete former for terrorisme er oppførte

i lovføresegnene, blir det mindre spelerom for tolking av korleis lovgjevaren har meint at straffeparagrafen skal forståast. Dette gjer det lettare å kontrollere at Noreg følgjer det internasjonale avtaleverket som landet har forplikta seg til.

Omgrepsforståinga av fenomenet terrorisme i kapittel 18 er i store trekk den same som i gjeldande §§ 147a–c. Definisjonen av ei terrorhandling i § 147a fell i stor grad saman med § 131 i straffelova av 2005.

Sjølv om lovverket er meir konkret enn tidlegare på kva for former for terrorisme som er å rekne som terrorhandlingar, vil det alltid vere eit tolkingsspørsmål kva som skal reknast som slike handlingar. Tolkinga er det til sjuande og sist domstolane som gjer, og utfallet av tolkinga gjev rettspraksis for tolking i seinare rettsavgjerder.

Eit meir kvalifisert skuldkrav til terrorhensikt har medverka til at lovgjevaren har auka strafferamma for grove terrorhandlingar i § 132 i straffelova av 2005 til den strengaste straffa i norsk lov – 30 års fengsel – når lovføresegna trer i kraft.

Det er fleire gonger teke ut tiltale etter straffelova av 1902 §§ 147a–c. Til dags dato er det likevel ingen som er vorten dømd etter desse paragrafane, og domstolane set store krav til bevis for at nokon skal dømd. Eit meir kvalifisert krav til skuld i straffelova av 2005 § 131 første og andre ledd set også større krav til bevis for motivasjonen til gjerningsmannen. Dette vil truleg ikkje gjere det lettare å få nokon dømd etter dei nye lovføresegnene.

Sidan tolkinga av terrorhandlingar også er farga av referanserammene til dommarane, vil ei komande terrorliknande handling med tap av fleire menneskeliv eller potensial for å skape frykt kunne påverke domstolens krav til bevis, og det vil kunne føre til fleire fellande dommar i framtida.

6 Nokre hendingar med politisk vald i Noreg i tidsrommet 1998–2011

Dette kapittelet gjer greie for og diskuterer seks hendingar i lys av definisjonen av terrorisme til Bjørge og Heradstveit (1993, s. 30) og definisjonen av terrorhandling i kapittel 18 i straffelova av 2005. Ved nokre av hendingane spør ein om det kan vere ei anna form for politisk vald enn desse terrorforståingane.

Valet av hendingar speglar ikkje av kor representative dei er for frekvensen eller konsekvensane av den politiske valden i den tidsperioden som problemstillinga omfattar, men dei kan gje eit inntrykk av nokre av formene som finst innanfor politisk motivert vald. Hendingane illustrerer gråsoneproblematikken innanfor terrorisme og politisk vald som er drøfta elles i studien.

I kvalitative tekstar er det viktig med «tjukke beskrivingar». Det vil seie at teksten ikkje berre skal beskrive, men også tolke dei fenomena som blir presenterte (Thagaard, 2009, s. 21). Når ein i fleire av hendingane har gått relativt langt ned på detaljnivå, er det gjort fordi det gjev viktige moment som skal brukast i tolkinga av dei.

Ifølgje Bjørge er verkelegheita ikkje delt inn i eintydige anten–eller-kategoriar. Valdelege fenomen kan ha element av terrorisme i seg utan at det kan seiast eintydig at dei er eller ikkje er terroraksjonar. Dette handlar om den sosiale konstruksjonen av verkelegheita – som sosiale skapningar prøver vi å ordne ei uryddig verkelegheit inn i meir eller mindre klare kategoriar. Nokre sosiale praksisar og institusjonar, mellom anna rettsapparatet, insisterer sterkt på at kategoriane skal vere eintydige og klare, medan andre, til dømes kvalitativt orienterte forskarar, lever godt med at fenomen er meir diffuse. Kvantitativt orienterte forskarar treng definisjonar som skil mellom anten–eller-kategoriar.¹⁷ Påtalemakta og domstolane må ha mest mogleg fastlagde grenser for kva som skal reknast som terrorhandlingar. Desse grensene kan utgjere skilnaden mellom mange års fengsel og straffefrikjenning for ein person, og det er difor ikkje underleg at lovverket må ha definisjonar med mest mogleg klare grenser. At domstolane ofte må sjå til rettspraksis ved tolkinga av lovføresegner, viser at det er vanskeleg og truleg også umogleg å oppnå slike klare kategoriar. Til dømes har lite rettspraksis i forhold til §§ 147a–c i straffelova av 1902 gjort at det er uklart korleis ein skal tolke desse paragrafane.

¹⁷ Tore Bjørge. E-postkorrespondanse 31.03.2011.

Ein forskar som nyttar seg av kvalitativ metode, vil ikkje nødvendigvis ha det same behovet som domstolane for kategoriar med skarpe grenser mot andre fenomen. Verkelegheita er langt meir kompleks enn det nokon definisjon vil kunne klare å fange opp. Eit for sterkt fokus på klare avgrensingar ville kunne auke risikoen for å miste viktige nyansar, til dømes i samfunnsfenomen som terrorisme og politisk vald. Diskusjonen nedanfor er illustrerande for kor vanskeleg avgrensinga kan vere.

Kapittel 18 i straffelova av 2005 og Bjørge og Heradstveits definisjon av terrorisme (1993, s. 30) er tolkingsrammer som gjev eit forenkla bilete og ei avgrensing av eit samfunnsfenomen. Desse definisjonane er døme på sosiale konstruksjonar og vil berre kunne gje innsikt i nokre av elementa ved fenomenet terrorisme. «Filosofisk tenderer den sosiale konstruktivismen mot idealismen fordi den hevder at virkeligheten får sin mening gjennom de begreper, kategorier og tolkninger som mennesket konstruerer» (Korsnes, 2008, s. 280).

Omtalen og diskusjonen rundt dei seks hendingane i dette kapittelet kan gje inntrykk av at studien er sterkt påverka av den positivistiske vitskapstradisjonen, det vil seie at hendingane nokså konsekvent blir tolka til å liggje innanfor eller utanfor dei definisjonane av terrorisme og politisk vald som er nytta i studien. I den positivistiske vitskapsteorien er vitskapen å rekne som verdinøytral. Her skil ein altså mellom fakta og verdiar. Dette er ein viktig skilnad frå konstruktivismen, som hevar at ingen vitskap er verdinøytral, ettersom vi alle er ein del av samfunnet og verkar saman med det.

Det må presiserast at tolkinga av hendingane berre er forslag til korleis hendingane kan forståast. Ein gjev seg ikkje ut for å ha kome fram til den endelege og sanne tolkinga av hendingane, men diskusjonen fortel noko om kompleksiteten i fenomena terrorisme og politisk vald, som gjer at dei blir omtala som gråsonefenomen.

6.1 Sprengladningen mot lokalet til MC-klubben Bandidos i Drammen i 1997

Dette kapittelet tek for seg ei hending der ein sprengladning vart detonert mot lokalet til motorsykelklubben Bandidos i Konnerudgata 25 i Drammen i juni 1997. Grunnen til at denne hendinga er valt, er at ho illustrerer ei av gråsonene innanfor politisk vald, der ein ser på samanhengar mellom terrorisme og politisk vald på den eine sida og organisert kriminalitet på den andre sida. Det vil bli diskutert om store transnasjonale motorsykelklubbar, som Hells Angels og Bandidos, kan reknast som aktørar i den organiserte kriminaliteten. I nokre tilfelle glir terrorisme og politisk vald over i former for organisert kriminalitet.

I diskusjonen blir det stilt spørsmål om dette var ei hending som kan reknast som terrorisme eller som ei anna form for politisk vald ut frå omgrepsforståinga i studien. Ein ser også på hendingane i lys av kapittel 18 i straffelova av 2005.

6.1.1 Sprengladningen mot Bandidos-hovudkvarteret

Fem menn som hadde tilknytning til MC-klubben Hells Angels gjennom supporterklubben Screwdrivers, vart dømde til lengre fengselsstraffer for medverknad til å detonere ein sprengladning utanfor klubbhuset til den rivaliserande MC-klubben Bandidos i Drammen i juni 1997. Sprengladningen var ei blanding av kunstgjødsel og diesel, og var plassert i ein bil som stod parkert inntil klubbhuset. Sakkunnige vurderte sprengkrafta i ladningen til å vere om lag 40 kilo TNT (Borgarting lagmannsrett, 2003, s. 11). Ei tilfeldig kvinne som køyrde forbi i ein bil, vart drepen momentant i eksplosjonen. Tre medlemmer frå Bandidos klarte å springe vekk før ladningen vart detonert. Dei materielle skadane kom på om lag 285 millionar kroner.

Dommen i Borgarting lagmannsrett la vekt på det tragiske resultatet av handlinga, og slo fast at handlinga var eit utslag av organisert valdskriminalitet, som var ein del av krigen mellom dei to rivaliserande motorsykelklubbane Hells Angels og Bandidos. Retten dømde dei fem gjerningsmennene for brot på straffelova av 1902 § 148 («mordbrannparagrafen») og § 291, jf. § 292, som gjeld grovt skadeverk. Hovudmannen, ein Hells Angels-leiar, vart dømd til 16 års fengsel. Tre av dei fekk 6 års fengsel, medan den siste fekk 12 år. Alle vart også dømde til å betale store pengesummar som erstatning for dei materielle skadane av eksplosjonen (Borgarting lagmannsrett, 2003, s. 7 og 13).

6.1.2 Bindeledd mellom terrorisme og politisk vald på den eine sida og organisert kriminell verksemd på den andre sida

Ein måte å tolke sprenginga av klubbhuset på er å sjå om det finst band mellom terrorisme og politisk vald, og organisert kriminell verksemd. Bjørge (1995a, s. 10) bruker omgrepet kriminell terrorisme. Alle former for terrorisme vil jo bli ramma av ei eller anna straffeføresegn, men når Bjørge vel ordet kriminell, er det truleg fordi han meiner at slike handlingar er motiverte ut frå økonomisk vinning eller ei eller anna form for makt. Han deler bindeledda inn to hovudformer:

- 1 Kriminelle organisasjonar som tek i bruk terroristiske strategiar og verkemiddel
- 2 Politiske ekstremistorganisasjonar som nyttar anna kriminell verksemd som verktøy for å finansiere si terroristiske og politiske verksemd (Bjørge 1995a, s. 10)

Petrakis (2001, s. 120) dreg fram ein tredje variant, det han kallar *narcoterrorism*. Dette gjeld statar som handlar våpen i byte med narkotika, og som støttar operasjonar innanfor narkotikahandel for å auke makta til staten eller skape ustabilitet. Med andre ord er det då ei form for statsstøtta kopling mellom terrorisme og organisert kriminalitet.

Det er den første hovudforma Bjørge peikar på, som blir nærare diskutert i dette underkapittelet. Dette kan vere bruk av skremselstaktikkar, inkludert attentat, bomber, gisseltaking og utpressing, for å oppnå økonomisk vinning (Bjørge, 1995a, s. 10).

6.1.3 Organisert kriminalitet og kriminelle motorsykkelmiljø

Organisert kriminalitet er eit fenomen med gråsoner, på same måten som omgrepa terrorisme og politisk vald. Studien går ikkje inn ein grundig diskusjon rundt omgrepet organisert kriminalitet, for det ville vere for omfattande i forhold til problemstillinga. Ei viss avklaring av om aktiviteten til kriminelle motorsykkelorganisasjonar er å rekne som organisert kriminalitet, er likevel nødvendig for å kunne bruke Bandidos-hendinga som døme på samanheng mellom organisert kriminalitet på den eine sida og terrorisme og politisk vald på den andre sida.

Larsson peikar på at det er omstridt i kva grad kriminelle motorsykkelorganisasjonar, som Hells Angels og Bandidos, kjem inn under omgrepet organisert kriminalitet. Han hevdar at det oftast er brorskap, identitet og livsstil som gjer at somme søker seg til desse organisasjonane. Hovudmotivasjonen er altså ikkje ulovleg utbyte gjennom illegal økonomi (Larsson, 2008, s. 21). Politidirektoratet har eit noko anna syn på kva som kan vere motiva for å bli medlem i kriminelle MC-gjengar: «Kriminalitet synes imidlertid å gjennomsyre klubbenes organisering, støtteapparat og ideologi på en slik måte at det er nærliggende å spørre om også denne dimensjonen er en del av livsstilen» (Politidirektoratet, 2010, s. 13).

Ein kan også spørje seg kor mykje av den kriminelle aktiviteten som går føre seg i regi av organisasjonen, og kor mykje som blir utført av den enkelte medlemen på eiga hand. Det same kan vere aktuelt for mange andre organisasjonar som driv med kriminalitet, til dømes ransmiljøet i Oslo. Er det økonomisk vinning som er drivkrafta, eller er det spenning og identitetsjakt?

Politidirektoratet har valt å rekne mellom anna organisasjonane Hells Angels og Bandidos som aktørar innanfor organisert kriminalitet fordi visse former for kriminalitet går igjen i desse miljøa, som grove narkotikabrotsverk, grov vald, truslar, torpedoverksemd, drapsforsøk og drap (Politidirektoratet, 2010, s. 7). I studien har ein valt å tolke

organisasjonar som Hells Angels og Bandidos som aktørar innanfor organisert kriminalitet, men i lys av momenta til Larsson (2008).

I straffesaka mot dei Hells Angels-støttande medlemene i motorsykkellklubben Screwdrivers la Borgarting lagmannsrett (2003, s. 10) til grunn at dei oppfatta oppdraget som ei sak for klubben. Det er i dette organisasjonsaspektet tilknytninga til organisert kriminalitet viser seg når ein ser samarbeidet mellom fleire personar over eit visst tidsrom. I straffskjerpande retning kjem det forholdet at eksplosjonen var eit utslag av det lagmannsretten kallar organisert valdskriminalitet (s. 11). I dommen seier retten at ein ser på organisert valdskriminalitet som særleg samfunnsskadeleg, i og med at hendinga ikkje berre gjeld dei involverte partane, men også utset uskuldige menneske for stor fare og går ut over eignedommen deira.

I 2003 vart straffeføresegna i § 60a i straffelova av 1902 innført i strafferetten. Føresegna rammar kriminalitet av eit visst alvor som blir gjennomført i meir strukturerte og gjerne profesjonelle former, i samarbeid som er ein viktig del av den kriminelle verksemda, det som blir omtala som organisert kriminalitet. Lovføresegna blir kalla «proffparagrafen» fordi ho rettar seg mot meir profesjonelle lovbrytarar som lovgjevaren reknar som særleg samfunnsskadelege. Slik Borgarting lagmannsrett omtalar handlinga, tyder mykje på at gjerningsmennene også i dag ville bli ramma av denne lovføresegna.

Det rår altså ei viss usemje mellom både politifolk, juristar og akademikarar om kriminelle motorsykkelgjengar skal reknast som organiserte kriminelle. Dermed blir det vanskeleg å finne dekkjande namn på denne forma for kriminalitet. Det gjer det problematisk å avgrense fenomenet og avgjere om kriminalitet utført av aktørar i kriminelle motorsykkelgjengar vil bli ramma av straffelova § 60a.

6.1.4 Var Bandidos-sprenginga ei terrorhandling etter omgrepsforståinga hos Bjørgo og Heradstveit?

Gjerningsmennene i denne saka nytta seg av ein svært kraftig sprengladning. Ei slik handling er i seg sjølv godt eigna til å skape merksemd med media som kommunikasjonskanal. Det er også eit middel som gjev assosiasjonar til andre terrorhandlingar, sidan sprengladningar har vore verkemiddel i mange terroraksjonar. Ettersom eksplosjonen var så kraftig, gjev det mistanke om at handlinga hadde ein ekspressiv funksjon og ein bodskap, i tillegg til å vere eit mordbrannforsøk. Borgarting lagmannsrett la vekt på at sprengladningen hadde eit uvanleg stort farepotensial (2003, s. 11). Ein måte å tolke handlinga på er at dette var ei åtvaring retta

mot Bandidos-klubben om å ikkje trø inn i reviret til Hells Angels i ein maktkamp mellom to kriminelle organisasjonar.

Ekspløsjonen var også godt eigna til å skape frykt som potensiell budskapsplattform. Risikoen for at nokon ville omkome, var stor, og eit menneskeliv gjekk tapt. Tidspunktet for detonasjonen vart valt fordi dette var ein vanleg møtedag i Bandidos (Borgarting lagmannsrett, 2003, s. 11). Ved gjennomføringa av ein så stor eksplosjon måtte ein rekne med at liv ville gå tapt. Handlinga er lite føreseieleg og dermed også vanskeleg å verje seg mot. Dette styrkjer potencialet handlinga har hatt for å skape frykt.

Ut frå omtalen av hendinga har eksplosjonen mange av kjenneteikna på ei terrorhandling. Men ein viktig faktor gjer at hendinga fell utanfor terrorismedefinisjonen i studien. Nordenhaug og Engene (2008, s. 31) omtalar eksplosjonen ved Bandidos-hovudkvarteret som gjengkriminalitet. Dei seier vidare: «Målet gjengene har med sin voldsbruk, er å skade en motpart direkte, heller enn å oppnå en effekt på tredjepart.» Det er dette punktet som gjer at hendinga ikkje kjem inn under definisjonen til Bjørge og Heradstveit (1993, s. 30). Også deira forståing krev at det må vere eit mål å påverke andre enn den som direkte blir utsett for handlinga.

Om ein ser det slik at Hells Angels hadde eit mål om å skremme andre avdelingar av Bandidos eller Bandidos-sympatiserande klubbar enn klubben i Drammen, kan hendinga kanskje tolkast som ei terrorhandling. Bandidos og Hells Angels er konkurrerende motorsykelklubbar også når det gjeld ulike former for kriminalitet, og dei er transnasjonale. Difor vil ein kunne seie at valdsbruken er utført på andre enn dei det er meint å ha ein effekt på. I studien er det ikkje funne data som viser at eksplosjonen var ei åtvaring til andre avdelingar av Bandidos. Likevel er det sannsynleg at dette også skulle vere ein budskap og ei åtvaring til resten av Bandidos-organisasjonen, ettersom klubbane er organiserte i eit paraplyliknande nettverk. Ein kan seie at handlinga vart gjord for å skape ein effekt på andre enn den som vart ramma direkte.

Men sjølv om hendinga er eigna til å skape frykt, for at ho skal ha ein effekt på andre enn den som vart direkte utsett for terrorhandlinga, må ho også ha ein politisk dimensjon for å kunne reknast som terrorisme.

6.1.5 Politisk handling

Nordenhaug og Engene (2008, s. 30–31) bruker sprengladningen mot MC-klubben Bandidos som døme på at terroristiske valdsformer kan nyttast av personar utan politiske motiv. Dei hevdar at det er snakk om gjengkriminalitet, heller enn om politisk vald og/eller terrorisme.

Spørsmålet er korleis ein vel å forstå kva som skal reknast som ei politisk handling eller eit politisk motiv. Då må det vere klart kva ein legg i omgrepet politikk. Mjeldheim (1973, s. 8) seier det slik: «Politikk har å gjøre med fordelingen av goder og verdier i samfunnet.» Dette legg til grunn eit større samfunnsperspektiv enn ein territorial maktkamp mellom to motorsykkelorganisasjonar, og ut frå denne forståinga er det nok tvilsamt om sprengladningen kan reknast som ei politisk handling.

Som det er vist til i kapittel 4, gjev Riches (1986, s. 3) ei anna forståing, og omtalar politikk som «referring to that component of social life in which people seek influence or controlover the actions of other». Ut frå denne omtalen er det ein politisk dimensjon i alle sosiale forhold. Problemet er å avgrense fenomenet. Mange valdshandlingar er nok ein måte å kontrollere andre på. Om ein ser Bandidos-hendinga i lys av denne forståinga, kan det ha noko for seg å diskutere det politiske elementet i bruken av sprengladningen. Hendinga må sjåast i samheng med ei rekkje valdshandlingar som gjekk føre seg i en territorial maktkamp mellom dei rivaliserande MC-klubbane Bandidos og Hells Angels i Norden på 1990-talet.

Bandidos og Hells Angels er organisasjonar med ein hierarkisk struktur, der ideologi og økonomisk profitt er blanda saman. Ein vesentleg del av den kriminelle verksemda dreiar seg om illegal økonomi i samband med narkotikainnførsel, vald, truslar og økonomisk kriminalitet (Politidirektoratet, 2010, s. 17). Denne samanblandinga gjer det vanskeleg å skilje mellom ideologi og økonomiske motiv. Og sjølv om verksemda deira ikkje er politikk som dreiar seg om store samfunnsendingar, kan det seiast å vere politikk på eit lågare plan mellom to organisasjonar, og kamp om makt og marknadsdelar i den illegale økonomien. Men truleg er det dei færreste som reknar det som går føre seg mellom desse motorsykkelklubbane, som politikk. Dermed er det lettare å sjå hendinga som ein del av eit gjengoppgjær.

Ein minner om den definisjonen av politisk vald som det er vist til i kapittel 4, og som studien byggjer på: «those physically injurious acts directed at persons or property which are intended to further or oppose governmental decisions and public policies» (Hague & Harrop, 2001, s. 120). I lys av denne forståinga er det vanskeleg å sjå hendinga som politisk vald eller terrorisme. Ho ligg utanfor gråsonene for det som kan tolkast som politisk vald ut frå den forståinga som er lagt til grunn for fenomenet i studien.

6.1.6 Ville handlinga kunne reknast som ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005?

Terrorbombing blir ramma av § 138 i straffelova av 2005. Sprenginga har ei form som gjer at ho minner om ei handling som kan rammast av straffelova av 2005 § 355, «Fremkalling av fare for allmennheten». Også for denne straffeparagrafen er det eit krav at handlinga må vere gjord med terrorhensikt etter § 131 andre ledd bokstavane a–c, som gjeld terrorhandlingar. I samband med studien har ein ikkje funne haldepunkt for at sprenginga vart gjord med eit slikt motiv. Mangelen på terrorhensikt gjer at hendinga ikkje blir ramma av kapittel 18 i straffelova av 2005, og dermed ikkje er ei terrorhandling etter straffelova av 2005.

6.1.7 Oppsummering

Hendinga i Drammen har mange kjenneteikn som gjer at ho ved første augekast ser ut som eit terrorangrep. Mange assosierer sprengladningar som blir detonerte, med terrorhandlingar. Hendinga er såleis ekspressiv og vel eigna til å skape frykt og krevje merksemd om ein politisk budskap. Handlinga kan tolkast som ei åtvaring til Bandidos i ein kamp om revir.

I studien har ein likevel ikkje funne sterke nok haldepunkt for å hevde at målet med hendinga også var å oppnå ein politisk effekt på andre, slik Bjørge og Heradstveits definisjon krev. Ho rettar seg mot den rivaliserande motparten direkte i staden for mot ein tredje part, som er eit viktig kriterium for at hendinga skal kunne kome inn under denne definisjonen av terrorisme. Ein tolkar heller ikkje hendinga slik at ho kjem inn under det vidare omgrepet politisk vald. Handlinga ser ikkje ut til å vere klart politisk motivert ut frå den forståinga av politisk vald som studien legg til grunn.

Bandidos og Hells Angels er i studien rekna som organisasjonar innanfor organisert kriminalitet. Det er funne likskapstrekk mellom samfunnsfenomena organisert kriminalitet og terrorisme og politisk vald. Eit viktig element er i kva grad motiva er ideologiske eller profittbaserte. Ikkje sjeldan er motivet ei blanding. Dette illustrerer også terrorisme og politisk vald som gråsonefenomen.

6.2 *Brannen hos pelsdyrfôrprodusenten Jakob Tveit AS i Treungen i 2003*

I seinare år har det skjedd mange skadeverk mot nokre næringar som nyttar seg av dyr i produksjonen, og som ofte sjølve står for avlivinga. Pelsdymæringa, kvalfangstnæringa, fjørfenæringa og slakteribransjen har opplevd sabotasjeliknande angrep frå

dyrevernsaktivistar og miljøvernsaktivistar, og det har ført til store økonomisk tap for den enkelte bedrifta. Ei av dei mest kjende sabotasjehendingane var då kvalfangsskuta «Nybrænna» vart forsøkt senka i 1992. Den amerikanske miljøaktivisten Paul Watson tok på seg skulda og hevda at dette var gjort for å stanse norsk kvalfangst.

Pelsdyrnæringa har vore utsett for ei rekkje aksjonar som har ført til økonomiske tap i stor skala. Aksjonane har retta seg mot fleire delar av verksemda, frå pelsdyrgardar i bygdene til butikkar som sel pels som luksusklede i handlegatene i Oslo. Skadeverka har hatt mange ulike former, mellom anna liming av dørlåsar, ruteknusing, spraying av raudfarge på pelsklede, tagging av slagord og tilgrising med smørsyre i pelsbutikker. Av dei meir alvorlege formene for kriminalitet finn ein grov miljøkriminalitet med frislepp av mink i naturen og grove skadeverk med bruk av brannbomber mot pelsdyrfôrprodusentar.

Dette kapitlet omtalar ein brann i fôrkjøkkenet hos bedrifta Jakob Tveit AS i Nissedal, som dyrevernsorganisasjonen Dyrenes FrigjøringsFront er mistenkt for å ha stått bak. Brannen blir diskutert opp mot definisjonen til Bjørge og Heradstveit (1993, s. 30). Det blir også diskutert om hendinga kan tolkast som ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005, eller om det er ei anna form for politisk vald.

6.2.1 Brannen ved pelsdyrfôrkjøkkenet til Jakob Tveit AS

Verksemda Jakob Tveit AS held til i Treungen i Nissedal kommune i Vest-Telemark og har fleire verkeområde innanfor handel og transportverksemd. Ein viktig del av verksemda har vore produksjon av pelsdyrfôr. Då denne delen var i drift, var selskapet ein av dei største produsentane i landet av pelsdyrfôr, og dekte marknaden i store delar av Sør-Noreg.

Verdiar for om lag 2,5 millionar kroner gjekk tapt i ein påsett brann natt til 9. mars 2003. Heile garasjelegget med bilar og båtar vart øydelagt i brannen. Brannstiftarane hadde kalkulert tidspunktet godt, for på denne tida av døgnet var det ingen som arbeidde i lokalet.¹⁸

Asbjørn Tveit, som er medeigar i bedrifta, meinte at brannen var ein organisert sabotasjeaksjon. Han viste til at det tidlegare vart sleppt ut tusenvis av mink hos ein pelsdyreigar i same kommunen. Politiet fann restar av ei brannbombe. Sjølve fôrkjøkkenet var uskadd, slik at denne delen av produksjonen ikkje vart ramma.

Aksjonar som dette fører gjerne til at bedrifta går konkurs. Brannen gjorde likevel ikkje at produksjonen i Treungen stoppa, men det var nødvendig å leige inn bilar for å få råstoff til verksemda og frakte det ferdige fôret til kundane. Eit raskt forsikringsoppgjær

¹⁸ Asbjørn Tveit, medeigar i bedrifta Jakob Tveit AS. Intervju 19.02.2010.

gjennom ei fellesforsikring for fleire førkjøkken gjorde sitt til at brannen ikkje vart ei større økonomisk bær for verksemda.¹⁹

Organisasjonen Dyrenes FrigjøringsFront (DFF) tok på seg skulda for å ha starta brannen i Treungen.²⁰ DFF har også teke på seg skulda for å ha tent på produksjonshallen ved Pelsdyrfôr Hamar BA nær Hamar same natta (Dyrenes FrigjøringsFront, 2010).

6.2.2 Dyrenes FrigjøringsFront

Dyrenes FrigjøringsFront (DFF) er den norske greina av den internasjonale dyrevernsorganisasjonen Animal Liberation Front (ALF). Det starta i England i 1972, då ALF opererte under namnet The Band of Mercy. I Noreg vart organisasjonen stifta i slutten av 1995, med heilt klare mål, retningslinjer og framgangsmåtar. DFF har til no utført ei rekkje aksjonar, med hovudvekt på pels- og kjøtindustrien.

Heimesida til DFF viser korleis ein skal bli medlem av organisasjonen:

Som det står i retningslinjene er ikke DFF en organisasjon med et styre eller ledelse. DFF er et nettverk man kan ta del i ved å aksjonere etter DFFs retningslinjer (se over). Man blir en del av DFF så snart man har gjort en aksjon, for eksempel knust en rute på en pelsbutikk eller frigjort et dyr etc. (Dyrenes FrigjøringsFront, 2010)

I utgangspunktet er det nok å vere vegetarianar og vedkjenne seg nokre få ideologiske prinsipp om dyrevern. Desse retningslinjene gjev organisasjonen eit laust nettverk som det er vanskeleg for politiet å kartleggje. Det fekk politiet merke under etterforskinga av brannen i Treungen i 2003.

6.2.3 Etterforskinga av brannen

Politiadvokat Odd Kostveit ved Telemark politidistrikt hadde den påtalemessige leiinga av den sentrale politieininga som etterforska brannane som var signerte DFF. Det vart funne få spor under den tekniske åstadsundersøkinga av brannen i Treungen.²¹ Brannen måtte sjåast i samanheng med ein brann i Pelsdyrfôr Hamar BA nær Hamar same natta. Seinare på hausten same året vart det sett fyr på to tilsvarande anlegg andre stader i landet: Fossland Pelsdyrfôrlag på Otterøya i Namsos og Hallingdal Fôrlag.

Riksadvokaten avgjorde at etterforskinga av brannane skulle samordnast og etterforskast etter § 148, «mordbrannparagrafen», i straffelova av 1902. Det vart ei

¹⁹ Asbjørn Tveit. Intervju 19.02.2010.

²⁰ Odd Kostveit, politiadvokat ved Telemark politidistrikt. Intervju 11.03.2010.

²¹ Odd Kostveit. Intervju 11.03.2010.

omfattande etterforsking som gjekk føre seg mellom fire politidistrikt. Etter kvart vart det Kriminalpolitisen (Kripos) som leidde etterforskinga.

Etterforskarane kom nokså snart fram til at brannane hadde greiner til dyrevernsmiljø i Oslo. Ein svensk statsborgar som var erklært dyrevernar, og nokre andre dyrevernsaktivistar vart pågripne. Dei skal ha høyrte til eit miljø som politiet meiner er eit ekstremt dyrevernsmiljø.²² Alle vart sikta etter straffelova av 1902 § 148, som har ei strafferamme på 21 års fengsel, for å ha sett fyr på førkjøkkene Jakob Tveit AS og Pelsdyrfôr Hamar BA. Dei sikta vart også mistenkte for brannane i Fosslund Pelsdyrfôrlag og Hallingdal Fôrlag. Verdiane for om lag 20 millionar kroner gjekk tapt i dei fire brannane.

Politiet fann ikkje treff i DNA-registra på dei biologiske spora som vart sikra på åstaden. Dermed vart det ikkje teke ut tiltale mot nokon av dei fire pågripne. Statsadvokatembetet i Vestfold og Telemark avslutta difor etterforskinga av brannane i mai 2005, utan at det vart teke ut tiltale, etter råd frå Kostveit. Han meinte at utanlandske aktivistar kunne ha vore innblanda i brannane. Konklusjonen hans var at ein hadde etterforska rett miljø, men ikkje kome i mål med å finne gode nok bevis.²³

6.2.4 Var brannen ei terrorhandling etter Bjørgo og Heradstveits definisjon av terrorisme?

Frykt er eit nøkkelement i dei fleste definisjonar av terrorisme, og det gjeld også den omgrepsforståinga som denne studien legg til grunn, i definisjonen til Bjørgo og Heradstveit. Viktige spørsmål er om frykta avgrensar seg til å gjelde fare for liv og helse – eins eiga eller andres – eller om det også kan gjelde frykt for tap av materielle verdiane, som igjen kan føre til tap av levebrødet. Kan frykta i tillegg gjelde tap av verdiane og gjenstandar med affeksjons- eller symbolverdi, til dømes ein pelsdyrgard som har vore i slekta i årevis?

DFF har ein klar strategi med å ramme pelsdyrnæringa økonomisk. Nettsida deira seier at å drive økonomisk sabotasje mot personar og bedrifter som skaper lidningar hos dyr, er eit viktig mål i kampen for rettane til dyr (Dyrenes FrigjøringsFront, 2011). Skadeverk på pelsdyrgardar har tvinga næringa til å innføre sikringstiltak, som alarmer og andre fysiske hindringar som gjer det vanskelegare for aksjonistane å utføre skadeverk. Slike tiltak kan vere effektive, men innkjøp, installering av alarm og avtalar med vakselskap om utrykking er kostbare tiltak. Ifølgje ein av dei som driv med minkoppdrett i Nissedal, Torgeir Grimstveit, har han og mange andre pelsdyrgardeigarar i kommunen kosta dyre varslingsanlegg i

²² Odd Kostveit. Intervju 11.03.2010.

²³ Odd Kostveit. Intervju 11.03.2010.

pelsdyrgardane etter fleire angrep frå dyrevernsaktivistar.²⁴ Den økonomiske kostnaden for pelsdyrnæringa kjem også på andre område enn sabotasjeførebyggjande tiltak, mellom anna i stans av drifta og høgare forsikringspolisar. Slik vil DFF nå målet sitt med å gjere økonomisk skade, sjølv om dei ikkje alltid lykkast med aksjonane i form av skadeverk og sabotasjehandlingar.

Eit spørsmål er om brannen ved Jakob Tveit AS var eigna til å skape frykt – også for andre enn bedrifta. DFF var raskt ute med å ta på seg skulda for brannen. Heimesida deira har ei oversikt over hendingar som organisasjonen tek på seg skulda for, frå 1992 til 2004. Ho viser at kommunikasjon av ein politisk budskap har vore ein viktig strategi for organisasjonen. Ein stor brann i eit fôrkjøkken er ei velegna plattform for å gje ein budskap, både ved symbolikken i at fôrkjøkkenet brenn, og storbrannen i seg sjølv. Her kjem dimensjonen i definisjonen om å ha ein effekt på andre inn. Det er ingen tvil om at brannen var såpass dramatisk at han hadde ein skremseffekt og dermed også eit element av terrorisme i seg.

Bjørge og Heradstveit (1993, s. 28) seier om enkeltsaksterrorisme: «Dei fleste tilfella har vore sabotasje og andre aksjonar som ikkje direkte har menneske som offer. Ein kan difor ikkje utan vidare kalle det terrorisme.» Slik definisjonen deira er tolka i studien, omfattar fryktomgrepet først og fremst fare for tap av menneskeliv og fysisk skade på menneske. Det er gråsoner også her, til dømes vil ein brann som rettar seg mot materielle verdiar, også kunne innebere fare for tap av menneskeliv.

Det er eit poeng at brannen hos Jakob Tveit AS skjedde på eit tidspunkt då det ikkje brukte å vere menneske til stades der. Kanskje valde aksjonistane dette tidspunktet fordi dei ikkje ynskte at nokon skulle kome til skade, men grunnen kan like gjerne vere at risikoen for å bli oppdaga var mindre ved å aksjonere på denne tida. Ifølgje DFF er det ikkje er høve til å bruke vald utanom i sjølvforsvar. I retningslinene deira står det også at ein skal ta alle moglege forholdsreglar for å sikre at ingen dyr kjem til skade – menneskelege som ikkje-menneskelege. Organisasjonen tolkar valdsomgrepet som ei form for fysisk makthandling retta mot menneskekroppen, altså ei form for lekamskrenking. Skadeverk fell utanom dette.

Brannen ved Jakob Tveit AS ligg i gråsona for definisjonen til Bjørge og Heradstveit i og med at han har eit snev av terrorisme ved seg. Fryktelementet i definisjonen, som dreiar seg om fare for tap av menneskeliv og helse, er såpass tona ned i hendinga at i studien blir

²⁴ Torgeir Grimstveit, pelsdyreigar. Intervju 14.02.2010.

brannen ikkje tolka innanfor definisjonen deira. Brannen blir difor ikkje rekna som ei terrorhandling, sjølv om dramatikken bak ein slik storbrann passar godt til dette.

6.2.5 Var brannen ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005?

I straffelova av 2005 § 131 første ledd er ikkje skadeverk eller grovt skadeverk ramsa opp som lovbrøt som saman med visse vilkår i bokstavane a–c i føresegna kan reknast som ei terrorhandling. Brannen kjem heller ikkje inn under definisjonen av terrorhandling i § 131 andre ledd bokstavane a–c. Påtalemakta tolka brannen slik at hendinga ville bli omfatta av straffelova av 1902 § 148. Brannen er difor ikkje ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005.

6.2.6 Var brannen ei form for politisk vald?

Under logoen til DFF står det: «Smash it, glue it, break it, burn it, whatever you do – just do it!». Retningslinene til DFF er ifølgje heimesida deira (Dyrenes FrigjøringsFront, 2010):

- Å frigjøre dyr fra steder hvor de lider, laboratorier, pelsfarmer, oppdrettsanlegg etc., og når det er mulig plasseres de i trygge hjem hvor de kan få utløp for sine naturlige behov, fri fra lidelse..
- Å utføre økonomisk sabotasje mot de som livnærer seg på tortur og utnytting av dyr.
- Å avdekke grusomhetene og ulovlighetene, som finner sted bak lukkede dører. Ved å utføre ikke-voldelig direkte aksjon, og frigjøringsaksjoner.
- Å ta alle mulige forhåndsregler for sikre at intet dyr kommer til skade, menneskelig som ikke-menneskelig.

Etter desse retningslinene har brannen i førkjøkkenet altså eit politisk siktemål.

Organisasjonen har eit uttalt program for samfunnsending ved hjelp av tiltak som dei meiner betrar tilhøva for dyr.

Som det er diskutert i kapittel 4, reknar ein i studien skadeverk som er utførte med politisk motiv, som ei form for politisk vald. I studien er valdsomgrepet tolka vidare enn i straffelova av 1902, som avgrensar fenomenet til ulike former for lekamskrenking. Det ligg eit politisk motiv bak brannen, som gjer hendinga til ei politisk valdshandling.

6.2.7 Oppsummering

Datamaterialet som studien byggjer på, viser eit relativt stort omfang av sabotasjeliknande aksjonar som har vore utførte av personar med tilknytning til dyrevern eller miljøvernorganisasjonar. Fleire av desse aksjonane har vore retta mot pelsdyrnæringa.

Dyrevernsorganisasjonen Dyrenes FrigjøringsFront har teke på seg skulda for fleire av skadeverka retta mot næringa – også for brannen i Treungen. Motivet bak aksjonane er å utføre økonomisk sabotasje. Det ligg eit klart politisk motiv bak brannen hos Jakob Tveit AS, med eit ynske om å ramme verksemda økonomisk. Sjølv om brannen har ei dramatisk form, er han retta mot ting og ikkje menneske. DFF hevdar at dei ikkje er tilhengjarar av å bruke vald mot menneske. Det gjer at fryktelementet i hendinga blir tona ned. Om det hadde vore folk som arbeidde i bedrifta då brannen vart påtend, ville hendinga ha hatt eit meir terroristisk preg med eit sterkare fryktelement. Brannen i førkjøkkenet blir difor ikkje rekna som ei terrorhandling etter definisjonen til Bjørge og Heradstveit og kapittel 18 i straffelova av 2005, men som ei form for politisk vald.

6.3 Påtenning av ein einebustad i Mathopen i 1997

I Noreg har mykje av den politiske valden som ein har funne i studien i perioden 1988–2011, vore gjennomført av personar og grupper med ulik grad av tilhøyrsløse til høgrekstremløse miljø, eller personar og grupper som er påverka av ein høgrekstremløse ideologi. Mykje av dette har vore lågskala rasistisk eller høgrekstremløse politisk vald. Valden har spent over ein skala som omfattar alt frå sjikane av personar med ein annan hudfarge til drap. Drapet på Benjamin Hermansen i 2001 er eit døme på høgrekstremløse vald som ligg i den enden av skalaen der ein finn dei mest alvorlege hendingane. I dette underkapittelet blir det diskutert ei hending som ikkje ligg så langt ute på skalaen, men likevel er svært alvorleg.

På 1990-talet har det vore fleire hendingar med høgrekstremløse vald og konflikt mellom delar av lokalbefolkninga og delar av asylsøklar-/innvandrarbefolkninga. Brumunddal er eit lokalsamfunn der ei rekkje slike hendingar fekk store konsekvensar og truga med å rive bygda sund. Eit mindre kjent døme på følgjene høgrekstremløse vald kan få for eit lokalsamfunn, er henta frå bydelen Mathopen i Bergen. Ein konflikt der resulterte i ein påsett brann i ein einebustad medan ein asylsøklarfamilie låg og sov i huset. Brannen blir diskutert i forhold til omgrepsforståinga av terrorisme hos Bjørge og Heradstveit. Det blir også diskutert om brannen var ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005. Til slutt spør ein seg om dette var ei form for politisk vald.

6.3.1 Brannen i einebustaden i Mathopen

På slutten av 1990-talet tok ei kvinne kontakt med Laksevåg lensmannskontor. Ho budde i Mathopen, ein bydel i den vestre delen av Bergen kommune. Dotter hennar, som gjekk på ungdomsskulen, hadde i seinare tid ofte kome i krangel med nokre av elevane. Dei hadde

kome med rasistiske utsegner. Kvinna meinte også at det fanst eit ungdomsmiljø med høgreekstreme kjenneteikn i Mathopen. Det viste seg å vere grunn til uroa hennar.

Etter kvart vart dei høgreekstreme trekka meir synlege, og fleire stader i bydelen dukka det opp måla hakekrossar. Politiet mistenkte at desse skadeverka var utførte av personar i ungdomsmiljøet, og fleire vart pågripne. Ein kjerne på tre personar merkte seg ut som særleg aktive og ivrige. Rundt dei var det ei gruppe på 15–20 personar som hadde ulik grad av tilhøyrsløse. Miljøet trekte også til seg ungdommar mellom anna frå nabobydelen Loddefjord og frå Sotra, ei øy vest for Bergen. Ungdommane byrja etter kvart å uniformere seg og bruke symbol som blir assosierte med høgreekstreme ideologiar. Lensmannskontoret innsåg at ein ikkje hadde oversikt over miljøet, og gjennomførte ei meir omfattande kartlegging i samarbeid med Politiets overvåkningstjeneste, som lenge har hatt fokus på høgreekstreme miljø.

Politioverbetjent Svein Bjørn Losnegård var leiar for seksjonen som hadde ansvar for det førebyggjande arbeidet ved lensmannskontoret. Han undersøkte eit tips om at nokre av ungdommane skulle ha tilhald i ein bunkers ved ei gammal kanonstilling på ein fjelltopp i bydelen. Bunkersens inneheldt mange ting som indikerte interesse for ein nazistisk ideologi, mellom anna eit slags alter med lys, Hitlers bok *Mein Kampf!*, ein kassettspele med Hitlers «Mein Kampf»-tale, og litteratur frå den norske høgreekstreme organisasjonen Vigrid. Desse funna var eit signal om at det låg eit djupare alvor bak mobbinga og skadeverka.²⁵ Lensmannskontoret, som hadde ord på seg for å vere aktive på det kriminalitetsførebyggjande feltet, tok desse faresignala alvorleg.

Ein familie av utanlandsk opphav budde i ein einebustad i Mathopen. Familien – mor, far og to tenåringsgutar – var asylsøkjjarar frå Irak. Familien vart eit ynda hatobjekt for ungdommane i det høgreekstreme miljøet. Ein av gutane kom stadig i konfrontasjon med ungdommane og vart plaga på veg heim frå skulen. Det utvikla seg frå verbal trakassering til fysisk vald mot guten.

Etter kvart vart familien så plaga at familiefaren tok kontakt med lensmannskontoret for å rådføre seg om problemet. Ei helg sprakk det for han. Nokre ungdommar sat i ein bil utanfor huset hans. Med ei øks slo han hol i panseret på bilen i sinne og rein frustrasjon. Ingen vart skadde i hendinga, og ungdommane trekte seg unna. Nokre av foreldra melde familiefaren til politiet. Dermed vart saka vanskelegare å handtere for politiet sidan ho ikkje lenger var så svart-kvit.

²⁵ Svein Bjørn Losnegård, seksjonsleiar ved Ungdomsseksjonen, Bergen sentrum politistasjon. Intervju 09.07.2010.

Ei natt i januar 1997 vart huset påtent medan asylsøkjarfamilien låg og sov. Gjerningsmannen eller gjerningsmennene hadde festa ei filla til ein pinne og sett fyr på filla. Så vart den brennande pinnen med filla pressa opp under kledningen på huset, og det tok fyr i vegg. Brannen vart heldigvis oppdaga, og familien kom seg uskadde ut. Brannvesenet rykte ut og klarte å berge huset.

Lensmannskontoret fekk mistanke om at det var ein eller fleire av ungdommane i det høgreekstreme ungdomsmiljøet, som stod bak. Hendinga vart etterforska etter straffelova § 148, «mordbrannparagrafen». To personar som hørde til den harde kjernen i miljøet, vart arresterte, avhørde og sikta i saka. Ingen av dei vedgjekk skuld for brannen og ville heller ikkje seie kven som hadde vore med. Politiet fann ikkje sterke nok bevis til å ta ut tiltale mot nokon, og saka vart difor lagd bort.²⁶ Men brannstiftinga gjorde at familien ikkje lenger våga å bu i Mathopen, og dei flytta derifrå ikkje lenge etter. Dersom motivasjonen var å få familien til å flytte frå bygda, hadde gjerningsmannen eller gjerningsmennene nådd målet sitt.

6.3.2 Kan brannen reknast som ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005?

I straffelova av 2005 er § 148 i straffelova av 1902, som har ei strafferamme på inntil 21 år, teken bort. Drap er omfatta av § 275 i straffelova av 2005, og har også denne strafferamma. § 16 i straffelova av 2005 seier at forsøk på ei handling som har ei strafferamme på over 1 år, er straffbart.

Drap er ei av handlingane som, når ho er gjord i terrorhensikt etter straffelova av 2005 § 131 andre ledd bokstavane a–c, kan reknast som ei terrorhandling. Når eit hus blir påtent midt på natta medan folk ligg og søv og ikkje så lett kan oppdage brannen, må det kunne reknast som eigna til å skape alvorleg frykt etter bokstav b. Straffelova § 131 andre ledd bokstav a omtalar terrorhandlingar som er retta mot funksjonar av grunnleggjande betydning i samfunnet. Bokstav c i same lovføresegna rammar bruk av terrorhandlingar som tvingar offentlege styresmakter eller mellomstatlege organisasjonar. I studien ser ein ikkje at det er relevant å drøfte bokstavane a og c i lovføresegna i forhold til brannen i Mathopen, og diskusjonen vil skje i lys av bokstav b. Spørsmålet er dermed om angrepet på asylsøkjarfamilien er eigna til å skape alvorleg frykt i ei befolkning. Ot.prop. nr. 61 (2001–2002) (s. 93) er ikkje konkret nok på kva som meinest med ei befolkning. Dette er diskutert i kapittel 5. Departementet peikar mellom anna på at ein etnisk minoritet kan reknast som ei

²⁶ Roger Lefdal, politiførstebetjent ved Hordaland politidistrikt. Intervju 18.02.2010.

befolkning. Det er eit tolkingsspørsmål om kva som meinest med befolkning i straffelova av 1902 §147a bokstav b, og lovforarbeida er ikkje utfyllande på dette punktet.

Asylsøkjarbefolkninga i Noreg er eit mangfald av menneske frå mange nasjonar og med ulik etnisk tilhørsle. Familien i Mathopen var asylsøkjjarar, men å seie at brannen var eit angrep på ei befolkning, blir ei tolking som er for vid, slik ein forstår lova her i studien. Mykje tyder på at ein konflikt mellom den eine guten i familien, og etter kvart også far hans, og nokre av personane i ungdomsmiljøet, medverka til det som resulterte i brannen. Dette fører hendingane lenger ut i den lysare delen av tankemodellen for terrorisme. Spørsmålet er om årsaka til konflikten var personrelatert eller relatert til etniske skilnader. Truleg var det litt av begge.

Når det blir sett fyr på eit hus midt på natta der nokon ligg og søv, er det stor fare for at ikkje alle kjem seg ut. Oppgåveskrivaren har ikkje nok juridisk kunnskap til å påstå at hendinga vil kunne reknast som eit drapsforsøk etter straffelova av 2005 § 275, jf. § 16, men det er nærliggjande å tru at denne lovføresegna ville ha vorte brukt om hendinga hadde skjedd i dag.

Dersom hendinga vart behandla i retten i dag etter straffelova av 2005 § 131, ville det truleg ikkje ført til ein fellande dom. Særleg uklart er det om motivet var utslag av ein høgreorientert ideologi, eller om det var personkonfliktar på eit ikkje-ideologisk plan som var grunnen. Sjølv om brannen er eigna til å skape alvorleg frykt, er det eit tolkingsspørsmål om eit angrep på ein asylsøkjarfamilie er eigna til å ramme ei heil befolkning. Lovforarbeida er som nemnt lite utfyllande på kva som kan reknast som ei befolkning. Denne uklarleiken gjer at ein konkluderer med at brannen i Mathopen ikkje kan tolkast som ei terrorhandling etter straffelova av 2005.

6.3.3 Var brannstiftinga i Mathopen ei terrorhandling etter omgrepsforståinga av terrorisme hos Bjørgo og Heradstveit?

Slik ein ser det i studien, er det springande punktet i terrorismedefinisjonen til Bjørgo og Heradstveit, målt mot brannstiftinga, om hendinga er meint å påverke andre enn den som blir utsett for vald eller trussel om vald. I straffelova av 2005 § 131 andre ledd bokstav b heiter dette å skape frykt i ei befolkning. Bjørgo og Heradstveits definisjon går lenger: Valden eller trusselen om vald må vere meint å påverke andre enn det direkte offeret for handlinga. Ein intensjon med valdsbruken kan altså vere at det skal vere ein bodskap. Som det er diskutert framanfor, er motivet bak brannen usikkert. Sjølv om ein slik brann har eit stort potensial for å skape merksemd, var det ingen som tok ansvaret for ugjerninga. Det vart heller ikkje funne

noko symbol som skulle tilseie at det var det høgrekstreme miljøet i Mathopen som stod bak. Tvert imot måtte saka leggjast bort sidan ein ikkje kunne knyte brannen så sterkt til personar i miljøet at det ville føre til domfelling i ein domstol. Det ser difor ikkje ut til at hovudmotivet var å få fram ein budskap. Det å kommunisere ein politisk budskap er eit av elementa i definisjonen til Bjørgo og Heradstveit. Sjølv om brannen i seg sjølv var velegna som plattform til å kommunisere ein budskap, har ein ikkje i studien funne data som viser at det vart gjeve ein budskap ved brannen. I så fall har budskapen vore for uspesifisert. Dersom det hadde vore gjeve ein budskap, kunne det ha ført brannen nærare inn mot den mørkare kjernen av terrorisme, sett i lys av tankemodellen til Bjørgo i kapittel 4. Hendinga blir tolka slik at ho ligg utanfor dei rammene som Bjørgo og Heradstveits definisjon legg til grunn for terrorisme.

6.3.4 Var brannen i Mathopen ei form for politisk vald?

Kor ideologisk orienterte ungdommane i Mathopen var, er det vanskeleg å vite. Funnet av nazistisk litteratur i bunkerser tyder på at personar i dette miljøet har vilja orientere seg mot ein nazistisk ideologi, eller i det minste vore nysgjerrige på dette. Det såg ut til å vere ein kjerne av meir ideologisk orienterte ungdommar og ein meir perifer gjeng som ikkje var så medvitne på dette, men mest var med på grunn av spenninga.

Den eine av ungdommane som vart mistenkt for brannen, flytta seinare til Kristiansand. Der vart han ein kjend person i det høgrekstreme miljøet. Han flytta også til Oslo og vart ein leiande figur i den høgrekstreme organisasjonen Boot Boys. Det kan nemnast at så seint som i juni 2011 stansa oppgaveskrivaren denne personen i ein trafikk kontroll. Han gav då uttrykk for at han vedkjende seg ein høgrekstrem politisk ideologi. Fleire andre i miljøet var i POTs søkjelys og vanka i høgrekstreme miljø i fleire år etter brannen. Desse opplysningane tyder på at det låg eit politisk motiv bak brannen.²⁷ Dette styrkjer mistanken om at brannen var politisk motivert, sjølv om mykje tyder på at det også låg eit hemnmotiv bak.

Eit av hovudfunna i Tore Bjørgos doktoravhandling er at mykje av den rasistiske og framandfiendtelege valden var utført av personar eller grupper som i liten grad høyrde heime i høgrekstreme miljø eller hadde ein høgrekstrem ideologi. Dei fekk likevel ofte ei slik tilknytning som ein konsekvens av den framandfiendtelege handlinga og reaksjonen det vekte, snarare enn at det var ei årsak til handlinga. Mykje av valden var uorganisert og lite ideologisk (Bjørgo, 1997, s. 315).

²⁷ Svein Bjørn Losnegård. Intervju 09.07.2010.

I studien tolkar ein fenomenet politisk vald som eit omgrep med vidare rammer enn terrorisme og terrorhandling, og at det ikkje nødvendigvis må gjevast ein politisk bodskap gjennom handlinga. Mykje tyder difor på at brannen var delvis politisk motivert, og at hendinga var ei form for politisk vald.

6.3.5 Oppsummering

I Noreg har mykje av den politiske valden som ein har funne i studien i perioden 1988–2011, vore lågskala rasistisk eller høgreekstrem politisk vald. Der har også vore fleire svært alvorlege valdshandlingar utførte av personar med høgreekstrem politisk orientering. Brannen i einestaden i Mathopen er truleg ei av dei. Hendinga har tydelege element av frykt i seg ettersom brannen vart påsett medan menneske låg og sov i huset. Brannen vart etterforska etter «mordbrannparagrafen». Det gjer at hendinga nærmar seg den kolsvarte kjernen i tankemodellen om terrorisme. Sidan mykje tyder på at brannen var påsett av personar med tilknytning til eit høgreekstremt miljø, og retta seg mot ein asylsøkjarfamilie som hadde mørk hudfarge, ser det ut til at det låg eit politisk motiv bak. Brannen i huset i Mathopen blir difor tolka som ei form for politisk vald.

Brannen blir ikkje rekna som ei rein terrorhandling sett i lys av omgrepsforståingane av terrorisme i straffelova av 2005 § 131 og definisjonen til Bjørge og Heradstveit, mellom anna fordi det er usikkert om gjerningsmennene meinte å gje ein politisk bodskap.

6.4 *Kapringa av eit Kato Airline-fly i 2004*

Dette underkapittelet gjev ei kort oversikt over flykapringar som har vore retta mot norsk luftfart. I tillegg er det ein gjennomgang av kapringa av eit norsk rutefly i 2004, som lett kunne ha ført til tap av fleire menneskeliv. I studien blir det spurt om kvifor det ikkje vart teke ut tiltale mot kapraren etter gjeldande straffeføresegn i straffelova av 1902 § 147a. Finst det etterretningsopplysningar som kan vise eit politisk motiv, og kva kan grunnen eventuelt vere til at desse opplysningane ikkje er offentlege? Til slutt er det ein kort diskusjon om Kato Airline-kapringa kjem inn under definisjonen for terrorhandling i kapittel 18 i straffelova av 2005 og definisjonen av terrorisme til Bjørge og Heradstveit.

6.4.1 Flykapringar retta mot norsk luftfart

På slutten av 1960-talet og på 1970-talet var internasjonal terrorisme i stor grad synonymt med flykapringar (Tønnessen, 2008, s. 11). Noreg har stort sett vore skåna for flykapring retta

mot norsk luftfart. Heilt utan har ein likevel ikkje vore. I samband med studien har ein funne fem slike hendingar som har vore retta mot luftfart i norsk luftrom.

Den første flykapringa her i landet skjedde 21. juni 1985 i eit Braathen Safe-fly som var på veg frå Trondheim-Værnes til Oslo med 115 passasjerar og ei besetning på 5. Rett før landinga på Fornebu trekte ein 24 år gammal mann opp ein pistol og truga besetninga. Han påstod at han hadde gøymt ei bombe om bord, og kravde å få snakke med dåverande statsminister Kåre Willoch og justisminister Mona Røkke. Kapraren heldt passasjerane og flybesetninga som gislar i over fire timar før situasjonen vart løyst på ein udramatisk måte. Ein polititenestemann gav då kapraren nokre ølboksar i byte mot ein pistol og ein Boeing 737-200 med passasjerar og besetning. Det viste seg seinare at våpenet var ein ufarleg luftpistol, og at bomba var ein bløff. Kapraren vart dømd til tre års fengsel (Boarding.no, 2011).

15. september 1993 vart eit Aeroflot-fly på veg frå Baku til Kiev kapra av tre aserbajdsjanarar som opphavleg var frå Iran. Dei tvinga flyet vidare til Gardermoen. Der overgav dei seg og søkte om politisk asyl. Søknaden vart avvist, og dei vart utleverte til Russland. I Russland vart dei dømde for flykapring, men i 2004 fekk to av dei opphaldsløyve på humanitært grunnlag i Noreg fordi dei risikerer dødsstraff i Iran (Store norske leksikon, 2011).

3. november 1994 vart eit SAS-fly på veg frå Bardufoss til Oslo kapra av ein bosniar som ville rette merksemda mot krigen i Bosnia. Etter sju timar med forhandlingar overgav han seg på Gardermoen (Store norske leksikon, 2011).

I 1996 kapra ein 22 år gammal palestinsk mann eit bulgarsk fly etter at det hadde teke av frå Beirut, og kravde å bli flogen til Noreg. Besetninga fekk kapraren til å tru at dei måtte mellomlande i Varna i Bulgaria for å etterfylle drivstoff. Då dei kom dit, vart han overtala til å setje av passasjerane. Så flaug flyet til Gardermoen og landa der. Palestinaren søkte asyl i Noreg (Tønnessen, 2008, s. 34).

Eit tilfelle vart avverja i Vardø 31. mars 2003. Ein 17 år gammal asylsøkjjar frå Afghanistan, som budde på eit asylmottak i Vardø og hadde fått avslag på søknaden sin, planla å ta sitt eige liv og drepe dei andre om bord i eit Widerøe-fly ved å tenne på kabinen ved hjelp av to flasker bensin. Angrepsforsøket vart avverja då ein annan bebuar på mottaket varsla styresmaktene etter at han hadde høyrte 17-åringen snakke høgt om å sprengje eit fly etter avgang frå Bodø. Men i ettertid har 17-åringen hevda at han berre ynskte å bruke bensinflaskene til å tenne på seg sjølv (Tønnessen, 2008, s. 35).

Det at flykapringar ofte blir assosierte med terroristar, treng ikkje bety at kapringa er politisk motivert. Dei fleste angrepa mot flysektoren i Noreg har vore gjennomførte av

psykisk ustabile personar og/eller personar som har ynskt å flykte hit (Tønnessen 2008, s. 35). Angrepa har ikkje vore motiverte av eit ynske om å utføre massedrap.

Den siste hendinga ein har funne om angrep på flysektoren her i landet, er frå 2004 og gjekk føre seg i eit Kato Airline-fly under ein flytur i Nord-Noreg.

6.4.2 Kato Airline-kapringa

Kato Airline var eit norsk flyselskap som flaug regionale ruter i Nord-Noreg, Selskapet vart grunnlagt i 1995 og lagt ned i 2008. Det hadde hovudbase på Narvik lufthamn, Evenes.

Statsadvokatane i Nordland skreiv i tiltalevedtaket 14.02.2005 mot Brahim Bouteraa:

Onsdag 29. september 2004 kl 1050 var han passasjer i et rutefly av typen Dornier 228-212 med registreringsnummer LN-BER tilhørende Kato Airline AS fra Narvik til Bodø. Under innflyvingen mot Bodø lufthavn, i en høyde på ca 5000 fot, slo han flyets kaptein, Stein Magne Lian, og flyets styrmann, Kristian Markus Andresen, en eller flere ganger i hodet med en øks. Han grep videre tak i flyets stikke og holdt eller beveget denne slik at flyet gikk i tilnærmet stup mot bakken. Først ved en høyde av ca 50 meter over bakken fikk flygerne kontroll over flyet, fordi to passasjerer grep Bouteraa og dro ham bort fra cockpiten. (Hålogaland lagmannsrett, 2005, s. 2)

Saka galdt flykapring, forsøk på å skape ei luftfartsulykke og forsøk på drap av besetning og passasjerar ved å få eit fly til å styrte. Bouteraa vart tiltala etter desse lovføresegnene:

Straffeloven § 151 A

For om bord i rutefly ved vold, trusler eller på annen måte ulovlig å ha grepet inn i flygingen.

II Straffeloven § 148 første ledd, første straffalternativ

For å ha voldt luftfartsulykke hvorved tap av menneskeliv lett kunne forårsakes.

III Straffeloven § 233 første ledd jf. § 49

For å ha forsøkt å forvolde en annens død.

(Hålogaland lagmannsrett, 2005, s. 2)

Desse lovføresegnene er nemnde i § 147a første ledd i straffelova av 1902. Tilsvarende føresegner finst i kapittel 18 i straffelova av 2005. Saman med terrorforsett eller terrorhensikt, som er skuldkravet både i straffelova av 1902 og i straffelova av 2005, vil brot på desse lovføresegnene gjere at handlinga blir tolka som ei terrorhandling.

6.4.3 Kvifor vart det ikkje teke ut tiltale mot Bouteraa etter § 147a i straffelova av 1902?

Det har ikkje vore eit mål for studien å gje ein djup juridisk analyse av hendingane i forhold til «terrorparagrafen» i straffelova av 1902 § 147a, ein nøyer seg med å peike på eit par moment. Som det er diskutert i kapittel 5, set denne paragrafen terrorforsett som krav til skuld. Påtalemakta har altså ikkje teke ut tiltale mot Bouteraa etter straffelova § 147a. Var det vanskar med å bevise terrorforsett hos Bouteraa som gjorde at ein ikkje tok ut tiltale etter denne føresegna?

Aktor under rettssaka var førstestatsadvokat Geir Fornebo. For at påtalemakta skulle kunne ta ut tiltale etter straffelova av 1902 § 147a, måtte ein kunne vise kva forsett som låg bak drapsforsøket.²⁸ Dersom Bouteraa skulle vorte dømd etter denne paragrafen, måtte han ha hatt som fortsett å utføre ei handling som kjem inn under definisjonen i straffelova § 147a, til dømes måtte han ha meint at flykapringa ville skape alvorleg frykt i befolkninga. Flykapring var for ikkje så mange tiåra sidan nærast synonymt med internasjonal terrorisme (Tønnessen, 2008, s. 11). 11. september 2001 har sett eit særleg fokus på flykapringar med tap av menneskeliv som resultat. Det er liten tvil om at kapringa av Kato Air-flyet har hatt potensial til å skape alvorleg frykt hos mange, både i Noreg og utanfor landegrensene. Det avgjerande punktet for om kapringa var å rekne som ei terrorhandling eller eit reint drapsforsøk, er kva forsett Bouteraa hadde då han gjekk til angrep på pilotane. Ei årsak til at påtalemakta ikkje tok ut tiltale etter «terrorparagrafen», var altså at ein ikkje var trygg nok på at tiltalen ville føre fram i ein rettssal.

Strafferammene for flykapring, forsøk på å skape ei luftfartsulykke og forsøk på drap av besetning og passasjerar ved å styrte eit fly var elles så høge at påtalemakta kunne rekne med at tiltalen ville resultere i relativt høg straff, sjølv om det ikkje vart teke ut tiltale etter straffelova § 147a. Ein var såleis nøgd med straffenivået som ein rekna med at domstolen ville gå inn for.²⁹

Faren ved å tape ei straffesak er at det genererer rettspraksis for liknande tolkingar av ei lovføresegn, særleg dersom tolkinga er gjord av ein høgare rettsinstans. Kanskje påtalemakta ynskte å reservere seg mot handlingar som ikkje er tolka til å liggje tydeleg innanfor definisjonen i straffelova, av frykt for inflasjon i terrorismeomgrepet.³⁰ Det kan også

²⁸ Geir Fornebo, førstestatsadvokat ved Nordland statsadvokatembete. Intervju 19.05.2011.

²⁹ Geir Fornebo. Intervju 19.05.2011.

³⁰ Tor-Geir Myhrer. Intervju 22.04.2010.

tenkjast at faren for at påtalemakta skulle tape prestisje, er ein grunn, og at ein difor ikkje ville ta sjansen på å ta ut tiltale etter straffelova §§ 147a–c.

Fornebo opplyste at han ikkje kjende til at Politiets sikkerhetstjeneste var involvert på nokon måte i analysen av saka.³¹ Det ville likevel vere underleg om ikkje denne etterretningsorganisasjonen på ein eller annan måte var involvert i vurderinga av ei så terrorliknande hending, men av ulike grunnar må ein vere forsiktig med å bruke etterretningsopplysningar i ein rettsal. I politilova § 17b nr. 5 står det at Politiets sikkerhetstjeneste har eit ansvar for å førebyggje mellom anna hendingar relaterte til terrorisme og politisk vald. Same lovføresegna gjev pålegg om at dette politisærorganet skal etterforske slike hendingar, sjølv om den opne etterforskinga blir gjort av politiet elles (Politieloven, 1995).

Opplysningar som kjem fram i ei straffesak, kan seie noko om kapasiteten til etterretningsorganisasjonen, til dømes taktiske og tekniske metodar for å fange opp og førebyggje terrorhandlingar. Då må ein vege kva skade ein tiltale etter straffelova § 147a kan påføre etterretningsorganisasjonen, mot resultatet av ein rettferdig dom.

Ei årsak kan også vere at etterretningstenesta har ynskt å verne informantar, sidan ein er redd for at retten vil krevje at informanten står fram med namn. NOKAS-rettsaka er eit døme på at påtalemakta måtte gje slik informasjon etter at retten kravde det. I nokre tilfelle vil dette setje informanten eller nokon av hans næraste i fare, og difor må påtalemakta kanskje leggje bort informasjon som kan føre til at retten krev innsyn i kven som er kjelda for informasjonen.

Jamt over vil inga etterretningsteneste kompromittere sine kjelder og arbeidsmetodar for enkeltsaker utan at det er svært sterke grunnar for det. Truleg ville det ikkje ha vore aktuelt å avsløre samarbeidande tenester, kjelder og informasjonsgrunnlag for å kunne dømme ein person etter straffelova av 1902 §§ 147a–c når personen ville kunne få omtrent same straffa etter andre lovføresegner. Etterretningsinformasjon er i etterretningsverda det same som hard valuta. Sjølv om Noreg er alliert med alle natoland, blir ikkje etterretningsinformasjonen delt med andre land utan at ein får noko tilbake: «Somme vener er betre vener enn andre.»³²

³¹ Geir Fornebo. Intervju 19.05.2011.

³² Nils Nordstrand, orlogskaptein i Sjøforsvaret. Samtale 08.05.2011.

6.4.4 Ville handlinga vorte ramma av lovføresegner i kapittel 18 i straffelova av 2005?

Kapittel 18 i straffelova av 2005 § 139 gjeld terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar:

§ 139. Kapring av luftfartøy og skip mv.

Den som ved vold, trusler eller på annan ulovlig måte tiltvinger seg kontroll over et luftfartøy i drift eller et skip eller griper inn i en flygning eller seilas, straffes med fengsel inntil 21 år. På samme måte straffes den som med slike midler tiltvinger seg kontroll over innretninger eller anlegg på kontinentalsokkelen.

Denne lovføresegna er døme på ei terrorrelatert handling som før kunne kome inn under den meir generelle definisjonen av terrorhandling i straffelova av 1902 § 147a, så sant kapringa vart gjord med terrorforsett. Men i straffelova av 2005 har kapring av luftfartøy fått egne straffeføresegner, eit ledd i tilpassinga av lovverket som følgje av det internasjonale samarbeidet. Dersom Kato Airline-kapringa er gjord med terrorhensikt etter omgrepsforståinga av terrorhandling i straffelova av 2005 § 131 andre ledd, vil ho kunne reknast som ei terrorhandling. Terrorhensikt er eit kvalifisert krav til forsett i kapittel 18 i straffelova av 2005. Det skal altså meir til for å bli dømd etter den nye straffeføresegna enn etter straffelova av 1902 §§ 147a–c.

I studien har ein hatt for lite data å byggje på til å konkludere med at kapringa av Kato Airline-flyet kjem inn under omgrepsforståinga i straffelova av 2005 § 131 andre ledd. At det etter ei grundig etterforsking ikkje vart teke ut tiltale etter straffelova av 1902 § 147a, tyder på at påtalemakta ikkje har følt seg på trygg nok grunn til å gjere det. Men kapringa minner om ei hending som er meint å skape frykt i ei befolkning. Dersom kapringa hadde ein politisk dimensjon, er det nærliggjande å tru at handlinga oppfyller vilkåret for å bli ramma av kapittel 18 i straffelova av 2005. Noko som styrkjer mistanken om at handlinga var politisk motivert, er at folk flest assosierer flykapring med ei terrorhandling, særleg etter 11. september 2001. Difor kan flykapring vere eit godt utgangspunkt for ein bodskap, og vere godt eigna til å skape frykt.

Ved angrep mot transportsektoren er det mulig å ramme store menneskemengder ved hjelp av begrensede ressurser, og dermed forårsake massedrap og/eller massehysteri. Transportsektorens rutinepreg med fastsatte og offentlig tilgjengelige rutetider, transportmidlet som en lukket arena gir terroristene god oversikt samtidig som dette øker passasjerenes følelse av å være innestengt og overlatt i terroristenes (kapremes) vold. (Tønnessen, 2008, s. 8)

Luftfartsobjekt er freistande terrormål fordi dei har eit stort potensial for å vekkje merksemd. Det gjeld sjølv om angrepet blir avverja (Tønnessen, 2008, s. 9).

Dramatikken under Kato Airline-kapringa gjer det forståeleg at ei slik hending lett får merksemd i media, og difor har eit stort potensial for å kunne formidle ein eventuell bodskap. Spørsmålet er difor om det var knytt ein bodskap til handlinga, og om denne bodskapen hadde eit politisk innhald.

6.4.5 Flykapringa vurdert ut frå Bjørgo og Heradstveits definisjon av terrorisme

Eit sentralt element i Bjørgo og Heradstveits definisjon av terrorisme er bruken av frykt for å få merksemd. Det springande punktet er altså kva kapraren Bouteraa ynskte å få merksemd om ved å drepe fleire menneske. I studien er det ikkje funne opplysningar som gjev klare indikasjonar på at han hadde ein politisk bodskap som han ynskte å formidle, eller eit politisk krav. Dette samsvarar med politiet si vurdering av motivet bak handlinga.³³

Dersom det manglar ein politisk bodskap, framstår kapringa som eit drapsforsøk som nesten vart eit fullbyrda drap. Bouteraa hevda at han var psykisk utilrekneleg då han gjekk til angrep på pilotane, men ei rettspsykiatrisk vurdering konkluderte med at han var tilrekneleg. Journalisten Yngve Jacobsen har skrive boka *Vi styrter* (2006), som handlar om kapringa. Der får ein inntrykk av at Bouteraa er ein frustrert mann som er i konflikt med mange, særleg med personar som er tilsette i mottaksapparatet for asylsøkjjarar. Jacobsen teiknar eit bilete av ein mann som ynskjer å drepe seg sjølv og andre i ein flystyrt, som ein slags protest mot nasjonen Noreg – ein hemn for den dårlege mottakinga han synest han fekk som asylsøkjjar. Også påtalemakta meinte at dette kunne vere eit mogleg motiv bak drapsforsøket.³⁴ I boka hevdar Bouteraa at styresmaktene i Algerie utan grunn mistenkjer han for å ha hatt tilknytning til Groupe Islamique Arme (GIA), som blir rekna som ein islamistisk terrororganisasjon. Han flykta frå Algerie fordi han feilaktig vart mistenkt for å ha vore involvert i ei terrorhandling som GIA har teke på seg skulda for. Desse opplysningane er ikkje verifiserte. Bouteraa skal ha vore aktiv medlem i den fundamentalistiske politiske rørsle i Algerie, Front Islamique du Salut (FIS) som 17-åring (Jacobsen, 2006, s. 22). Denne organisasjonen hadde som visjon å skape ein algerisk, islamsk mønsterstat som skulle vere styrt etter sharialova (Jacobsen, 2006, s. 19). Sjølv kapringa framstår som nokså godt planlagd, og i god tid før flyreise skaffa han seg øksa som han prøvde å drepe pilotane med.

³³ Geir Fornebo. Intervju 19.05.2011.

³⁴ Geir Fornebo. Intervju 19.05.2011.

Det er litt underleg at Boureraa ikkje har etterlate seg noka forklaring på angrepet. Han verkar rasjonell og blir etter det mislykka drapsforsøket erklært strafferettsleg tilrekneleg av sakkunnige (Hålogaland lagmannsrett, 2005, s. 6). Kapringa ligg tett opp til både Bjørgo og Heradstveits definisjon og definisjonen av terrorisme i kapittel 18 i straffelova av 2005. Mykje tyder på at det finst etterretningsopplysningar som av ulike grunnar ikkje er offentleggjorde. Det kan tenkjast at slike opplysningar ville ha vist eit politisk motiv og gjort henne til ei klar terrorhandling. Men mangelen på ein politisk budskap eller eit politisk krav gjer at det er vanskeleg å sjå kapringa som anna enn forsøk på drap og det å overta kontrollen over eit luftfartøy. Dersom grunnen til at det ikkje vart teke ut tiltale etter § 147a, var at påtalemakta ikkje fann prov for eit politisk motiv, er saka eit godt døme på ei hending der jussen må seie klart ja eller nei til om ho er innanfor den juridiske terrordefinisjonen. Hendinga framstår heller ikkje som ei form for politisk vald sidan det ikkje er funne noko tydeleg politisk motiv.

6.4.6 Oppsummering

Noreg har i stor grad vore spart for flykapringar. Dei fleste kapringane er gjorde av psykisk sjuke personar eller personar som har ynskt å kome hit. Etter ei sakkunnig vurdering fann Hålogaland lagmannsrett at Brahim Bouteraa var tilrekneleg då han gjekk til angrep på pilotane (Hålogaland lagmannsrett, 2005, s. 6). Han vart i store trekk funnen skuldig i alle punkta i tiltalen. Den einaste endringa lagmannsretten gjorde, galdt punktet om luftfartsulykke, der retten meinte at det var eit forsøk på luftfartsulykke og ikkje ei fullbyrda handling etter straffelova § 151a. I domspremissane la fleirtalet av dommarane til grunn at det måtte leggjast vekt på at ulykka vart avverja, og at ingen mista livet (Hålogaland lagmannsrett, 2005, s. 7). Bouteraa vart dømd til fengsel i 15 år, 2 år mindre enn dommen han fekk i tingretten. Han anka dommen til Høgsterett, men anken vart avvist, og dommen vart dermed rettskraftig (Jacobsen, 2006, s. 146).

Påtalemakta tok ikkje ut tiltale etter straffelova § 147a. Kva som var grunnen til det, er uvisst. Det verkar likevel usannsynleg at Politiets sikkerhetstjeneste ikkje har vore inne i saka og søkt etter eit politisk motiv. Grunnane til det kan vere mange.

I studien er det ikkje funne sterke nok haldepunkt til å kunne påstå at Kato Airline-kapringa var ei terrorhandling. Men ho har mange av kjenneteikna på ei terrorhandling og ligg svært tett opp til å kunne tolkast som terrorisme etter begge terrorismedefinisjonane som studien legg til grunn. Flykapring er ein metode som mange assosierer med terrorisme, og drapsforsøket eignar seg godt til å skremme mange.

Det avgjerande er likevel til sjuande og sist kva Bouteraa meinte med handlinga. Men det er det berre han sjølv som veit, og difor ville det vore vanskeleg å bevise terrorforsett dersom påtalemakta hadde valt å ta ut tiltale etter straffelova av 1902 §§ 147a–c.

6.5 *Skota mot forlagsdirektør William Nygaard i 1993*

«Bare en gang tidligere etter rettsoppgjøret i etterkrigsårene er noen blitt skutt av politiske årsaker i Norge. Det var da marokkaneren Achmed Bouchiki ble drept på åpen gate av Mossad-agenter på Lillehammer 21. mars 1973» (Isungset, 2010, s. 32). Denne påstanden til forfatteren og frilansjournalisten Odd Isungset i boka *Hvem skjøt William Nygaard?* vil ikkje bli utfordra i denne studien. Det er likevel sikkert at det ikkje har vorte løyst mange politisk motiverte skot i Noreg i det tidsrommet som studien omfattar, fram til massakren på Utøya og i regjeringskvartalet 22.07.2011.

Dette underkapittelet gjev ei konsentrert framstilling av ei hending i 1993 der det vart skote mot William Nygaard, som då var forlagsdirektør i Aschehoug forlag. Viktig datamateriale er intervju med ein av polititenestemennene som etterforska saka, Knut Fredrik Nysæter³⁵ og forfatteren og journalisten Odd Isungset³⁶. Isungset har skrive to bøker om hendinga (2001, 2010), og saman med politikjelder har dei vore sentrale kjelder for denne delen av studien.

Saka har vore breitt omtala i media, og sidan ho ikkje er oppklart, har ho vore gjenstand for mange spekulasjonar om kva som var motivet, og kven som stod bak. Det er lett å lande på konspirasjonsliknande teoriar når ein har vurdert mykje av datamaterialet. Det finst opplysningar om saka som, av uvisse årsaker, ikkje er offentleg tilgjengelege.

I studien stiller ein spørsmålet om skota mot forlagsdirektøren var ei form for terrorhandling tolka ut frå ramma for omgrepsforståinga som Bjørge og Heradstveit (1993, s. 30) gjev av fenomenet terrorisme. Det blir også vurdert om skota kan tolkast som ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005.

6.5.1 Skota mot William Nygaard

Her følgjer ei svært samanfatta framstilling og tolking av ei sak som er svært komplisert og har mange vinklingar og moglege forklaringar. For å illustrere kor ressurskrevjande politietterforskningsarbeidet har vore, kan det nemnast at saksdokumenta fyller ein større

³⁵ Knut Fredrik Nysæter. Intervju 25.08.2010 og 16.09.2010.

³⁶ Odd Isungset, forfatter og frilansjournalist. Intervju 15.09.2010.

konteinar.³⁷ Håpet er likevel at ein har fanga opp data som gjev eit nyttig grunnlag for diskusjonen.

I oktober 1993 vart William Nygaard skoten og livstrugande skadd utanfor heimen sin i Dagaliveien i Oslo. Han var då på veg ut til bilen sin som stod parkert ved huset. Eine hjulet på bilen viste seg å vere punktert. Nygaard vart skoten medan han stod der og ringde etter ein drosje. Han vart liggjande i ei skråning med store smerter og ropte på hjelp. Ein nabo fann han og fekk tak i ambulanse som tok han med til Ullevål Universitetssykehus. Gjerningsmennene kom seg truleg unna i ein bil.

Nygaard sjølv trudde først at han hadde fått elektriske støyt, sidan det rykte i kroppen då kulene trefte han og trengde inn i kroppen. Først då han kom på akuttmottaket, oppdaga helsepersonalet at han var skoten. Det gjekk om lag ein og ein halv time før politiet fekk vite om hendinga. Det er lang tid når det gjeld å gripe gjerningsmenn, og spora var alt byrja å kjølne kraftig. Dette kan vere ei av årsakene til den manglande oppklaringa av saka.

6.5.2 Nokre viktige moment frå politietterforskinga av saka

Oslo politidistrikt sette ned ei etterforskningsgruppe som vart kalla Nygaard-gruppa, og som skulle etterforske drapsforsøket. Etterforskinga retta seg etter kvart mot ein norsk-pakistansk mann i Oslo. Han vart seinare sikta i saka og sett i varetekt. Det viste seg at Nygaard var skoten med eit Dan Wesson magnum 44-våpen. Dette var eit av spora som peika mot norsk-pakistanaren. Han stod registrert i politiets våpenregister med ein revolver av dette merket. Politiet fann at ammunisjonen som vart brukt, var Hydra Shock med ekspanderande holspiss. Alt dette fann politiet heime hos norsk-pakistanaren.

Tre skot råka Nygaard. Etterforskinga viste at det truleg har vore minst to personar i området som kan mistenkjast for å stå bak drapsforsøket. Bilen til Nygaard var punktert fordi gjerningsmennene hadde i skore hol i dekket. Mykje tyder på at dei har stått bak eit gjerde 24–30 meter unna. Det er relativt lang avstand for å kunne klare å treffe målet med eit eihandsvåpen, og krev difor eit visst ferdigheitsnivå. Den lange avstanden gjer at det er usikkert kor godt planlagt drapsforsøket var. I dei fleste drapa og drapsforsøka i samband med ayatolla Khomeinis fatwa mot Salman Rhusdie har våpenet vore kniv. Ein teori etterforskningsgruppa hadde, var at gjerningsmennene hadde rekna med at Nygaard skulle bøye seg ned for å skifte dekk på bilen, og at dei då ville kunne stikke han ned bakfrå. Planen

³⁷ Knut Fredrik Nysæter. Intervju 25.08.2010.

slo feil fordi Nygaard ikkje brydde seg med å skifte dekk sjølv, men ringde etter ein drosje i staden. Gjerningsmennene valde difor å bruke eit skytevåpen.³⁸

Etterforskinga har avdekt at drapsforsøket var planlagt. Både utføringa av sjølve handlinga, med bruk av våpen og ammunisjon, og transporten til og frå Dagaliveien, tyder på at gjerningsmennene har lagt ein del arbeid i planlegginga.³⁹ Dette gjer det mindre sannsynleg at drapsforsøket vart utført av psykisk sjuke personar med ei avvikande verkelegheitsoppfatning. Handlinga framstår som rasjonelt utført.

Statterrorisme kan tolkast som terror som er utført av statens offisielle institusjonar mot sivile borgarar (Bjørge & Heradstveit, 1993, s. 28). Nygaard-gruppa hadde ein teori om at Iran hadde gjeve føringar via den iranske ambassaden om å drepe Nygaard.⁴⁰ I kva grad ambassaden var innblanda, er ein av dei mange lause trådane som etterforskinga ikkje har funne svar på. Nysæter slutta som etterforskar i saka hausten 2010. Han ser fleire uheldige etterforskinggrep i saka. Kanskje det viktigaste feilgrepet var at den personen som etterforskarane i Nygaard-gruppa meiner har vore innblanda i saka, på eit avgjerande tidspunkt vart sett fri frå varetekt utan å bli avhøyrd. Nysæter refererer då til norsk-pakistanaren som var sikta.⁴¹

Sidan saka ikkje var oppklart, vart det i 2009 sett ned ei ny etterforskningsgruppe ved Kriminalpolitisen (Kripos). Gruppa fekk i oppdrag å gjennomgå saka for å sjå om det var noko som kunne etterforskast annleis, eller om det fanst tilleggsopplysningar som kunne kaste meir lys over hendinga. Nysæter hadde vore med i denne gruppa i nesten eit år då intervjuet med han vart gjennomført. Reinert Møster Ottesen er påtaleansvarleg for etterforskinga av Nygaard-saka ved Kripos. Ifølgje han hadde William Nygaard og Odd Isungset eit møte med riksadvokaten i 2008. På bakgrunn av dette bad riksadvokaten statsadvokaten i Oslo, Lasse Qvigstad, om å vurdere å etterforske saka på nytt. Dette arbeidet held framleis på. Oppdraget er å slutføre etterforskinga.⁴²

6.5.3 Diskusjon om i kva grad hendinga kjem inn under definisjonen til Bjørge og Heradstveit

I sonderinga om skota mot William Nygaard er ei terrorhandling eller ei form for politisk vald, vil ein i stor grad måtte basere diskusjonen på data av usikker reliabilitet. Då risikerer

³⁸ Knut Fredrik Nysæter. Intervju 25.08.2010.

³⁹ Knut Fredrik Nysæter. Intervju 25.08.2010.

⁴⁰ Knut Fredrik Nysæter. Intervju 25.08.2010.

⁴¹ Knut Fredrik Nysæter. Intervju 25.08.2010.

⁴² Reinert Møster Ottesen, politiadvokat og etterforskningsleiar ved KRIPOS. Intervju 15.06.2011.

ein å hamne tett opp i spekulasjonar og konspirasjonsteoriar. Slike teoriar har det vore mange av, både innanfor og utanfor politiet og påtalemakta. Ettersom etterforskinga vart stansa, har det heller ikkje ført til ei oppklaring eller ein dom som peikar ut kven som stod bak skota. Sidan gjerningsmannen eller gjerningsmennene ikkje er funne, kan ein her i studien heller ikkje konkludere med kva som var motivasjonen eller forsettet bak handlinga.

Nedanfor blir det diskutert i kva grad hendinga samsvarar med omgrepsforståinga av terrorisme hos Bjørge og Heradstveit (1993, s. 30). Ein av hovudteoriane for kven som stod bak drapsforsøket, er sett i samanheng med ein religiøs dom som vart avsagd i 1989 mot ein indisk-britisk forfattar.

6.5.4 Rushdie-saka

Drapsforsøket mot William Nygaard kan tolkast som ei form for politisk vald som har sitt utspring i eller blir påverka av forhold utanfor landegrensene. Ein måte å tolke drapsforsøket på er å sjå det i samanheng med at Irans dåverande religiøse og politiske diktator, ayatolla Khomeini, i februar 1989 gav ein fatwa mot den indisk-britiske forfattaren Salman Rushdie og forleggjarane hans. Grunnen var at han hadde skrive boka *Sataniske vers*, som mange muslimar oppfatta som ei djup krenking av Koranen og islam. Ein fatwa er ei sakkyndig utsegn frå ein islamsk rettslærd om ei sak som gjeld islamsk lov. I fatwaen seier Khomeini mellom anna:

Jeg gjør alle verdens nidkjære muslimer oppmerksom på at forfatteren av boka «Sataniske vers» – som er utarbeidet, trykt og utgitt mot islam, Profeten og Koranen – så vel som de forleggere som er klar over dens innhold, er dømt til døden. Jeg ber alle sant troende muslimer om å likvidere dem alle raskt, hvor enn de måtte finne dem, slik at ingen vil våge å fornærme de islamske forordninger. (Isungset, 2010, s. 77)

Fatwaen, og valden som han førte med seg, var dermed retta også mot alle som medverka til at boka vart gjeven ut og fekk internasjonale dimensjonar. *Sataniske vers* kom ut i Noreg to månader etter kunngjeringa til Khomeini. Ein av dei som medverka til utgjevinga, var forlagsdirektør William Nygaard i Aschehoug forlag. Mange ser det slik at skota mot han var ei direkte følgje av fatwaen.

Fatwaen mot Salman Rushdie og andre som har medverka til å gje ut boka *Sataniske vers*, har ført til fleire valdelege angrep. Mange har vore utsette for stygge angrep, og fleire

vart drepne.⁴³ Nygaard var den tredje personen som vart forsøkt drepen eller vart drepen truleg på grunn av samanhengen med *Sataniske vers*. Dei to første var den italienske omsetjaren Ettore Capriolo, som vart skadd i 1991, og den japanske omsetjaren Hitoshi Igarashi, som vart drepen same året (NRK Skole, 2010). Ein ser såleis eit mønster i valden som har ramma forleggjarar og andre personar som har hatt noko med utgjevinga av boka å gjere. Valden er målretta og rammar ikkje tilfeldig. Fatwaen er i seg sjølv ein tydeleg drapstrussel og ei åtvaring.

Politisk påverknad skjer gjennom ei eller anna form for kommunikasjon. William Nygaard var ein kjend samfunnsdebattant i det offentlege rommet også før han vart skoten. Eit drap eller drapsforsøk i Noreg får framleis ei viss merksemd i media. Drap på ein så kjend person som Nygaard ville utan tvil gje stor merksemd i media og altså vere viktig for å kommunisere ein politisk budskap, som det fatwaen er. Drapsforsøket har dermed ein ekspressiv funksjon og *kan* tolkast som ein budskap om å ikkje involvere seg i utgjevinga av boka *Sataniske vers*.

Men det er også rom for andre tolkingar. Det vart ikkje sendt ut nokon budskap i tilknytning til skota, og det var heller ingen som tok på seg ansvaret i ettertid. Under etterforskinga var til dømes ein av teoriane til politiet at skota ikkje hadde noko med den religiøse dommen å gjere,⁴⁴ altså ein slags nullhypotese som seier at det ikkje er ein samheng. Det gjer at handlinga får ein meir uklar budskap. Den ekspressive delen av henne blir tona ned. Valden som har sprunge ut frå fatwaen, er godt eigna til å spreie redsle for å hindre at nokon tør å gje ut boka. Dette er ei viktig målsetjing med fatwaen, og det gjer at han ikkje berre er ein rein drapstrussel, men også inneber eit politisk element for å skape samfunnsending.

Fleire av drapa eller drapsforsøka har vore snikangrep. Både valdsmetoden og usikkerheita kring når eit angrep skjer, gjer at det er vanskeleg å verje seg mot slike hendingar. Dette er viktige moment som aukar potensialet handlinga har for å skremme.

Trusselen som ligg i fatwaen, gjorde og gjer framleis har at mange ikkje har tort å ha noko med utgjevinga av *Sataniske vers* å gjere. Slik sett er målet oppnådd om å påverke andre enn dei som har vorte drepne som ei følge av fatwaen. Dette er eit døme på at vald og truslar om vald faktisk har effekt og verkar i eit globalt perspektiv. Det franske forlaget Christian Bourgois nekta å gje ut boka og ville heller ikkje seie frå seg retten til å gje henne ut då andre

⁴³ Knut Fredrik Nysæter. Intervju 25.08.2010.

⁴⁴ Knut Fredrik Nysæter. Intervju 25.08.2010.

franske forleggjarar tilbød seg å gjere det (Isungset, 2000, s. 58). Men det finst også dei som ikkje har vore villige til å la seg presse, både her i landet og andre stader. *Sataniske vers* er framleis i sal hos Aschehoug forlag, og Nygaard sjølv har etter drapsforsøket vore ein ihuga forkjempar for ytringsfridom.

Om ein vil plassere skota mot Nygaard i tankemodellen frå kapittel 4, må det bli i den mørkare delen. Det vil seie at dette er ei av dei seks hovudhendingane i studien som ligg svært nær omgrepsforståinga hos Bjørge og Heradstveit. Ho ligg også tett opp til essensen av mange andre forskingsbaserte definisjonar av terrorisme. Ein føresetnad er då at ein tolkar skota som ei følgje av den iranske fatwaen.

6.5.5 Ville drapsforsøket vorte omfatta av kapittel 18 i straffelova av 2005?

Då Nygaard vart skoten i 1993, hadde ikkje Noreg ei eiga lovføresegn som ramma terrorhandlingar. Den kom først i 2002 med innføringa av §§ 147a–c i straffelova av 1902. I straffelova av 2005 er drap ramma av føresegna i § 275. Drap er lista opp i § 131 i straffelova av 2005 som eit lovbrøt som saman med skuldkravet terrorhensikt gjer at handlinga er å rekne som ei terrorhandling. Forsøk på brotsverk som har ei strafferamme på over 1 år, er omtala i § 16 i straffelova av 2005.

Det er ingen tvil om at attentatet var eit forsøk på drepe Nygaard og ikkje berre meint å skade han fysisk. Holspissammunisjonen som vart nytta, er konstruert for å gje store skadar ved å rive opp mest mogleg vev. Jamvel eit treff i mindre sentrale delar av kroppen kan vere dødeleg på grunn av dei store blødingane som slik ammunisjon kan føre til. Jakkefôret var av bomull, og det gjorde at holspissen på prosjektilet vart tetta med bomullsfibrar. Dette og den relativt lange avstanden mellom Nygaard og staden der våpenet vart avfyrt frå, som minskede anslagsenergien, gjorde at prosjektilet ikkje ekspanderte slik det skal gjere. Det har truleg redda livet til Nygaard, for eit ekspandert prosjektil ville ha gjeve langt større skadar. Treffpunkta for dei tre skota som ramma han, var i overkroppen, og han var heldig som overlevde – etter lang medisinsk behandling.

For å kunne vurdere om drapsforsøket var ei terrorhandling, må ein byggje på skuldkravet i straffelova av 2005. Då må ein også vite kva som var motivet til gjerningsmennene for å planleggje og utføre drapsforsøket, med andre ord kva som var forsettet i handlinga, relatert til norsk straffelov. Ei kvalifisert form for forsett, terrorhensikt, er eit skuldkrav som må oppfyllest for at nokon skal bli dømd for brot på kapittel 18 i straffelova av 2005. På dette punktet gjer manglande data at ein ikkje kan gje ein sikker

konklusjon sidan politiet ikkje har funne gjerningsmennene eller gjerningsmannen, og difor ikkje har moglegheit til å kartleggje tankane bak handlinga.

§ 131 andre ledd bokstavane a–c peikar på tre former for terrorhensikt som ei handling kan vere utført med. I drapsforsøket på Nygaard er det bokstav c i lovføresegna som er aktuell å sjå nærare på når det gjeld skuldkravet. Bokstav c handlar om brot på ei av straffeføresegnene som er nemnde i § 131 første ledd, i den hensikt «å skape alvorlig frykt i en befolkning».

Om ein ser drapsforsøket mot William Nygaard som ei følgje av den iranske religiøse dommen, er hendinga ei terrorhandling etter kapittel 18 i straffelova av 2005.

6.5.6 Oppsummering

Sidan drapsforsøket på William Nygaard ikkje har vorte oppklart, manglar det opplysningar om kva som har vore forsettet bak hendinga. Dette gjer at ein ikkje kan gje ein eintydig og klar konklusjon på om dette er ei terrorhandling sett i lys av omgrepsforståinga av terrorisme hos Bjørgo og Heradstveit. Ein konkluderer likevel med at ut frå det datamaterialet studien har bygt på om drapsforsøket, er dette ei hending som passar svært godt inn i omgrepsforståinga av terrorisme i definisjonen til Bjørgo og Heradstveit. Ikkje berre kan hendinga tolkast inn i denne definisjonen, ho passar også godt inn i dei definisjonselementa av terrorisme som det rår stor konsensus om elles i forskarverda.

Nygaard-gruppa hadde mistanke om at drapsforsøket på ein eller annan måte var styrt av føringar frå Iran, og dermed var ei form for statsterrorisme. Det kanskje sterkaste argumentet for ein slik påstand er at handlinga har eit sterkt kommunikativt element i seg, då drapsforsøket retta seg mot ein person som alt var kjend i Noreg. Det er lite truleg at handlinga ikkje ville bli knytt til fatwaen, sjølv om ingen har teke ansvar for handlinga i ettertid.

Til slutt i dette underkapittelet spør ein seg om gjerningsmannen eller gjerningsmennene oppnådde målet med handlinga, som ser ut til å vere å hindre spreining av boka. Mange omsetjarar og bokutgjevarar har ikkje våga å ha noko å gjere med boka. Trass i dette har skota mot William Nygaard mobilisert til auka innsats for ytringsfridom, både her i landet og andre stader.

Isungset (2000, s. 56) skriv om utgjevinga av boka *Sataniske vers*: «Men det var ikke mange forlagsfolk som på det tidspunktet ville ha trodd at boka kom til å gå i så gode opplag. Paradoksalt nok bidro de som ønsket å forby boka, til at den fikk en rekordstor leserkrets.»

6.6 *Ekspløsjonen i regjeringskvartalet og massakren på Utøya*

22.07.2011

Oppgåva var nett levert inn til rettleiarane til gjennomlesing då massakren i regjeringskvartalet og på Utøya skjedde. I ein studie som har som tema terrorisme og politisk vald i Noreg i moderne tid, må desse hendingane vere med i diskusjonen. Oppgåveskrivaren valde difor å skrive eit nytt underkapittel. Men framstillinga blir langt frå fullstendig fordi saka ikkje er ferdigbehandla. Straffesaka mot Anders Behring Breivik er berre i startfasen.

I skrivande stund er det er framleis svært mange moment som ikkje er tilstrekkeleg utgreidde om eksplosjonen i regjeringskvartalet og dramaet på Utøya. Naturleg nok har drapa fått massiv medieomtale, og det manglar ikkje data som underkapittelet kan byggje på, men reliabiliteten er usikker sidan mykje av dette finst i mediekjelder. Eit 1500 siders manifest er ei av kjeldene som kan nyttast i kartlegginga av eit politisk motiv og ei mogleg terrorhensikt bak drapa (Norksgoy's Blog, 2011). Den viktigaste kjelda er likevel Breivik sjølv. Han veit best kvifor han gjennomførte drapa. Essensielle data er difor forklaringa hans i politiavhøyr og i den komande rettssaka. Men offentleggjeringa av desse forklaringane ligg langt fram i tid.

I dette underkapittelet blir det diskutert om drapa kan tolkast innanfor rammene som definisjonen til Bjørgo og Heradstveit (1993, s. 30) set om terrorisme. Det blir også diskutert om drap kan reknast som terrorhendingar etter kapittel 18 i straffelova av 2005.

6.6.1 *Ekspløsjonen i regjeringskvartalet og massakren på Utøya*

22.07.2011 gjekk det av ei sprengladning i regjeringskvartalet i Oslo. Det vart omfattande skadar på regjeringsbygga og bygningane omkring. Kort tid etter vart det meldt om skyting på AUFs sommarleir på Utøya i Buskerud. Ein person i politiklede skaut og drap eller skadde mange personar. Anders Behring Breivik vart same dagen pågripen av væpna politi. Han vart sikta for brot på «terrorparagrafen» i straffelova § 147a første ledd bokstavane a og b.

25.07.2011 vart han varetektsfengsla i åtte veker med brev- og besøksforbod, og fullstendig isolasjon i fire veker (Oslo tingrett, 25.07.2011, s. 2).

6.6.2 *Var eksplosjonen og massakren terrorhandlingar etter omgrepsforståinga hos Bjørgo og Heradstveit?*

Ekspløsjonar og skyting har eit stort potensial for å skape frykt. Sprengladningar som blir detonerte utan forvarsel om tid og stad, slik som i dette tilfellet, skaper stor utryggleik.

Ladningen vart plassert midt i det offentlege rom, der det er fri ferdsel for alle. Hendinga ramma slik sett nokså vilkårleg, sjølv om ladningen var plassert i regjeringskvartalet. Dette gjer henne til ei særleg skremmande handling. Ugjærninga var også retta mot sjølv styingsverket i Noreg.

Drapa på Utøya har mange moment ved seg som gjer hendinga svært eigna til å spreie frykt. Det skjedde på eit geografisk avgrensa område med få moglegheiter til å kome seg unna. Handlinga retta seg mot personar som ikkje sjølv var væpna, og som hadde små sjansar til å forsvare seg mot ein person med skytevåpen. Fleire av dei som vart skotne, var born. Ved eit massedrap av eit slikt omfang er gjerningsmannen trygg på å få massiv dekning både i nasjonale og internasjonale medium, og dermed få godt høve til å gje ein politisk budskap.

6.6.3 Budskap med ein politisk dimensjon

Breivik lét seg pågripe av væpna politi. Det ser ut til at han ikkje ville risikere å bli skoten av politiet i naudverje, for han hadde lagt våpenet sitt på bakken bak seg og heldt nevane synlege for politiet. Han har truleg hatt eit ynske om å gje ein budskap. Utan ein politisk budskap eller motivasjon ville ikkje drapa vere ei terrorhending, men «berre» massedrap. Forsvararen til Breivik sa to dagar etter drapa: «Han ønsker å endre samfunnet uten å lykkes. Dette var siste utvei» (Lippestad, 24. juli 2011).

Breivik vedgjekk i politihøyr å ha gjennomført sprenginga av regjeringskvartalet og massakren på Utøya. Likevel erkjende han ikkje straffskuld. Han fortalde under fengslingsmøtet i Oslo tingrett at han gjennomførte handlingane for «å redde Norge og Vest-Europa fra bl.a. kulturmarxisme og muslimsk overtagelse». Tingretten har oppfatta eit motiv bak handlingane som vart samanfatta slik:

Målet med attentatene var å «gi et kraftig signal» til folket. Siktede ønsker å påføre Arbeiderpartiet «størst mulig tap» slik at dette for fremtiden ville «strupe nye rekruttering». Siktede forklarte at Arbeiderpartiet har sveket landet og folket og prisen for forræderiet fikk de betalt for i går. «Operasjonen var ikke å drepe flest mulig, men å gi et kraftig signal som ikke kan misforstås. Om at så lenge Arbeiderpartiet kjører den ideologiske linjen sin og fortsetter å dekonstruere norsk kultur og masseimportere muslimer så må de ta ansvaret for dette forræderiet og enhver person med samvittighet kan ikke landet sitt bli kolonisert av muslimer. (Oslo tingrett, 25.07.2011, s. 3)

Det ser ut til at Breivik har eit politisk syn som kan klassifiserast som ein høgrekstrem ideologi. Liknande synspunkt om faren for muslimsk invasjon har kome frå andre i Noreg,

personar som høyrer heime langt ute til høgre på ein politisk skala. I 1989 sa til dømes leiaren av Folkebevegelsen Mot Innvandring, Arne Myrdal, dette: «The Muslims have come to conquer Europe. I believe there will be civil war in three years' time. We can either surrender and let them take over our country – rape our country! Or we may prepare ourselves for resistance, and that is what we are doing right now» (Bjørge, 1995b, s. 191).

Når Breivik i fengslingsmøtet seier at operasjonen ikkje var for å drepe flest mogleg, men å gje eit kraftig signal som ikkje kan misforståast, kan dette tolkast som eit motiv for å skaffe seg politisk påverknad med drap som verkemiddel, altså skape ein respons på andre enn offera og deira næraste. Ein kan sjølv sagt også seie at det å drepe unge AUF-arar på Utøya er ein måte strupe rekrutteringa til arbeidarrørsla direkte på, men motivet, slik det går fram av rettsavgjerda om fengsling, ser ut til å vere det å gje ein politisk budskap. Ut frå Bjørge og Heradstveits definisjon av terrorisme blir hendinga dermed tolka som terrorisme.

6.6.4 Var eksplosjonen i regjeringskvartalet og massakren på Utøya terrorhandlingar etter kapittel 18 i straffelova av 2005?

I fengslingsmøtet i Oslo tingrett 25.07.2011 vart Breivik sikta etter straffelova § 147a første ledd bokstavane a og b. Tingretten sa om lovføresegnene: «Straffeloven § 147a første ledd bokstav a gjelder destabilisering eller ødeleggelse av grunnleggende funksjoner i samfunnet, slik som bl.a. Regjeringen. Straffeloven § 147a første ledd bokstav b gjelder det å skape alvorlig frykt i en befolkning» (Oslo tingrett, 2011, s. 2). Retten fann grunnlag for å fengsle Breivik for brot på desse lovføresegnene, slik siktinga frå påtalemakta gjekk ut på.

Drap er rekna opp i straffelova § 131 første ledd som ei handling som saman med skuldkravet terrorhensikt i bokstavane a–c i same føresegna kan reknast som ei terrorhandling. Straffelova av 2005 § 131 andre ledd bokstav a rammar det «å forstyrre alvorlig en funksjon av grunnleggende betydning i samfunnet». Som døme blir det vist til mellom anna lovgjevande, utøvande og dømmande styresmakter. Lovføresegna skal verne grunnpilarane i det norske demokratiet: Stortinget, regjeringa og domstolane. Ein sprengladning av store dimensjonar, plassert midt i regjeringskvartalet, gjer at ei slik handling vil bli ramma av bokstav a i denne lovføresegna.

Som nemnt er ikkje lovforarbeida konkrete på kva som meinest med «alvorlig frykt» og «en befolkning» i straffelova § 131 andre ledd bokstav b. Departementet nyttar 11. september 2001 i USA for å illustrere kva «alvorlig frykt» går ut på (Ot.prp. nr. 61 (2001–2002), s. 93). Det blir ikkje skilt mellom alvorleg frykt og frykt i og med at lovteksten i 147a første ledd bokstav b berre nemner «alvorlig frykt». Ein må likevel kunne gå ut frå at

lovgjevaren ville ha rekna hendingar som drapa på Utøya og i regjeringskvartalet som vel eigna til å skape alvorleg frykt. Massiv mediedekning og drepne personar frå store delar av landet har gjort at hendingane må seiast å påverke eit heilt folk.

I kapittel 18 i straffelova av 2005 har lovgjevaren valt å skilje terrorhandlingar etter graden av alvor. § 132 rammar særlege alvorlege terrorhandlingar:

§ 132. Grove terrorhandlingar

Grov overtredelse av § 131 straffes med fengsel inntil 30 år. Ved avgjørelsen av om terrorhandlingen er grov, skal det særlig legges vekt på om den

- a) har medført tap av flere menneskeliv eller svært omfattende ødeleggelse av eiendom eller miljø, eller særlig nærliggende fare for det,
- b) er utført med særlig skadelige midler,
- c) er begått av en person som i kraft av sin stilling nyter en særlig tillit som kan utnyttes til å gjennomføre en terrorhandling.

Bruk av store mengder sprengstoff og massiv bruk av skytevåpen som førte til tap av mange menneskeliv, gjer at både bokstav a og bokstav b i § 132 passar på drapa på Utøya og i regjeringskvartalet. Dersom kapittel 18 var tredd i kraft, ville Breivik risikert den strengaste straffa i Noreg: fengsel i inntil 30 år.

Internasjonal samhandling innanfor lovverket har sett krav til at særskilde former for terrorverksemd skal ha eit spesielt fokus. Bruk av sprengstoff med terrorhensikt har difor fått ei eiga lovføresegn i § 138 i kapittel 18:

§ 138. Terrorbombing

Med fengsel inntil 21 år straffes den som sender inn, anbringer, avfyrrer eller detonerer et sprenglegeme eller en annen potensielt dødbringende anordning på, i eller mot et offentlig sted, et statlig eller offentlig anlegg, et offentlig infrastrukturanlegg eller et offentlig transportsystem, med forsett om å volde tap av menneskeliv eller betydelig skade på kropp, eiendom eller miljø.

Detonasjonen i regjeringskvartalet vil kome inn under ordlyden i denne lovføresegna. Mykje tyder på at motivet til Breivik passar godt med forsettet om «å volde tap av menneskeliv eller betydelig skade på kropp, eiendom eller miljø».

For at handlingane til Breivik skal kunne kallast terrorhandlingar, må drapa vere utførte med terrorhensikt. I Breivik si forklaring i fengslingsmøtet kjem det fram at han ynskte å «gi et kraftig signal til folket» (Oslo tingrett, 25.07.2011, s. 3). Det gjev sterke haldepunkt

for at han gjennomførte drapa med terrorhensikt. Det er difor solid grunnlag for å tolke massakren på Utøya og eksplosjonen i regjeringskvartalet som grove terrorhandlingar.

6.6.5 Var Breivik tilrekneleg?

«En person kan være gal, samtidig som han kan være strafferettslig tilregnelig», hevda Breiviks forsvarar, Geir Lippestad i eit radiointervju (26. juli 2011). Advokaten sa også i det same intervjuet: «Han har et syn på virkeligheten som ingen andre i denne delen av verden deler med han.»

Strafferettslegheit er eit juridisk omgrep. I dei aller fleste tilfella der folk blir rekna som strafferettsleg utilreknelege i ei rettssak, snakkar ein i medisinske termar om psykosar. Spørsmålet er om Breivik eigentleg visste kva han gjorde. Var han klar over at han verkeleg drap menneske då han lét sprengladningen gå av, og då han pressa inn avtrekkjaren på våpenet sitt? Svaret vil ein få etter ei sakkunnig vurdering. Om han ikkje blir vurdert som tilrekneleg då han planla og gjennomførte angrepa, vil drapa heller ikkje kunne reknast som terrorhendingar.

6.6.6 Oppsummering

I den tidsperioden som studien spenner over, er drapa på Utøya og i regjeringskvartalet hendingar med eit drapsomfang som peikar seg ut som heilt spesielle i det utvalet av hendingar av politisk vald som er diskutert. Ut frå omgrepsforståingane og avgrensingane som er nytta i studien, har det ikkje vore andre terrorhendingar der liv har gått tapt. Hendingane 22.07.2011 er truleg det mest omfattande massedrapet sidan den andre verdskrigen i Skandinavia. Drapa passar godt inn i omgrepsforståinga av terrorisme hos Bjørge og Heradstveit. Eit stort potensial for å skape frykt og ei solid budskapsplattform er viktige stikkord i denne samanhengen.

Når ein ser drapa i forhold til kapittel 18 i straffelova av 2005, verkar det som om lovgjevaren har konstruert ein definisjon av terrorhandling som passar svært godt for dette tilfellet, jf. § 131 andre ledd bokstavane a og b. Årsaka er truleg at hendingane har mange element i seg som samsvarar med omgrepsforståingar av terrorisme som det er stor konsensus om mellom forskarar på det internasjonale planet. Dersom kapittel 18 hadde tredd i kraft før drapa skjedde, ville Breivik svært sannsynleg ha risikert ein dom på inntil 30 års fengsel etter § 132 om grove terrorhandlingar.

På grunnlag av omgrepsforståinga hos Bjørgo og Heradstveit av terrorisme og definisjonen av terrorhandling i kapittel 18 i straffelova av 2005 peikar drapa på Utøya og i regjeringskvartalet seg ut som dei klaraste terrorhandlingane som ein har sett på i studien. Då er det teke atterhald om at domstolen enno ikkje har avgjort om Breivik var strafferettsleg tilrekneleg eller ikkje, ut frå ei rettspsykiatrisk vurdering. Sinnstilstanden hans på drapstidspunktet vil vere avgjerande for å konkludere med om dette var terrorhandlingar eller ikkje.

7 Diskusjon og funn

Dette kapitlet er ei oppsummering av studien og ein diskusjon av hovudfunna som ein har kome fram til. Dei seks hendingane i kapittel 6 blir gjennomgått i ein komparativ diskusjon i lys av tankemodellen om samfunnsfenomenet terrorisme, som vart presentert i kapittel 4. Det blir gjort greie for sentrale funn i undersøkinga. Forskingsspørsmålet om korleis fenomenet terrorisme blir tolka i kapittel 18 i straffelova av 2005, er ei kompleks oppgåve å svare på. Svaret er ikkje eintydig og må sjåast i samheng med underkapitla 7.3, 7.4 og 7.5. På bakgrunn av studien er det lagt fram eit forslag til vidare forskning på feltet. Kapitlet blir avslutta med nokre tankar om bruk av kapittel 18 i straffelova av 2005 i framtida.

7.1 Inga eintydig omgrepsforståing av terrorisme og politisk vald

Definisjonar prøver å innhaldsbestemme og avgrense eit fenomen. Dei er farga av den som konstruerer definisjonen, og hans eller hennar bakgrunn og forståing av fenomenet. Definisjonar er sosiale konstruksjonar og forenkla framstillingar av eit elles komplekst fenomen.

Forståinga av definisjonane i studien – definisjonen til Bjørge og Heradstveit av terrorisme og definisjonen av terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar i kapittel 18 i straffelova av 2005 – er prega av at det er oppgåveskrivaren som tolkar dei, og hans referanserammer om tolkingsobjektet. Difor må diskusjonen av dei seks hendingane i kapittel 6 sjåast som forslag til tolkingar. Diskusjonen tek ikkje mål av seg til å gje den einaste rette tolkinga av hendingane ut frå desse definisjonane. Ei slik eintydig tolking finst ikkje. Som for andre samfunnsfenomen er forståingane av terrorisme og politisk vald til sjuande og sist like mange som talet på dei som vel å tolke fenomena. Ein konklusjon i studien er at det er vanskeleg å avgrense fenomena.

7.2 Terrorisme er eit gråsonefenomen. Ein komparativ diskusjon av seks hendingar i lys av ein tankemodell om fenomenet terrorisme

Eit av funna i studien er at samfunnsfenomena terrorisme og politisk vald begge er gråsonefenomen, med ein mørk kjerne der det rår stor konsensus blant forskarar om innhaldet. Det er når ein kjem lenger ut frå kjernen, i dei lysare gråsonene, der det er vanskeleg å finne eit politisk motiv, at det blir problem med å avgrense fenomena frå andre former for vald eller kriminalitet. Den politiske dimensjonen er viktig for å finne skiljet mot annan kriminalitet.

Terrorisme og politisk vald er omgjeve av gråsoner som flyt over i andre former for kriminalitet. I mange høve inneheld gråsonene andre former for politisk motivert vald. I studien blir fenomenet terrorisme tolka som eit snevrare fenomen enn politisk vald. Ein måte å seie dette på er at all terrorisme er politisk vald, men ikkje all politisk vald er terrorisme. Slik terrorisme er tolka i studien, er det å bruke frykt for å få ein effekt på andre enn den som direkte blir utsett for vald eller trugsmål om vald, med eit mål om å oppnå ein politisk gevinst, eit viktig skilje mellom terrorisme og andre former for politisk vald. Diskusjonen kring dei seks hendingane i kapittel 6 illustrerer nokre av gråsonene kring fenomena terrorisme og politisk vald. Bjørgos tankemodell om samfunnsfenomenet terrorisme frå kapittel 4 er brukt som lest i ein samanliknande diskusjon av desse hendingane.

Samfunnsfenomenet organisert kriminalitet kan, liksom terrorisme og politisk vald, tolkast som eit gråsonefenomen. Politidirektoratet reknar motorsykkelorganisasjonane Hells Angels og Bandidos som aktørar innanfor organisert kriminalitet. Ei blanding av profittmotiv og ideologiske motiv ligg bak delar av aktiviteten i klubbane, og det gjer at valden som dei utfører, til tider minner om politisk motivert vald. Sprengladningen i klubbhuset til Bandidos i Drammen i 1997 er eit godt døme på det. Hendinga kan plasserast i ein sektor der det er uklart om det låg eit politisk motiv bak eksplosjonen, sjølv om ho har ei form som gjev sterke assosiasjonar til terrorisme, og ein maktkamp mellom Hells Angels og Bandidos kan til ein viss grad oppfattast som ei form for politikk. Metoden som vart brukt, er eit element som fører hendinga sterkt inn mot kjernen i tankemodellen. Striden mellom dei to kriminelle MC-miljøa blir ikkje tolka som ei politisk handling, slik omgrepet politikk er tolka i studien. Det gjer at eksplosjonen likevel kjem langt ut i dei lysare gråtonane i modellen, og difor ikkje blir rekna som terrorisme eller ei anna form for politisk vald etter definisjonane i studien.

I samband med Kato Airline-kapringa er det heller ikkje funne noko klart politisk motiv, sjølv om hendinga har ei form som mange assosierer med terrorisme. Hendinga kan plasserast i same sektoren som sprengladninga i Drammen, altså i sektoren for manglande politisk motiv. Kapringa fell utanfor dei to terrorismedefinisjonane, rett og slett fordi det er vanskeleg å identifisere eit politisk motiv, jamvel om gjerningsmannen vart erklært strafferettsleg tilrekneleg. Det manglande politiske motivet gjer også at drapsforsøket heller ikkje kan reknast som politisk vald. I ein gradert studie kunne kapringa likevel fort nærme seg den mørkegrå kjernen i tankemodellen, sidan det finst opplysningar i PST som kanskje kan kaste meir lys over eit politisk motiv.

Mykje av den politiske valden i Noreg ber preg av skadeverk og sabotasjeliknande handlingar, men der målet ikkje er fysisk skade på menneske eller truslar om å skade

menneske. Ei hending som kan plasserast innanfor sektoren vald mot ting, er brannen ved pelsdyrførkjøkkenet til bedrifta Jakob Tveit AS i Treungen i 2003. Mange av dei politisk motiverte skadeverka som er kartlagde ut frå avgrensinga som problemstillinga set, har likevel ei form som gjer at det ikkje er langt unna at menneske vart skadde eller lett kunne vorte det, og det gjer at slike hendingar nærmar seg omgrepet terrorisme, slik dette fenomenet er tolka i studien. Ein så stor brann har også eit fysisk ytre som kan skape assosiasjonar til terrorisme og gje eit fryktelement. Dette er moment som skaper uklare grenser mellom terrorisme og andre former for politisk vald. Skiljet mellom sektorane vald mot ting og vald mot menneske blir dermed tona ned i denne hendinga. Arbeidet i eit pelsdyrførkjøkken må av og til gjerast til på tidspunkt på døgnet når andre stort sett har fri. Hadde det vore folk på arbeid der då brannen vart påsett, ville handlinga ha kome mykje nærare kjernen i tankemodellen. Då er det også eit viktig poeng om aksjonistane kjende til at førkjøkkenet var tomt, før dei sette fyr. Etter terrorismedefinisjonane i studien fell brannen utanfor den kolsvarte kjernen av terrorisme. Men det ligg eit politisk motiv om dyrefrigjeringskamp bak brannen, og det gjer henne til ei politisk valdshandling.

Ein sektor i tankemodellen kan vere når personkonfliktar har vore ein viktig motivasjon bak ei valdshandling, slik det truleg var med brannen i einebustaden i Mathopen i 1997. Truleg låg det i tillegg eit politisk motiv bak, der gjerningsmannen var inspirert av ein høgreekstrem ideologi. Når det gjeld denne brannen, er skiljet mellom sektorane vald mot ting og vald mot menneske utviska. I motsetning til i hendinga ovanfor var det ved brannen i einebustaden ein påreknelig fare for at nokon ville miste livet då huset vart påtent medan folk låg og sov. At politiet etterforska brannen etter straffelova § 148 – «mordbrannparagrafen» – viser kor alvorleg hendinga vart oppfatta. Men mangelen på ein klart påvist politisk bodskap i ei uopplart straffesak gjer at brannen ikkje kjem heilt inn under dei to terrorismedefinisjonane. Mykje tyder likevel på at det låg eit politisk motiv bak, og brannen blir tolka som ei form for politisk vald.

Nygaard-saka er heller ikkje opplart, og det manglar difor opplysningar om eit forsett bak handlinga eller eit politisk motiv. Om ein ser drapsforsøket som eit resultat av ein religiøs dom, der drapsforsøket er sett i verk av den iranske ambassaden, kan saka plasserast i ein sektor som kan kallast statsterrorisme. Men ho høyrer også heime i sektoren vald mot menneske. Drapsforsøket ligg svært nær kjernen i tankemodellen. Ein drapsmetode i form av eit snikangrep er det vanskeleg å verje seg imot, og det aukar potensialet for å skape frykt. Det som gjer det vanskeleg å plassere denne hendinga i den kolsvarte kjernen, er at saka ikkje er

oppklart, og at det er ein del lause trådar. Fram til 22.07.2011 var Nygaard-saka den hendinga i tidsperioden som studien omfattar, den som låg tettast inn til kjernen i tankemodellen.

Drapa på Utøya og i regjeringskvartalet 22.07.2011 er den einaste hendinga som merkjer seg ut som ei terrorhending midt i den kolsvarte kjernen i tankemodellen, i sektoren vald mot menneske. Hendinga ligg ikkje i nokon av gråsonene i dei to terrorismedefinisjonane, slik saka står pr. 14.10.2011, men ho ligg innanfor dei elementa av terrorisme som det langt på veg rår konsensus om mellom terrorismeforskarar. Breivik har sjølv sagt at han hadde eit politisk motiv om samfunnsending, både i tingretten og i manifestet sitt. Så langt ein veit i dag, ser det ut til at drapa var eit middel for å få ein effekt på andre enn offera. Fryktelementet er stort. Det må likevel takast eit atterhald ved konklusjonen om at hendinga ligg midt i den kolsvarte kjernen i tankemodellen. Dersom Breivik blir vurdert av sakkunnige som psykotisk i gjerningsaugneblinken, vil hendinga kunne hamne i sektoren for eit manglande politisk motiv og såleis bevege seg ut i gråsonene.

7.3 Uklare omgrep i kapittel 18 i straffelova av 2005 om terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar

Ei straffeføresegn er på same måten som definisjonen av terrorisme til Bjørge og Heradstveit også ein sosial konstruksjon av delar av verkelegheita. Definisjonen av terrorhandling i § 131 i straffelova av 2005 byggjer i stor grad på den definisjonen som ein finn i § 147a i straffelova av 1902. Ordlyden er nesten identisk. Men det er ein viktig ulikskap mellom definisjonane i dei to lovføresegnene. Kravet til skuld er endra. I lova av 1902 er skuldkravet *terrorforsett*. I lova av 2005 er det innført eit meir kvalifisert krav til skuld, *terrorhensikt*. Skuldkravet vil i mange høve spegle kva politisk motivasjon som låg til grunn for ei terrorhandling. For påtalemakta vil dette føre til ei auka bevisbyrde og gjere det vanskelegare å få nokon dømd for terrorhandling eller terrorrelatert handling. Dersom gjerningsmannen er lite samarbeidsvillig, krev det endå meir kartlegging av den ytre åtferda til personen for å kunne bevise terrorhensikt etter straffelova av 2005 enn for å kunne bevise terrorforsett etter gjeldande føresegn i straffelova av 1902.

Det meir kvalifiserte skuldkravet i omgrepet terrorhensikt er ein av grunnane til at lovgjevaren i straffelova av 2005 § 132, «Grove terrorhandlingar», har heva strafferamma til den høgaste straffa som Noreg har, til fengsel inntil 30 år. Dette er den strengaste straffa som har vore i norsk straffelov så lenge straffelova av 1902 har eksistert.⁴⁵

⁴⁵ Lars Morten Lothe, politioverbetjent ved Bergen Vest politistasjon, tidlegare politijurist. Samtale 12.07.2011.

Påtalemakta og rettsvesenet insisterer sterkt på at det skal vere så klare kategoriar som mogleg i lovføresegner. I diskusjonen om i kva grad dei seks hendingane i kapittel 6 blir omfatta av kapittel 18 i straffelova av 2005, kjem det fram fleire døme på at definisjonen av terrorhandling ikkje er klar nok. Kva vil det seie å skape «alvorlig frykt», og kva meinerst det med «en befolkning», som det står straffelova av 2005 § 131 bokstav b? Lovforarbeida er ikkje klare på det. At definisjonar i lovføresegner ikkje er presise nok, er nokså vanleg i rettsvesenet. Når domstolane i mange høve må sjå til tidlegare rettspraksis for å kunne tolke ei lovføresegn, er det eit teikn på denne uklarleiken. Heller ikkje ved søk i rettspraksis vil ein alltid kunne slå seg til ro med å kome fram til ei forståing. Til sjuande og sist vil tolkinga av ei straffeføresegn vere avhengig av forståinga og bakgrunnen til den som tolkar. Ved ei domstolsbehandling er det i siste instans høgsterettsdommarar som tolkar kapittel 18 i straffelova av 2005.

7.4 Innføringa av kapittel 18 i straffelova av 2005 i norsk strafferett er grunna i internasjonale føringar og ynske om eit tettare internasjonalt samarbeid også i lovverket

Innføringa av kapittel 18 i straffelova av 2005 har ikkje i hovudsak vore motivert for å konstruere eit betre verktøy for å kunne bekjempe terrorisme. Det er ikkje ein auka terrortrussel mot Noreg som ligg bak, men ynske om eit tettare internasjonalt samarbeid i kampen mot terrorisme. Når Noreg sluttar seg til internasjonale traktatar og konvensjonar, set det krav til det nasjonale lovverket. Dette gjev mindre råderett over eiga straffelov. Internasjonalt samarbeid har gjort at Noreg har måtta gå bort frå straffeføresegner med passiv transformasjon, og innført meir spesialiserte straffeføresegner i kapittel 18.

Dei mindre generelle straffeføresegnene gjev norsk påtalemakt og norske domstolar mindre handlerom for tolking av kva som skal reknast som terrorhandling. Samtidig er det eit viktig signal om at det internasjonale samarbeidet ventar eit særskilt fokus på slike former for terrorhandlingar. Noreg oppfyller tilsynelatande sine internasjonale forpliktingar når meir detaljerte straffeføresegner blir innførte med kapittel 18.

7.5 Kapittel 18 i straffelova av 2005 er ikkje fullt ut harmonisert med EUs rammevedtak av 13. juni 2002 om definisjonen av terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar

Generelt sett har terrorisme som omgrep ofte med seg eit element av normative vurderingar, og spørsmålet om korleis dette fenomenet skal forståast, er difor sterkt politisert. Kapittel 18 i straffelova av 2005 listar opp former for lovbrøt som saman med skuldkravet terrorhensikt kan tolkast som terrorhandlingar. Det er berre dei mest alvorlege lovbrøta som er med i opprekninga. Forarbeid til straffelova viser at lovgjevaren har ynskt at lista for kva for lovbrøt som kan tolkast som terrorhandlingar, ikkje skal leggjast for lågt. I § 131 første ledd er til dømes ikkje enkelte former for skadeverk rekna opp. Heller ikkje dagens lovregel § 147a i straffelova av 1902 reknar at skadeverk, saman med skuldkravet terrorforsett, kan tolkast som ei terrorhandling. Ein kan spørje seg om lovgjevaren har oversett den skremseffekten som skadeverk med eit sterkt potensial for å skape frykt fører med seg.

Når nokre former for skadeverk i lova av 2005 ikkje er rekna med, er dette eit brot med EUs rammevedtak, og norsk lov er difor ikkje fullstendig harmonisert på det punktet. Dette gjer at mange former for politisk vald, slik fenomenet blir tolka i studien, fell utanfor definisjonen av terrorhandling i straffelova av 2005. Lovgjevaren har til dømes ikkje vilja rekne demonstrantar som valdar skade, som terroristar. Dette gjer at fleire demonstrasjonar utførte i regi av det venstreorienterte Blitz-miljøet i Oslo fell utanom definisjonen av terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar i straffelova. Heller ikkje politisk motiverte skadeverk og sabotasjeaksjonar i regi av ulike dyrevernsgrupper kjem inn under definisjonen.

7.6 Det er funne få reine terrorhendingar ut frå rammene som problemstillinga set

I arbeidet med studien er det funne få klare tilfelle av terrorisme etter definisjonane i kapittel 18 i straffelova av 2005 og definisjonen til Bjørge og Heradstveit. I begge definisjonane er bruk av frykt for å oppnå ein politisk effekt eit vesentleg element. Det er lite truleg at slike hendingar ikkje ville vorte fanga opp under kartlegginga av politisk vald i studien, sidan ein kan rekne med at media vil ha fanga dei opp.

Drapsforsøket ved Kato Air-kapringa ligg svært tett opp til å bli tolka innanfor begge definisjonane i problemstillinga, men oppgåveskrivaren har ikkje klart å få tilgang til data som kan vise eit politisk motiv bak. Truleg ville slike data gjere at studien måtte graderast. Drapsforsøket mot William Nygaard er ei av to terrorhendingar som det er funne, slik

omgrepet terrorisme blir tolka her, og som har skjedd i tidsrommet innanfor problemstillinga, 1988–2011. Sjølv om saka ikkje er oppklart, og det ikkje bastant kan konkluderast med noko politisk motiv, passar ho godt inn i begge definisjonane. Drapa på Utøya og i regjeringskvartalet er den andre terrorhendinga som blir tolka til å passe godt inn i begge definisjonane. Denne hendinga er unik for den politiske valden i perioden sidan ho førte til massedrap.

Det vart funne 290 hendingar som har mange av dei ytre kjenneteikna på politisk vald, slik dette fenomenet er forstått i studien. Men at talet på hendingar i tidsrommet for problemstillinga er langt større, er det all grunn til å tru. Det ville vere overraskande om det ikkje finst mørketal for slike hendingar, altså at media ikkje har greidd å oppdage den politiske motivasjonen. På den andre sida har det nok ikkje vore eit politisk motiv bak handlinga i nokre av dei kartlagde hendingane, eller eit slikt motiv er kraftig nedtona i media. Med andre ord er ikkje alle dei kartlagde hendingane politisk vald.

Det store fleirtalet av politisk motivert vald i Noreg i det aktuelle tidsrommet er altså ikkje terrorhendingar, slik fenomenet blir tolka ut frå dei to terrorismedefinisjonane, men andre former for politisk vald. Svært mange av dei ber preg av skadeverk og sabotasjehandlingar. Dei er særleg retta mot materielle verdiar og mindre mot liv og helse hos menneske, sjølv om fleire av handlingane har hatt eit potensial for tap av eller skade på menneskeliv.

I samband med kartlegginga av hendingar i mediekjelder vart det funne langt fleire hendingar som minner om politisk motivert vald enn det ein hadde venta. Det er eit poeng at rammefaktorane kring studien ikkje gav høve til kryssjekking av dei aller fleste av hendingane som ein fann i mediekjeldene.

7.7 Forslag til undersøkingar

Det ville vore interessant med ein studie som tok for seg ei meir kvantitativt retta kartlegging, gjerne i triangulering med kvalitative metodar, av den politiske valden i nyare tid, tufta på dei same omgrepsforståingane av terrorisme og politisk vald som i denne studien. I kartlegginga kunne ein då prøve å kategorisere former for politisk vald og søkje etter trendar og mønster i den politiske valden. Det er dei færreste som har klart å predisere nye former for politisk vald. Likevel kan ein nokså trygt hevde at dei formene for politisk motivert vald som vi har sett i Noreg, må vi rekne med å sjå meir til også i framtida. Ei slik forskning vil kanskje kunne ha ein viss verdi som ei form for trusselvurdering og ikkje berre som ei historisk oversikt. Det er ei viktig avgrensing med slik forskning. Dette kan samanliknast med å køyre bil ved å sjå i

bakspegelen. Ein ser kvar ein har køyrt tidligare, men ikkje kva som ventar lenger framme i vegen.⁴⁶ Ein vil ikkje kunne føresjå noko nytt – noka endring. Det ein veit sikkert, er at ting endrar seg. Men med tanke på alle dei 290 hendingane som er kartlagde i studien, og som ser ut som former for politisk vald, ville eit slikt forskingsarbeid vere svært ressurskrevjande.

Sjølv om studien skal vere ugradert, har mykje av valden vore så ekspressiv at det burde vere gode moglegheiter til å finne mange av hendingane innanfor terrorisme og politisk vald i mediekjelder eller andre opne kjelder.

7.8 Bruk og tolking av kapittel 18 i straffelova av 2005 i framtida

Noreg har som nemnt hatt få reine terrorhendingar etter den avgrensinga som problemstillinga set, slik fenomenet blir tolka i studien. Fram til 22.07.2011 hadde det heller ikkje vore tap av menneskeliv som følgje av slike hendingar i denne perioden. Før 22.07.2011 skreiv oppgåveskrivaren i konklusjonen sin: «Det vil vere overraskande om ein ikkje også i Noreg vil kome til å oppleve terrorhandlingar som fører til tap av menneskeliv.» Ein kan nok seie at dette ikkje var ein særleg dristig prediksjon, men nokså sjølv sagt, men spådommen vart diverre altfor sann med massakren på Utøya og i regjeringskvartalet.

Som det er poengtert, er forståinga av eit sosialt fenomen farga av den som tolkar. Det gjeld også samfunnsvitskaplege og juridiske definisjonar. Forståinga av terrorhandling i kapittel 18 i straffelova av 2005 er difor avhengig av den som skal tolke lovføresegna, det vil seie dommarar, påtalejuristar og advokatar.

Eit viktig element i mange terrorismedefinisjonar er bruken av frykt for å oppnå ein politisk gevinst. Frykt vil påverke tolkinga av ei handling fordi det rører ved sterke kjensler, og det er vanskeleg å halde slike kjensler unna. Det vil setje krav til tolkinga av handlingar i domstolane og påtalemakta i lys av kapittel 18 i straffelova av 2005. Drapa på Utøya og i regjeringskvartalet er så altfor gode døme på ein politisk strategi som spelar på frykt. I media har det alt kome fleire utsegner som tek til orde for å bruke det einaste kapittelet i straffelova av 2005 som er tredd i kraft – kapittel 16 «Folkemord, forbrytelse mot menneskeheten og krigsforbrytelse». Kapittelet har ei øvre strafferamme med fengsel i inntil 30 år, og det er nok grunnen til utsegnene i media om å bruke dette kapittelet. Oppgåveskrivaren er som nemnt ikkje jurist, men vågar seg på eit vurdering av drapa på Utøya og i regjeringskvartalet sett i forhold til kapittel 16. Det ville ha vore overraskande om intensjonen frå lovgjevaren var å ramme terrorhendingar, som denne massakren, særleg sidan terrorhendingar og terrorrelaterte hendingar har eit eige kapittel i straffelova av 2005.

⁴⁶ Tore Bjørge. Samtale 21.09.2011.

Kapittel 18 rom gjev for mykje tolking av korleis ein skal forstå terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar. Liten rettspraksis i bruk av straffelova av 1902 §§ 147a–c gjer at ein ikkje har sterke referansar i tolkinga. Lovforarbeida er heller ikkje særleg utfyllande for korleis definisjonen av terrorhandling eller terrorrelaterte handlingar skal forståast. Ei edrueleg tolking vil vere viktig for at domstolane ikkje skal kome i skade for å dømme nokon i verste fall til 30 års fengsel for ei handling som ikkje kjem inn under definisjonen av terrorhandling eller terrorrelatert handling i kapittel 18 i straffelova av 2005.

Litteraturliste

- Alver, B. G. & Øyen, Ø. (1997). *Forskningsetikk i forskerhverdag. Vurderinger og praksis*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Andenæs, J. (2004). *Alminnelig strafferett*. 5. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjørger, T. (1995a). *Internasjonal terrorisme: Mål og midler*. Forelesning 5. april 1995. Oslo: Forsvarets Høyskole.
- Bjørger, T. (Ed.). (1995b). *Terror from the extreme right*. London: Frank Cass.
- Bjørger, T. (1997). *Racist and Right-Wing Violence in Scandinavia: Patterns, Perpetrators, and Responses*. Doktoravhandling. Oslo: Tano Aschehoug.
- Bjørger, T. (Ed.) (2005). *Root Causes of Terrorism. Myths, reality and ways forward*. London and New York: Routledge.
- Bjørger, T. & Heradstveit, D. (1988). *Politisk vald og terrorisme i Norge*. Oslo: NUPI arbeidsnotat nr. 5.
- Bjørger, T. & Heradstveit, D. (1993). *Politisk terrorisme*. Oslo: Tano.
- Bjørger, T. & Myhrer, T.-G. (2007). *Forskningsetisk veileder for Politihøgskolen*. Versjon 1.1, 20.12.2007. Oslo: Politihøgskolen.
- Borgarting lagmannsrett. (2003). Dom 24.03.2003, nr. 02-02306 M/01 (Buskerud lagsogn).
- Engene, J. O. (1998). *Patterns of terrorism in Western Europe, 1950–1995*. Doktoravhandling. Bergen: Department of Comparative Politics, University of Bergen.
- Everett, E. L. & Furseth, I. (2008). *Masteroppgaven: Hvordan begynne – og fullføre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fangen, K. (2001). *En bok om nynazister*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fjelland, R. (1999). *Innføring i vitenskapsteori*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hague, R. & Harrop, M. (2001). *Comparative government and politics: An introduction*. Basingstoke: Palgrave.
- Halvorsen, K. (2003). *Å forske på samfunnet – en innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. 4. utg. Oslo: J.W. Cappelens Forlag as.
- Hellevik, O. [2008]. *Forskning og etterforskning – synspunkter på forskjellene i vurdering av politivold i Bergen*. Kompendium utdelt på Politihøgskolen våren 2008.
- Heradstveit, D. & Bjørger, T. (1992). *Politisk kommunikasjon: Introduksjon til semiotikk og retorikk*. Oslo: Tano.
- Hoffman, B. (2006). *Inside terrorism*. New York: Columbia University Press.

- Husabø, E. J. & Bruce, I. (ass.). (2009). *Fighting Terrorism through Multilevel Criminal Legislation: Security Council Resolution 1373, the EU Framework Decision on Combating Terrorism and their Implementation in Nordic, Dutch and German Criminal Law*. Nederland: Martinus Nijhoff publishers.
- Hålogaland lagmannsrett. (2005). Dom 23.06.2005, saksnr. 05-044483AST-HALO.
- Isungset, O. (2001). *Attentatet*. Oslo: Tiden Norsk Forlag.
- Isungset, O. (2010). *Hvem skjøt William Nygaard?* Oslo: Tiden Norsk Forlag.
- Jacobsen, Y. (2006). *Vi styrter! Øksedrama på Kato Air flight 605*. Harstad: Media Services AS.
- Johannessen, A., Tufte, P. A. & Kristoffersen, L. (2009). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. 3. utg. Oslo: Abstrakt forlag.
- Korsnes, O. (red.). (2008). *Sosiologisk leksikon*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Larsson, P. (2008). *Organisert kriminalitet*. Oslo: Pax forlag.
- Larsson, P. & Myklebust, T. (red.). (2004). *PHS Forskning 2004:2*. Rapport. Organisert og økonomisk kriminalitet: myter og realiteter. Oslo: Politihøgskolen.
- Lippestad, G. (24. juli 2011). NRK P1. Oslo.
- Lippestad, G. (26. juli 2011). NRK Nyheter. Oslo.
- Mjeldheim, L. (1973). *Det politiske system*. Bergen: Aschehoug.
- Myhrer, T.-G. (2008). Ny straffelov. *Jussens Venner*, vol. 43.
- NESH (Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora). (2006). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*.
- Nordenhaug, I. & Engene, J. O. (2008). *Norge i kamp mot terrorisme*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Oslo tingrett. (25.07.2011). *Rettsbok. Saksnummer 11-119207ENE-OTIR/03*. Oslo.
- Ot.prp. nr. 61 (2001–2002) *Om lov om endringer i straffeloven og straffeprosessloven mv. (lovtiltak mot terrorisme – gjennomføring av FN-konvensjonen 9. desember 1999 om bekjempelse av finansiering av terrorisme og FNs sikkerhetsråds resolusjon 1373 28. september 2001)*. Det kongelige Justis- og politidepartement. *Skal det vere eit innrykk her?*
- Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) *Om lov om straff (straffeloven)*. Det kongelige Justis- og politidepartement.

- Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) *Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv. (skjerpene og formildende omstendigheter, folkemord, rikets selvstendighet, terrorhandlinger, ro, orden og sikkerhet, og offentlig myndighet)*. Det kongelige Justis- og politidepartement.
- Petrakis, G. J. (2001). Organised Crime and the Financing of Terrorist and Guerrilla Movements. I: A. P. Schmid (Ed.), *Countering Terrorism through International Cooperation*. Milan: ISPAC.
- Politidirektoratet. (2010). *Politiets bekjempelse av kriminelle MC-gjenger i perioden 2011 til 2015*. POD-publikasjon nr. 2010/15.
- Politi-loven. (1995). *Lov om politiet (politi-loven) av 4. august 1995 nr. 53*.
- Porta, D. D. (1995). *Social movements, political violence, and the state: A comparative analysis of Italy and Germany*. New York: Press Syndicate of the University of Cambridge.
- Riches, D. (Ed.). (1986). *The Anthropology of Violence*. Oxford: Basil Blackwell.
- Romarheim, A. G. (2005). *Hvor hender det?* Nr. 11. 28. november 2005. NUPI (Norsk utenrikspolitisk institutt).
- Schmid, A. P. & Jongman, A. J. (2008). *Political Terrorism*. Third paperback printing. New Brunswick (U.S.A.) and London (U.K.): Transaction Publishers.
- Sikkerhetsloven. (1998). *Lov om forbyggende sikkerhetstjeneste av 11. april 1998 nr. 10*.
Henta frå <http://lovdata.no/all/nl-19980320-010.html>
- St.meld. nr. 104 (1977–78) *Kriminalmeldingen*.
- Straffeloven. (1902). *Almindelig Borgerlig Straffelov (Straffeloven) av 22. mai 1902 nr. 10*.
- Straffeloven. (2005). *Lov om straff (straffeloven) av 20. mai 2005 nr. 28*.
- Sætre, M. (2007). *Analyser av kriminalitet: En innføring i data og metoder i samfunnsvitenskapelige og strategiske kriminalanalyser*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode*. 3. utg. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke.
- Tønnessen, T. H. (2008). «*We have some planes.*» *Luftfarten som terrormål*. FFI-rapport 08/00157, 18. januar 2008. Forsvarets forskningsinstitutt (FFI).
- Vedal, J. C. (2009). *Skyldkravet i norsk terrorlovgivning*. Masteroppgåve i rettsvitenskap. Tromsø: Universitetet i Tromsø, Det juridiske fakultetet.

Yin, R. K. (2009). *Case Study Research: Design and Methods*. 4th ed. California: SAGE Publications, Inc.

Øverland, S. (2011, 29. juli). NRK P3. Intervju med psykolog Svein Øverland. Oslo.

Informantar som det er vist til i studien

Bjørge, Tore. Professor ved Politihøgskolen. E-post 21.10.2010. E-postkorrespondanse 31.03.2011. Samtale 20.09.2011 og 21.09.2011.

Engene, Jan Oskar. Førsteamanuensis i samanliknande politikk, Universitetet i Bergen. Intervju 10.09.2009. E-postkorrespondanse 29.09.2011.

Erstad, Jan Erik. Lagdommar ved Gulating lagmannsrett. Samtale 21.06.2010.

Fornebo, Geir. Førstestatsadvokat ved Nordland statsadvokatembete. Intervju 19.05.2011.

Grimstveit, Torgeir. Pelsdyrgardeigar. Intervju 14.02.2010.

Isungset, Odd. Forfattar og frilansjournalist. Intervju 15.09.2010.

Kostveit, Odd. Politiadvokat ved Telemark politidistrikt. Intervju 11.03.2010.

Lefdal, Roger. Politiførstebetjent ved Hordaland politidistrikt. Intervju 18.02.2010.

Losnegård, Svein Bjørn. Seksjonsleiar ved Ungdomsseksjonen, Bergen sentrum politistasjon. Intervju 09.07.2010.

Lothe, Lars Morten. Politioverbetjent ved Bergen Vest politistasjon, tidlegare politijurist. Samtale 12.07.2011.

Mathisen, Gjermund. Politijurist. Intervju 09.06.2010.

Myhrer, Tor-Geir. Professor ved Politihøgskolen. Intervju 22.04.2010. Telefonsamtale 12.07.2011.

Nordstrand, Nils. Orlogskaptein i Sjøforsvaret. Samtale 08.05.2011.

Nysæter, Knut Fredrik. Politioverbetjent og avdelingsleiar ved Oslo politidistrikt. Intervju 25.08.2010 og 16.09.2010.

Ottesen, Reinert Møster. Politiadvokat og etterforsningsleiar ved KRIPOS. Intervju 15.06.2011.

Tveit, Asbjørn. Medeigar i bedrifta Jakob Tveit AS. Intervju 19.02.2010.

Personar som ein har hatt kontakt med, utan at dei er nemnde direkte i teksten

Bokhari, Laila. Forskar ved NUPI. Intervju 17.12.2009.

Dyrendal, Asbjørn. Religionshistorikar og førsteamanuensis ved Institutt for arkeologi og religionsvitenskap på NTNU. Intervju 03.02.2011.

Liland, Per. Pensjonert politiførstebetjent ved Hordaland politidistrikt. Intervju 14.07.2010. Lund, Torstein. Politiets Sikkerhetstjeneste ved Hordaland politidistrikt. Intervju 25.09.2009.

Martinsen, Vegar. Politioverbetjent ved Seksjon for organisert kriminalitet, Oslo politidistrikt. Intervju 16.09.2010.

Tønder, Finn. Journalist i Bergens Tidende. Intervju 07.10.2010.

Weisæth, Lars. Professor og psykoanalytiker ved Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. Samtale 10.12.2010.

Nettsteder

Boarding.no. (2011). 25 år siden Norges første flykapring. Lasta ned 13.03.2011 frå <http://www.boarding.no/art.asp?id=42199>

Dyrenes FrigjøringsFront. (2010). Argumentsamling. Lasta ned 03.02.2010 frå <http://www.dyrenesfrigjoringsfront.com>

Norskgøy's Blog. (2011). Anders Behring Breikvik – Manifest. Lasta ned 25.07.2011 frå <http://norskgoy.wordpress.com/2011/07/23/anders-behring-breivik-manifest>

NRK Skole (2010). Samleside om personen William Nygaard. Lasta ned 04.09.2010 frå <http://www.nrk.no/skole/sok?query=william+nygaard>

Store norske leksikon. (2011). flykapring. Lasta 06.06.2011 frå <http://www.snl.nolflykapring>

Sjølve oppgåva inneheld 41 776 ord.